**Samnanger kommune**

# Møteinnkalling

**Utvalg:** Kontrollutvalet
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
**Dato:** 13.05.2019
**Tidspunkt:** 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

**Saksliste**

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| PS 13/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 14/19 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte | | |
| PS 15/19 | Årsrekneskap 2018 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet | | 2016/38 |
| PS 16/19 | Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen | | 2018/7 |
| PS 17/19 | Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen | | 2014/240 |
| PS 18/19 | Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen | | 2014/240 |
| PS 19/19 | Psykisk utviklingshemma i kommunen - orientering frå rådmannen | | 2014/240 |
| PS 20/19 | Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Samnanger kommune | | 2016/79 |
| PS 21/19 | Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune | | 2016/98 |
| PS 22/19 | Revisjonsplan 2019 for Samnanger kommune | | 2016/38 |
| PS 23/19 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | | 2015/133 |
| PS 24/19 | Referatsaker | | |
| RS 3/19 | Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019 | | 2019/13 |
| RS 4/19 | Utvalet sitt kvarter | | 2014/240 |
| PS 25/19 | Eventuelt | | |

**PS 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 14/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/38-62

Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 15/19 | 13.05.2019 |

# Årsrekneskap 2018 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet

***Bakgrunn***

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

**Drøfting:**

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 08.04.19. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 159.423.288 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 1.260.328. Revisjonsmeldinga er å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding når det gjeld konklusjonar om framstilling av den finansielle stillinga og for resultat, registrering og dokumentasjon av årsrekneskapen.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 9, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.

Av rekneskapen for 2018 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 3 141 013 dvs. netto resultatgrad på 1,38 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 2,5 % i 2018. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet justert ned til 1,75%.

For Samnanger kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2014 ( - 1,66 %) og 2015 ( - 0,4 %), 2016 ( + 1,97 %), 2017 (+2,66 %) og 2018 (+1,38%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2018 ligg noko under tilrådinga frå TBU, og under landsgjennomsnittet. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekka. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.




Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2018:

*«Året 2018 vart eit greitt økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 3,1 millionar kroner, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Einingane har vist veldig god budsjettdisiplin, noko som viser igjen på resultatet.*

*Kommunane i Norge har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 3,7 % frå 2017. Det meste av skatteveksten har, som i 2017,og samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytte som fylgje av skattereforma. Denne meirskatteveksten vil venteleg ikkje påverke det langsiktige inntektsnivået for kommunesektoren. I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og enda med ein nedgang på 1,8%. I budsjettet for 2018 var det lagt til grunn ein auke og samanlikna med opphavleg budsjett fekk kommunen eit avvik på 5,6 mill kroner. Fordi veksten på landsbasis var betre enn for Samnanger kommune, er det meste kompensert som inntektsutjamning. Kommunen fekk 4,9 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett.....»*

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn tilsvarande 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarande 91,7 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har såleis ei ganske høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Lånegjelda var svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar i 2015, med 107,7%. Den har vore ganske høg etter det, men monaleg lågare enn «rekordåret» 2015.

Tilsvarande er disposisjonsfondet (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) på 3,3 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Samnanger kommune har såleis ikkje eit tilfredstillande nivå i 2018 på disposisjonsfondet, sjølv om det er styrka i 2018 samanlikna med året før.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Konstituert rådmann, saman med sektorleiarane og økonomisjef har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2018. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»*

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det i det alt vesentlege er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova, men at ein ikkje kan sjå at diskriminering er omtalt noko særleg.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- netto driftsresultat
- uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- kommunen si lånegjeld
- disposisjonsfondet

**Oppsummering / konklusjon:**

Sekretariatet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2018 er positivt. Resultatet ligg likevel litt under TBU sine tilrådingar, og det ligg under gjennomsnittet i landet.

Samnanger kommune har ikkje eit tilfredstillande nivå i 2018 på disposisjonsfondet, sjølv om det er styrka i 2017 samanlikna med året før.

Kommunen har ei lånegjeld tilsvarande 91,7 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har såleis ei ganske høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Lånegjelda var svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar i 2015, med 107,7%. Den har vore ganske høg etter det, men monaleg lågare enn «rekordåret» 2015.

Årsmeldinga for 2018 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap 2018.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 07.10.19. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg
1 Uttale frå kontrollutvalet om Årsrekneskap 2018 for Samnanger kommune
2 Årsmelding og årsrekneskap 2018 for Samnanger kommune
3 Revisjonsrapport nr 9
4 Revisjonsmelding 2018

**Til Samnanger kommune v/ kommunestyret**

**ÅRSREKNESKAP 2018 FOR SAMNANGER KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.**

Kontrollutvalet har i møte 13.05.2019, handsama Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2018.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Av rekneskapen for 2018 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positiv med kr. 3.141.013, dvs. netto resultatgrad på 1,38 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 2,5 % i 2018. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2018:

*«Året 2018 vart eit greitt økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot pa om lag 3,1 millionar kroner, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Einingane har vist veldig god budsjettdisiplin, noko som viser igjen på resultatet.*

*Kommunane i Norge har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 3,7 % frå 2017. Det meste av skatteveksten har, som i 2017,og samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytte som fylgje av skattereforma. Denne meirskatteveksten vil venteleg ikkje påverke det langsiktige inntektsnivået for kommunesektoren. I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og enda med ein nedgang på 1,8%. I budsjettet for 2018 var det lagt til grunn ein auke og samanlikna med opphavleg budsjett fekk kommunen eit avvik på 5,6 mill kroner. Fordi veksten på landsbasis var betre enn for Samnanger kommune, er det meste kompensert som inntektsutjamning. Kommunen fekk 4,9 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett.....»*

Kontrollutvalet har merka seg at det er levert ei såkalla «rein» revisjonsmelding. Opplysningane i revisjonsrapport nr. 9 er ikkje så alvorlege at dei medfører atterhald eller presisering i revisjons – meldinga. Dette kjem mellom anna fram i revisjonsrapport nr. 9: *«Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjons-meldinga vår.»* Kontrollutvalet vil rå til at kommunen prioriterar å setje fokus på forbetringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det i det alt vesentlege er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova, men at ein ikkje kan sjå at diskriminering er omtalt noko særleg.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

**Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2018 er positivt. Resultatet ligg likevel noko under TBU sine tilrådingar, og det ligg under gjennomsnittet i landet.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 9 må følgjast opp.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2018 framleis er ganske høgt, og at disposisjonsfondet er svakt.
- Årsmeldinga for 2018 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 08.04.2019 og revisjonsrapport nr. 9, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2018.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune 13. mai 2019.

Brigt Olav Gåsdal
-Kontrollutvalsleiar-

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.

# Årsmelding 2018



*Frå sommarklubben.*

Samnanger kommune

*– der du vil leva og bu –*

# Innhald

Rådmannen har ordet side 3

Driftsrekneskapen 2018 side 10

Vedlegg: Rekneskap 2018 side 27

Samfunn og utvikling side 32

- Teknisk forvaltning
- Teknisk drift
- Kultur

Helse og omsorg side 46

- Sjukeheim
- Heimetenesta
- Funksjonshemma
- NAV
- Helse

Oppvekst side 67

- Barnehagane (Vassloppa og Dråpeslottet)
- Samnanger barneskule
- Samnanger ungdomsskule

Investeringar 2018 side 77

# RÅDMANNEN HAR ORDET

Året 2018 vart eit greitt økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 3,1 millionar kroner, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Einingane har vist veldig god budsjettdisiplin, noko som viser igjen på resultatet.

2018 har vore eit år der me har sett ekstra stort fokus på å auka kompetansen i alle ledd men spesielt på leiarane, hovudtillitsvalde og hovudverneombod med følgjande heildagskurs:

- Sjukefråversoppfølging, lovar og reglverk.
- Hovedtariffavtalen
- Hovedavtalen
- Etikk
- Den vanskelege samtalen

Me har vore så heldige å få eksterne bidragsytarar frå Bergen kommune til å halda desse kursa. I tillegg har me kjøpt kurshaldar frå Infotjenester til sjukefråværsoppfølging, lovar og regelverk.



Me har og hatt mykje fokus på ulike område som er kort nevnt under:

- Verdiprosjekt (kultur).
- Sjukefråværsprosjekt.
- Meir bruk av Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH).
- Kvalitetsdialog 2018.
- IKTNH outsourcing av drifta.
- Psykolog på plass.
- PPT innsourcing frå Vaksdal kommune.
- Auka bemanning sørvissenteret.
- Fjornes-rapport.
- Tett samarbeid med fagforeininga og vernetenesta.
- Faktor 10, medarbeiderundersøking.
- Innfører mykje nytt ift rutinar etc på løn og personal.
- Jobbar tett med Bergen kommune ift digitalisering.
- Budsjett 2019.

I tillegg har me hatt forvaltningsrevisjon på innkjøp der Deloitte har revidert våre rutinar og retningsliner opp mot kva me faktisk gjer, her har me fått tilbakemeldingar på område me kan forbetra oss på, dette er allereie tatt til etterretning og gjennomført.

Frå tidleg haust fekk me elektronisk avvikssystem opp å gå. Me har brukt ein del tid på tilgangar, kursing og opplæring. Det tek tid å få alle til å bruka dette og me ser at enkelte einingar er flinkare enn andre til å ta det i bruk, dette vil me ha stort fokus på vidare framover.

Hausten gjekk i stor grad med til budsjettarbeid og planlegging av satsingsområda i 2019. Me hadde inne ein ekstern konsulent som såg på organisasjonen vår ift å sjå på om det var område me kunne ha arbeida annleis og smartare på ift bla logistikk. Me fekk ut ein rapport som sa noko om kor dette kunne vera med å dra ned kostnadane våre utan at me skulle måtta jobba kjappare og det gjekk ut over dei tilsette.

Tidleg i 2018 starta me prosjekt Sjukefråvær, dette var retta mot å jobba aktivt mot å få ned sjukefråværet. Utgangspunktet var at me har eit høgt sjukefråvær i enkelte einingar medan i andre var det mykje lågare. Ein av dei fyrste tinga var at me kopla det opp mot leiarutviklinga, og då starta me med å henta inn Berit Stokstad frå Infotjenester AS som heldt eit kurs i Sjukefråværsoppfølging, lovar og reglar knytta til dette. Nesten alle einingsleiarar saman med hovudtillitsvalde og hovudverneombod var og til stades. Dette var eit særs vellukka kurs som gav leiarane både kunnskap og tryggleik til å ha eit ekstra stor fokus på dette framover.

Allereie frå mars av såg me resultat av fokuset, sjå tabell under som syner året sett under eitt:

| **TOTALT PR. ÅR** | | | |
|---|---|---|---|
| | Under 16 dagar | Over 16 dagar | **Totalt sjukefråvær** |
| **2017** | 1,73 % | 5,93 % | **7,7 %** |
| **2018** | 1,34 % | 5,34 % | **6,7 %** |

| **Fråvær pr. eining** | Korttid | | Langtid | | **Totalt fråvær** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 |
| Administrasjonen | 0,83 % | 1,71 % | 0,04 % | 2,64 % | 0,87 % | 4,35 % |
| Barneskulen | 1,44 % | 1,25 % | 7,14 % | 6,00 % | 8,58 % | 7,26 % |
| Ungdomsskulen | 1,78 % | 0,77 % | 1,44 % | 5,50 % | 3,22 % | 6,27 % |
| Barnehagane | 1,92 % | 1,83 % | 11,9 % | 10,6 % | 13,78 % | 12,46 % |
| Sjukeheimen | 1,82 % | 1,15 % | 7,25 % | 4,30 % | 9,07 % | 5,45 % |
| Heimetenesta | 2,56 % | 1,74 % | 8,12 % | 9,04 % | 10,68 % | 10,79 % |
| Funksjonshemma | 1,29 % | 1,05 % | 1,97 % | 0,55 % | 3,26 % | 1,59 % |
| Helse | 2,08 % | 0,68 % | 3,79 % | 3,67 % | 5,87 % | 4,35 % |
| NAV | 3,15 % | 0,00 % | 5,24 % | 1,13 % | 8,39 % | 1,13 % |
| Teknisk forvaltning | 3,16 % | 1,80 % | 5,53 % | 2,98 % | 8,69 % | 4,78 % |
| Teknisk drift | 0,85 % | 1,10 % | 2,64 % | 2,30 % | 3,49 % | 3,40 % |
| Kultur | 1,14 % | 0,41 % | 0,66 % | 0,00 % | 1,80 % | 0,41 % |

Som me ser av tala så har administrasjonen ein stor auke av fråvær, her er me få tilsette, noko som gjer at det prosentvis slår kraftig ut berre med eitt fråvær. Me slit mest med å få ned sjukefråværet i einingane barnehage og heimeteneste. I barnehagen er det starta eit prosjekt der me har fått støtte på kr 200 000,- frå KLP til å jobba konkret med å få ned sjukefråværet.

På Samnangerheimen har det vore jobba særdeles godt med sjukefråværet blant anna med å ha det oppe som tema på kvart personalmøte, einingsleiar har strekt seg langt ift å leggja til rette for den enkelte og følgt opp tett heile vegen. I tillegg ser me at på NAV har me fått stor reduksjon i både korttids- og langtidsfråværet.

Det som er gledeleg er at me har eit jamt over lavt korttidsfråvær, noko som viser til at me jamt over har eit godt arbeidsmiljø, noko som igjen viser til Faktor 10 undersøkinga me gjennomførte i haust.




**Likestilling**
Det er stor overvekt av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Med nokre få unnatak, gjeld dette for alle einingane. Kommunen har ikkje konkrete målsettingar eller tiltaks-/handlingsplan knytt til å få ein jamnare kjønnsbalanse i einingane.

Kommunen har ikkje arbeidd systematisk med å kartleggja eventuelle skilnader mellom kvinner og menn med omsyn til løn eller andre arbeidsvilkår. Det er likevel klart at omfanget av deltidsarbeid er vesentleg større blant kvinner enn menn i kommunen. Dette gjeld truleg òg omfanget av uønska deltid.

**Bedriftshelseteneste**
Samnanger kommune kjøpte i 2018 bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse1, på same måte som dei føregåande åra. Den samla kostnaden i 2018 var om lag 92 000 kroner. Kjøp av bedriftshelsetenester omfattar mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking på møte i arbeidsmiljøutvalet.

**Lokale lønsforhandlingar**
Det vart i 2018 berre gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 3 og 5 i hovudtariffavtalen. Det vart ingen brot i forhandlingane.

Det vart i 2018 ikkje gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i hovudtariffavtalen. Årsaka er at dei sentrale tariffpartane ikkje sette av midlar til dette i hovudtariffoppgjeret.

**Fellesarrangement for tilsette  -  bruk av velferdsmidlar**
Det var sett av 40 000 kroner til velferdstiltak for tilsette i 2018. Det vart gjennomført eitt fellesarrangement for tilsette. Dette var haustfest i Nordbygda grendahus 21.09.2018, med underhaldning ved Halvor Haukerud frå «Motarbeider».




**Internkontroll og etikk**
Det går fram i § 48 i kommunelova at det i årsmeldinga skal "redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten."

Kapittel 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde.

I tillegg til dei etiske prisnippa har Samnanger kommune òg retningslinjer og rutinar for ein del område, for å sikra god kontroll og redusera risikoen for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut anten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert nok lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Dette gjeld mellom anna fordi lova i ein del høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan og reglane føra til òg at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester.
I regi av kontrollutvalet vart det i 2018 gjennomført forvaltningsrevisjon på innkjøp i kommunen. I etterkant av dette vart det gjennomført nokre tiltak innanfor innkjøpsområdet, mellom anna vart kommunen sitt innkjøpsreglement revidert hausten 2018.

Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er og eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.

## Økonomikontoret
Økonomikontoret hadde 1,9 årsverk i 2018, fordelt på tre tilsette (økonomisjef 100%, konsulent 75% og sekretær 15%). Dette var same bemanning som i 2017.

Det var planlagt å styrka økonomikontoret med ei ekstra stilling (controller/rådgjevar) hausten 2018, men dette vart ikkje gjennomført. Den ledige stillingsheimelen vil i staden bli brukt til å oppretta stilling som rådgjevar (jurist) ved rådmannskontoret i 2019.

Økonomikontoret har frå hausten 2016 mellombels overteke løns- og personalkontoret sitt ansvar for sjukefråværsregistrering og innkrevjing av sjukepengerefusjonar m.m. frå NAV. Dette er ei relativt stor tilleggsoppgåve, som økonomikontoret truleg kjem til å behalda fram til hausten 2019.

## Sørvissenteret

Den faste bemanninga ved sørvissenteret er 2,85 årsverk. Kommunestyret gjorde i junimøte (KS-sak 023/18) vedtak om tilleggsløyving på 100% stilling i inntill eitt år med verknad frå sommaren 2018. I praksis vart det berre sett inn 55% ekstra resursar frå september.

**Avdelinga sine hovudmål / satsingsområde - måloppnåing**



Sørvissenteret heldt i 2018 fram arbeidet med å henta inn arkiv/arkivmateriale frå einingane, og rydda og systematisera dette. Dette er eit svært omfattande arbeid, som vil måtte fortsetja i fleire år framover. Arbeidet omfattar alle fagsystem og alle sak-/arkivsystem i alle einingar og avdelingar i kommunen.
Dette utgjer omlag 400 hyllemeter papirbasert arkivmateriale. I tillegg vart det arbeida med å få overført elektroniske arkivdump frå avslutta fagsystem til Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH).

Kommunen sitt arkiv- og saksbehandlingssystem (Acos Websak) vart oppgradert til ny versjon juni 2018. I den samanhang vart sak/arkivsystemet fulleklektronisk og KS SvarUt og SvarInn vart innført i Acos Websak. Alle fagsystem og system som ikkje har Noark-kjerne er fremleis papirbaserte.

**Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**

Mangel på eigna arkivlokale er ei stor utfordring for sørvissenteret. Ved daglegarkivet er det både plassmangel og manglande tryggleik mot mellom anna brann og innbrot. Sørvissenteret har òg mangel på depotplass til lagring av eldre arkivmateriale (bortsetjingsarkiv/spesialrom for arkiv), fordi det noverande bortsetjingsarkivet er fullt. Det må gjerast investeringar knytt til arkivlokale i åra som kjem. I tillegg vil det truleg vera behov for at kommunen leiger meir plass til lagring av arkivmateriale hos Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH). Då både for papirarkiv og for digitalt arkiv.

Kommunen har frå juni 2018 fullelektroniske arkivdelar i Acos Websak (sentralarkiv, elevarkiv, personalarkiv og eigedomsarkiv). Det er mange ulike fagsystem i bruk i kommunen og dei tilhøyrande arkiva er framleis på papir.

Overgang til papirlaust arkiv, papirlaus saksbehandling og digitale løysingar for innbyggjarar/publikum må vera satsingsområde for kommunen. I kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2018 vart det sett av midlar til nokre tiltak knytt til dette, men det vil vera behov for ytterlegare midlar i åra som kjem.

## Løns- og personalkontoret

Den faste bemanninga ved løns- og personalkontoret er 2,0 årsverk. Stillingsramma måtte aukast i delar av 2018, på grunn av stort arbeidspress ved kontoret. Det vart tilsett ny leiar for kontoret i 2018.

På same måte som dei føregåande åra, var 2018 eit utfordrande år for løns- og personalkontoret. Arbeidsmengda ved kontoret er stor, med mange faste oppgåver som ikkje kan forskyvast/utsetjast (lønsutbetalingar, refusjonsinnkrevjing, rapporteringar m.m.). I tillegg kjem diverse andre oppgåver der omfanget varierer, mellom anna tilsetjingssaker, personalsaker, prosjektarbeid, ansvar for leiaropplæring, oppfølging av sjukemelde og hjelp/rådgjeving til einingane.

Det har i fleire år vore utfordringar knytt til kommunen sitt lønssystem, som vart teke i bruk i 2012. For mykje av arbeidstida ved løns- og personalkontoret går med til «unødvendig» arbeid knytt til lønssystemet, spesielt teknisk arbeid/systemarbeid relatert til vedlikehald, oppdateringar og feilsøking.



**Av viktige hendingar i 2018 kan me nevna spesielt**:

- Vedtak om å byggja Skottabakken.
- Me gjennomførte kvalitetsdialog saman med politikarane
- Vedtak om å gjennomføra ny gransking på 3 barneversaker
- Gjennomført moglegheitsstudie idrettshall
- Vedtak om å overføra IKT drifta til IKTNH
- Endeleg vedtak kommuneplanen arealdel Børdalen
- Gjennomgang av drifta vår- Fjornesrapport
- Moglegheitsstudie veg Hagabotnane
- Samningaveka
- Innmelding i Kystsogevekene
- Frivilligsentralen gjennomførte sommarleir for born og mange andre kjekke aktivitetar













Det er viktig for rådmannen å retta **ein uendeleg stor takk til kvar og ein tilsett i kommunen** for den formidable jobben dei alle har vore med på i 2018.

Me har ein liten administrasjon som kun tel ca 12 personar når me rundar 2019 som står på kvar einaste dag frå tidleg til ofte langt på kveld for å gjera vårt ytterste for at me skal leggja tilrette for at innbyggjarane, som er våre kundar, skal få gode tenester. Tusen takk til kvar og ein av dåke. Tilbakemeldingane frå innbyggjarane våre er stort sett veldig gode. Me har på det jamne gode tenester i alle einingar, men me legg oss ikkje bakpå av den grunn, og leitar kontinuerleg etter område me kan verte ytterlegare betre på.



*Foto: Inge Aasgaard*

# FAKTA OM DRIFTS-REKNESKAPEN

**Overskot:**
Kr 1 260 328,45

**Netto driftsresultat:**
Kr 3 141 012,89

**Disposisjonsfond:**
Kr 7 620 024,15

**Netto overskot i % av brutto driftsinntekter:**
1,38 % (budsjettmål 0,74 %)

**Driftsinntekter:**
Kr 228,38 mill

**Driftsutgifter:**
Kr 226,44 mill

**Lånegjeld:**
Kr 228,9 mill

# DRIFTSREKNESKAPEN 2018

Kommunen hadde i 2018 eit mindreforbruk på kr 1 260 328,45. Det er netto sett av kr 1 791 159,55 til disposisjonsfondet i 2018.

Samanlikna med opphavleg budsjett kan me oppsummert seia at overskotet skuldast:

(Eit tal i + er lågare inntekter eller auka utgifter)

| | |
|---|---|
| Skatt, ramme og inntektsutjamning | + 0,6 mill kroner |
| Eigedomsskatt | + 0,4 mill kroner |
| Einingane | + 2,0 mill kroner |
| Havbruksfond | - 2,3 mill kroner |
| Konsesjonskraft | -2,4 mill kroner |
| Netto auke avsett til disposisjonsfond | + 0,9 mill kroner |
| Kalk.rente og avskr. sjølvkost | - 0,5 mill kroner |

| Skatt og rammeinntekt | Skatt | Ramme | Sum |
|---|---|---|---|
| Opphavleg budsjett | -71 117 | -82 609 | -153 726 |
| Revidert budsjett | -65 567 | -87 284 | -152 851 |
| Rekneskap | -65 455 | -87 660 | -153 116 |
| Avvik mot opphavleg budsjett | 5 662 | -5 051 | 610 |
| Avvik mot revidert budsjett | 112 | -377 | -265 |

*Tal i heile tusen. Eit tal i + er lågare inntekt*

Kommunane i Norge har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 3,7 % frå 2017. Det meste av skatteveksten har, som i 2017, og samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytte som fylgje av skattereforma. Denne meirskatteveksten vil venteleg ikkje påverke det langsiktige inntektsnivået for kommunesektoren.

I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og enda med ein nedgang på 1,8 %. I budsjettet for 2018 var det lagt til grunn ein auke og samanlikna med opphavleg budsjett fekk kommunen eit avvik på 5,6 mill kroner.

Fordi veksten på landsbasis var betre enn for Samnanger kommune, er det meste kompensert som inntektsutjamning. Kommunen fekk 4,9 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett. Kommunen fekk og auka skjønsmidlar (generell fordeling) og tilskot til taksering av verk og bruk som næring med kr 157 183.

Kommunen sin skatteinngang, som inkluderer naturressursskatten, er på 86,6% av landsgjennomsnittet. Inkludert inntektsutjamninga er kommunen på 94,7 % av landsgjennomsnittet. Tilsvarande tal for 2017 er 90 % og 94,7 %.

Rammetilskotet (utanom inntektsutjamning) var i 2018 på 81,56 mill kroner. Dette er ein reduksjon på 0,23 mill kroner samanlikna med 2017. I 2017 fekk kommunen 1 mill kroner i ekstra skjønsmidlar knytt til barnevern. Justert for den ekstra løyvinga i 2017 er den prosentvise auken er på 0,95 %, noko som er lågare enn deflatoren (pris- og kostnadsvekst) på 2,6 % som var lagt til grunn i statsbudsjettet og rev. statsbudsjett for 2018.

Samanlikna med 2017 fekk kommunen 1,52 mill. kroner meir i inntekter frå ramme og skatt. Dvs ein auke på 0,76 %. Justert for ekstra skjønsmidlar i 2017 er auken på 1,43%. I 2017 var auken på 4,4 mill. kroner.

## Finansielle nøkkeltal

Det var tidlegare tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3% av driftsinntektene. Frå 2014 vert investeringsmoms direkte inntektsført i investeringsrekneskapen. Dette gjer at det anbefalte kravet no er på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møta mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av.

Samnanger har i 2018 eit netto driftsresultat på 1,38 % av brutto driftsinntekter. Dette er betre enn det som låg inne i budsjettet.




### Sektorane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. eining summert pr. sektor. Eit tal i pluss er eit meirforbruk (underskot). Avvik er vist i kroner og % i forhold til revidert budsjett.

Totalt har sektorane og rådmannskontoret inkl. barnevern og næring (konsesjonskraft) eit mindreforbruk på 0,58 mill kroner i forhold til revidert budsjett. Innsparinga er i hovudsak knytt til

utsett oppstart IKT-samarbeid og innsparing på ungdomsskulen. Inntekt frå konsesjonskraft vart kr 112 000 meir enn i rev. budsjett og 2,4 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett. Den høge prisen på straum gav utslag både på inntektssida og på utgiftssida.

I forhold til opphavleg budsjett har einingane brukt ca 2 mill kroner meir enn budsjettert. Inntekt frå konsesjonskraft er halden utanfor. Brøytesesongen var svært krevande og kosta ca kr 865 000, budsjettet var på kr 215 000. Utgift til straum vart kr 940 000 meir enn i opphavleg budsjett. På teknisk forvaltning vart inntekta på byggesak mm kr 550 000 lågare enn budsjettert. Sal av sjukeheimsplassar var budsjettert med 2,4 mill kroner, inntekta vart på 1,52 mill kroner. Ca 1 mill kroner er meirinntekter på opphald sjukeheim.

| Ansvar (T) | Rekneskap 2018 | Rev.budsjett 2018 | meirforbruk + | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Rådmann og administrasjon | 16 525 | 16 962 | -437 | |
| Næringsføremål | -5 370 | -5 357 | -13 | |
| Barnevern | 5 425 | 5 443 | -18 | |
| **Sum rådmann, inkl. næring og barnevern** | **16 579** | **17 048** | **-468** | **-2,75 %** |
| Skule, barnehageadm. og VO | 7 172 | 7 278 | -106 | |
| Barnehager | 15 296 | 15 291 | 5 | |
| Samnanger barneskule | 20 876 | 20 825 | 51 | |
| Samnanger ungdomsskule | 10 475 | 10 787 | -312 | |
| **Sum sektor oppvekst** | **53 819** | **54 180** | **-362** | **-0,67 %** |
| Administrasjon | 486 | 514 | -29 | |
| Tenester for funksjonshemma | 10 330 | 10 234 | 96 | |
| Sjukeheim | 21 658 | 21 628 | 30 | |
| Heimeteneste | 14 569 | 14 577 | -8 | |
| Nav og flyktningekontor | 6 863 | 7 044 | -181 | |
| Helsetunet | 11 908 | 11 807 | 101 | |
| **Sum sektor helse og omsorg** | **65 813** | **65 804** | **9** | **0,01 %** |
| Samfunn og utvikling, adm | 916 | 860 | 57 | |
| Teknisk forvaltning | 7 358 | 7 565 | -207 | |
| Teknisk drift | 13 812 | 13 357 | 455 | |
| Kultur | 6 533 | 6 592 | -59 | |
| **Sum sektor samfunn, utvikling og kultur** | **28 619** | **28 374** | **246** | **0,87 %** |
| **Sum einingane** | 164 831 | 165 406 | -575 | -0,35 % |

*(meirforbruk +/ mindreforbruk -)(tala i 1.000 kr )*

Forklaring på avvik og samanlikning med 2018 finn de under kvar einskild sektor/eining.

| Fordeling av brutto utgifter 2018 | |
|---|---|
| **Sektor/teneste** | **Prosent av totale brutto utgifter** |
| Rådmann og administrasjon inkl. næring | 8,8 % |
| Barnevern | 2,7 % |
| Sektor for oppvekst | 29,2 % |
| Sektor for helse og omsorg | 36,9 % |
| Sektor for samfunn og utvikling inkl. kultur | 20,9 % |
| Finansutgifter | 1,6 % |

**Driftsutgifter**
Korleis kommunen brukar pengane:




Den største delen av dei kommunale utgiftene er løn og sosiale utgifter, og dette utgjer heile 68,98%. I 2017 utgjorde det 68,07 %. I dette talet ligg og inntekt/ utgift knytt til premieavvik og fond.

Kjøp av vikartenester vert ført som varer/ tenester i eigen produksjon. Det hender at kommunen ikkje får tilsett i vikarstillingar og må leiga inn frå vikarbyrå i staden. I 2018 er det kjøpt inn vikartenester for totalt 1,64 mill kroner. I 2017 var summen på 2,36 mill kroner. Helse og omsorg står for 88,39 % av kjøpet (59,87 % i 2017) og barneskulen for resten.

Oversikta under viser lønsutgifter inkl sosiale utgifter korrigert for premieavvik og premiefond. Kjøp av vikarutgifter er tatt med og sjukerefusjon går til frådrag.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lønn- og vikarutgifter | 136 212 | 140 958 | 139 604 | 142 533 | 146 220 | 154 734 |
| Sjukepenger | -4 348 | -4 961 | -5 368 | -5 452 | -7 190 | -8 456 |
| Netto lønn | 131 864 | 135 997 | 134 236 | 137 081 | 139 030 | 146 278 |
| % auke | 3,8 % | 3,13 % | -1,29 % | 2,12 % | 1,42 % | 5,21 % |

*(tal i 1 000 kr)*

Kommunen hadde i 2018 ei auke i netto løn på 5,21 %. Lønsoppgjeret i 2018 var eit hovudoppgjer. Gjennomsnittleg lønsvekst i kommunen i 2018 var om lag 4,65 % (3% i 2017) (summen av sentrale og lokale lønstillegg, overheng og lønsgliding).
Kommunen har mottatt sjukerefusjon på 8,46 mill kroner. Dette er 1,2 mill kroner meir enn i 2017. Sjukefråværet er redusert frå 7,65 % til 6,68 % i 2018, 5,34 % av sjukefråveret er knytt til langtidsfråver. Både langtidsfråvær og korttidsfråvær er redusert. Det har i 2018 vore arbeidd mykje med fråvær og det har gitt resultat.

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 5,5 mill. kroner samanlikna med 2017. Korrigert for kostnadsvekst på 2,6 % (deflator i rev.statsbudsjett), er veksten på 0,1 mill. 5,7 mill kroner av auken på 5,5 mill kroner gjeld løn og sosiale utgifter. Her må me både ta omsyn til auka vikarutgifter (og sjukerefusjon) og til netto premieavvik som i 2018 auka med -3,5 mill frå 2017. (netto premieavvik er ei inntekt) . Korrigert for netto premieavvik var auken på 9,2 mill kroner ( 5,5 mill kroner justert for kostnadsvekst).

**Brutto driftsutgifter - Samnanger og samanlikning med andre**
Tabellen under viser korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2018 med kostragruppe 3 (KG 3) og kostragruppe 1 (KG 1).
"Helse og omsorg" omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter.

| | Samnanger | | | | | | KG 3 2018 | KG 1 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | | |
| Adm. og styring | 8,2 | 8,1 | 7,8 | 8,3 | 8,4 | 8,7 | 8,1 | 7,9 |
| Barnehage | 12,4 | 11,8 | 11,5 | 11,1 | 11,0 | 11,2 | 8,6 | 11,1 |
| Skule | 20,4 | 20,5 | 20,9 | 20,6 | 20,0 | 19,9 | 17,7 | 20,6 |
| Helse og omsorg | 36,0 | 36,5 | 35,6 | 34,1 | 33,9 | 33,8 | 33,0 | 34,3 |
| Sosial | 2,4 | 2,2 | 2,1 | 2,5 | 3,7 | 3,6 | 3,8 | 4,3 |
| Barnevern | 3,7 | 3,5 | 3,4 | 4,7* | 2,8 | 2,7 | 3,0 | 2,9 |
| Kultur | 2,3 | 2,2 | 2,4 | 2,4 | 2,3 | 2,7 | 3,6 | 2,4 |
| Kyrkja | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,5 | 1,0 | 1,1 |
| Næring | 0,8 | 0,6 | 0,6 | 0,9 | 1,4 | 0,7 | 3,0 | 1,5 |
| Samferdsle | 1,8 | 1,6 | 1,9 | 1,6 | 1,9 | 2,1 | 2,3 | 1,5 |
| Brann | 1,9 | 1,7 | 1,9 | 1,8 | 1,8 | 2,0 | 1,6 | 2,0 |

**Inkludert skuldig til Bufetat kr 3,5 mill.*

Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/ mangel på effektivitet.

Frå 2014 vart Samnanger flytta over i KG 3, som gjeld små kommunar som har middels bundne kostnader, men med høge frie disponible inntekter pr. innbyggjar. Kommunen si tidlegare

kostragruppe (KG 2) har middels frie disponible inntekter pr. innbyggjar. KG 1 har utgifter som i KG 2 og 3, men med låge inntekter.

Det er naturleg at KG 1 har høg prosentvis fordeling og prioritering på område som barnehage, skule og helse og omsorg. Dette er kjerneverksemda i ein kommune og med låge frie disponible inntekter vil dei i stor grad bli brukt på desse områda.

**Driftsinntekter:**
Kommunen får 64,67 % (65,36 %) av inntektene frå rammetilskot og skatt. Eigedomsskatt utgjer 5,4% (6 %) av inntektene og salsinntekter, som inkluderer konsesjonskraft, utgjer 12 % (11,6 %). (Tal for 2017 i parantes).

Kommunen sine inntekter har auka med 2,6 mill. kroner frå 2017 til 2018. Dette er ein auke på 1,18 %. Korrigert for kostnadsvekst på 2,6 % (deflator) er det reelt sett ein reduksjon på 3,2 mill kroner. I 2017 auka inntektene med 13,38 mill. kroner (6,3%).

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning har auka med 156 000 kroner, justert for kostnadsvekst er dette reelt sett ein reduksjon på 3,6 mill kroner. I 2017 fekk kommunen eit ekstraordinært skjønstilskot på 1 mill kroner knytt til barnevern. Justert for dette tilskotet er det likevel ein reduksjon i inntekt frå ramme og skatt. I tillegg vert no ein større del av skatt ført som naturressursskatt, noko som gjer at skatt vert redusert og andre overføringar aukar tilsvarande. Eigedomsskatt er redusert med 1,4 mill. kroner. Dette skuldast både redusert skattegrunnlag på kraftanlegg og at me forventar lågare inntekt på trafostasjonar og linjer som resultat av Statnett II-dommen. Takstane som vil gjelde frå og med 2018 er ikkje klare, men eit estimat er lagt til grunn. Refusjon og tilskot er redusert med 0,6 mill kroner. Her ligg mellom anna sjukerefusjon, som har auka med 1,3 mill kroner og sal av sjukeheimsplassar som er redusert med 3,2 mill kroner. Tilskot til vaksenopplæring, vidareutdanning lærarar og andre tilskot innanfor kultur vert ført her. Øyremerka tilskot som ikkje er nytta ved utgangen av 2018 er sett av på fond.

Andre overføringar har auka med 3,3 mill kroner. Ein av årsakane er omlegging av naturressursskatt som nemnt under skatt og ramme. Ei anna årsak er at kommunen i 2018 har mottatt tilskot frå havbruksfondet på 2,2 mill kroner, i 2017 var tilskotet på kr 43 000.

Salsinntektene har auka med 1,2 mill kroner. Auken er på 0,5 mill kroner korrigert for kostnadsvekst.
Sal av konsesjonskraft gav 2,3 mill kroner meir i inntekt enn i 2017. Andre inntekter har i snitt gitt lågare inntekt enn prisauken, for eks var prisane på gebyr knytt til vatn uendra i 2018.




**Frie inntekter**




Frie inntekter er inntekter som kommunane disponerer sjølv utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Inkludert her er skatt på inntekt og formue og rammetilskot. Eigedomsskatt er ikkje med. Grafen viser utvikling i dei frie inntektene i kroner pr innbyggjar dei siste 6 åra samanlikna med KG 3 og KG 1. Samnanger er plassert i KG 3, som i snitt har kr 64 028 pr innbyggjar. Samnanger har i 2018 kr 62 116 pr innbyggjar.

Dersom me ser på frie inntekter inkludert eigedomskatt, i % av brutto driftsinntekter, ser me at Samnanger har lågare andel andre inntekter, dvs at kommunen i større grad enn kostragruppe 3 og 1 har inntekta frå ramme, skatt og eigedomsskatt. Andre inntekter kan for eks. vere statlege tilskot, salgs- og leigeinntekter mm.
Samnanger får for eks. 3,1 % av driftsinntektene som andre statlege tilskot, medan kostragruppe 3 får 7,0 % og kostragruppe 1 får 5,2 % som andre statlege tilskot.

Oversikt over frie inntekter inkludert eigedomsskatt:

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samnanger** | 73,0 | 74,2 | 75,5 | 78,8 | 76,5 | 73,3 | 72,5 |
| **KG 3** | 65,5 | 64,9 | 66,3 | 65,1 | 64,2 | 63,8 | 62,0 |
| **KG 1** | 68,6 | 70,6 | 71,2 | 69,9 | 67,3 | 64,8 | 64,9 |

## Premiavvik og pensjonsfond

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.

Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (m.a. lønsvekst og pensjonsregulering).




Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betala faktura med. I 2018 vart det brukt 3,6 mill. kroner av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK. For KLP og SPK vart premieavviket positivt med 4,02 mill kroner inkl. arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2018 ei "inntekt" på 6,1 mill kroner ( 2,5 mill kroner i 2017). Dette er om lag som budsjettert.

## Finansplassering

Kommunen har pr 31.12.2018 kr 269 129,89 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Verdien av fondet har auka med kr 3 369,37 i 2018 som er ein auke på 1,27 %.

## Finansutgifter - lånegjeld og renter




*2016: byggelån 20 mill kroner betalt tilbake.*

Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste 7 åra. Grafen viser utviklinga der lånegjelda har auka frå 135 mill. kroner i 2012 til 228 mill. kroner i 2018. Av dette er 4,2 mill kroner startlån pr 31.12.2018 (2,5 mill kroner i 2017). Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2018 var på 16 mill. kroner. Av dette er 2,3 mill. kroner unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pr 31.12 ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og evt. avdrag på unytta midlar. Dei unytta lånemidlane er i stor grad knytt til forseinking i prosjekt på teknisk drift. Det er i 2018 tatt opp lån på til saman 10,46 mill. kroner, av dette er det eit startlån på 2 mill. kroner.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 3 (KG 3) der Samnanger er plassert og med kostragruppe 1 (KG 1). KG 3 er 48 små kommunar med middels bundne kostnader og høge frie disponible inntekter. KG 1 (35 kommunar) er tilsvarande KG 3, men med låge frie disponible inntekter.

I denne oppstillinga er det tatt omsyn til ubrukte lånemidlar og lån som er vidareformidla (startlån). Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka frå kr 43 465 i 2012 til kr 84 940 i 2018. I 2017 var netto lånegjeld pr innbyggjar på kr 85 635. Tilbakebetaling av byggjelån på 20 mill kroner forklarer reduksjonen frå 2015 til 2016.



I ei slik oversikt der den eine variabelen er tal innbyggjarar, vil for eks lånegjeld pr innbyggjar auke dersom tal innbyggjarar vert redusert og lånegjeld er uendra. Tal innbyggjarar var ved utgangan av 2018 på 2 465. Dette er opp to personar frå 2017. Netto lånegjeld har frå 2017 til 2018 blitt redusert med 1,5 mill kroner.

Samnanger kommune har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekka tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av kr 208 000 til evt. tap på startlån. Startlåna vert frå og med 2016 administrerte av Lindorff as.

Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatn, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte.
For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivingstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Den kalkulatoriske renta var på 2,37 % for 2018, lånerenta var ved utgangen av 2018 på ca 1,85 %.

Grafen til høgre viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og byggjelånsrente/ avdrag i investering er ikkje med. Det grafen viser tydeleg er at det er avdragsutgiftene som har auka mest. Renta på lån har dei siste åra vore låg og gjer at kommunen sine renteutgifter ikkje har auka med meir enn 1,4 mill. kroner frå 2012 til tross for at lånegjelda har auka med 93 mill. kroner i same periode. Avdragsutgiftene har auka frå 4,6 mill. kroner i 2012 til 8,3 mill. kroner i 2018. I 2018 vart det vedtatt å betale mindre avdrag enn det nedbetalingsplanen viste og avdraga vart redusert med 0,5 mill kroner.
Pr 31.12.18 er det 27,1 mill. kroner der kommunen ikkje har starta å betala avdrag.




Kommunen har betalt 0,6 mill kroner over kravet om minimumsavdrag. Kommunen ligg og over det fylkesmannen anbefalar om at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2018 ligg Samnanger på 3,7 % (3,77 % i 2017), dvs 0,45 mill. kroner over kravet.
Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det vart vedtatt å betala mindre i avdrag både i 2014 , 2015, 2016 og i 2018. I 2017 vart det betalt avdrag som planlagt.

30 % av låna er tatt opp med bunden rente. Det betyr at 70 % av lånegjelda, dvs 160,27 mill. kroner, er sårbar for rentesvingingar. Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Det vil gje auka utgifter då den bundne renta ligg over den flytande renta, men vil redusera risikoen. Den andre måten er å ha ein buffer (disposisjonsfond) til

å ta ev. renteauke. Fordelen med den siste måten er at dersom renteauken ikkje kjem, vil kommunen framleis ha bufferen tilgjengeleg og kan omdisponera midlane om nødvendig. Utfordringa er sjølvsagt å ta vare på bufferen.  Sjå note 13 i rekneskapen for meir informasjon om rente på lån.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2018 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til sokneråde. Totalt har kommunen mottatt kr 402 344 . Av dette gjeld kr 86 122 omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane er vidareformidla til Samnanger eigedom.



## Inntekter frå kraftproduksjon

**Konsesjonskraft**




Samnanger kommune sel 22 321,1 MWh/år. I 2018 selde kommunen krafta på spotmarknaden fram til sommaren og på fast pris siste halvdel av 2018. Prisane i 2018 har jamt over vore høgare enn på fleire år og inntekta vart 5,5 mill. kroner.  Opphavleg budsjett var på  3,1 mill. kroner, men vart justert opp til 5,4 mill. kroner.

**Naturressursskatt**

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra,  og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinngang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane. Frå 2018 er fordeling av naturressursskatten endra og det er ikkje fordeling av etterskotspliktige til kommunen. Resultatet for Samnanger er at naturressursskatten på papiret auka med 1 mill. kroner, men inntekt frå skatt er redusert tilsvarande. I 2018 fekk kommunen 5,43 mill. kroner i naturressursskatt (4,43 mill. kroner i 2017).

**Konsesjonsavgift**
I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på annan måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet, som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2018 fekk Samnanger kommune kr 979 457. Konsesjonsavgifta vart sist indeksjustert i 2014. Midlane er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av fylkesmannen. Vedtektene må òg vera i samsvar med reglane om offentleg støtte jf. EØS-avtala. Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg:
*(tal i heile tusen):*

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Konsesjonskraft | 2 674 | 4 225 | 3 908 | 1 524 | 2 375 | 3 228 | 5 512 |
| Konsesjonsavgift | 898 | 898 | 979 | 979 | 979 | 979 | 979 |
| Naturressursskatt* | 4 399 | 4 370 | 4 388 | 4 275 | 4 382 | 4 426 | 5 429 |
| Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg | 8 043 | 8 748 | 8 532 | 7 133 | 5 726 | 4 028 | 3 216 |
| **Sum inntekter** | **16 014** | **18 242** | **17 808** | **13 911** | **13 463** | **12 661** | **15 136** |

*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane

## Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det skrive ut eigedomsskatt på alle eigedomar i 2018. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg m.m. er på 2,4 promille. Kommunen fekk i 2018 inn 12,3 mill. kroner (13,6) i eigedomsskatt, av dette kjem 7,2 mill. kroner (8,4) frå verk og bruk og næring. 5,1 mill. kroner (5,2) frå eigedomsskatt på hus og hytter. 2017-tal i parentes.

Eigedomsskatt er ei frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, dvs inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.
Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg lågt i fleire år framover.



I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra, med unntak av 2018, vore låge. Dette påverkar verdien negativt fordi det er dei siste 5 års rullerande

spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. I 2017 fekk kommunen òg melding om at NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) hadde avdekka feil i fordelingsnøklane for BKK produksjon as sine produksjonsanlegg i Samnanger. Tidlegare var fordelinga for dei fleste anlegga 100 % til Samnanger. No skal ein del av inntekta gå til Kvam herad. Saman med Kvam har me fått kvalitatssjekka dette av advokatselskapet Lund & co, som ikkje finn at det er gjort noko feil. Skatteetaten har korrigert fordelingsnøklane for 2017 og me har fått melding om at dei ikkje på eige initiativ kjem til å gå fleire år tilbake. For 2018 betydde denne korrigeringa eit inntektstap på 0,3 mill. kroner. I 2017 var reduksjonen på 0,4 mill. kroner.
Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sine anlegg i Samnanger meir enn halvert frå 2014. Grunnlaget var då på 1 215 mill. kroner og no i 2018 er grunnlaget 466 mill. kroner. Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskatt på 5,2 mill. kroner frå 2014. Reduksjonen i inntekt er og knytt til at me forventar lågare inntekt som resultat av Statnett II-dommen.

Sommaren 2017 vann Statnett ei sak i Høgsterett som gjeld verdivurdering av kraftlinjer og anlegg. Konsekvensen er at alle kommunar må taksere desse anlegga på nytt i samsvar med dommen i høgsterett. Denne dommen vert kalla Statnett II-dommen. I Samnanger er ikkje dette ferdig handsama i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, men kommunen har mottatt eit framlegg til takst som viser ein reduksjon i skatteinntekter på ca kr 485 000. Dette er det tatt høgde for i rekneskapen for 2018.
Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi.




Grafen til venstre viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016.

LVK arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket har vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er òg på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar og med å få justert ned kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra på 4,5 % i fleire år til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at samtlege andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter. Den påverkar ikkje kva skatt kreftverket betalar totalt sett, men høg rente gjer at kommunane får mindre del av skatteinntekta og staten får meir. Samnanger kommune gav saman med mange andre kommunar høyringsuttale i 2017, men det er ikkje noko som så langt viser at det er vilje til endring hos styresmaktene.

Frå 2019 skal verk og bruk utgå som omgrep og takseringsmetode i eigedomsskattelova og det har i løpet av 2018 vore taksering og gjennomgang av desse anlegga. Kommunen mottok kr 157 183 i tilskot til arbeid med taksering. I 2019 er inntektstapet på kr 36 000 og vil auke til kr 214 000 når

overgangsperioden er over i 2024. Det er sagt at kommunane skal få kompensert for inntektsbortfall.

Det er mykje som tyder på at den lokale beskatningsretten (eigedomsskatten) er under press. Samnanger hadde i 2018 ein skatteinngang på 86,6 % av landgjennomsnittet og 94,7 % etter inntektsutjamning. Inntekter frå eigedomsskatt er heilt avgjerande for å kunne gje gode tenester.

## Fond

**Disposisjonsfond**

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter og/eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2018 er kr 7 620 024,15. Av dette er det kr 100 000 disponert til arbeid med arealplan jfr KS vedtak 4/13. Overskot på kr 1 260 328,45 er forventa sett av til disposisjonsfondet.
For meir detaljert informasjon sjå note nr 7 i rekneskapen.




Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter er på 3,3 %. I KG 3 er det på 9,5 % og i KG 1 på 9,0%. Disposisjonsfondet i Samnanger må aukast til 21 mill kroner for å vere på same nivået som i KG3.

**Fond Sima-Samnanger**

Samnanger fekk 8,2 mill. kroner i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane vert brukte til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Det er gjort vedtak om lån av midlar frå fondet på til saman 2,656 mill. kroner. Pr 2018 er alt ført tilbake til fondet.

I budsjett 2019 er restmidlar til VVA Bjørkheim, midlar til musikkbinge og udisponerte midlar, til saman kr 345 402, omdisponert til Bjørkheim friluftsområde.

| | Vedtak KS 15/12 | Omdisponert | Sum 2012-2015 | 2 016 | 2 017 | 2 018 | Sum | Rest |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Mottatt fond** | | | | | | | 8 213 509 | |
| **Bruk:** | | | | | | | | |
| **KS 15/12 Asfaltering** | 2 000 000 | | -2 000 000 | | | | *-2 000 000* | **0** |
| **KS 15/12 Musikkbinge** | 500 000 | -225 000 | -158 563 | | | 0 | *-158 563* | **116 437** |
| **KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna** | | 225 000 | -225 000 | | | 0 | *-225 000* | |
| **KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14** | 800 000 | -690 000 | -10 814 | | -29 456 | -69 731 | *-110 000* | **0,00** |
| **KS 31/14 VVA-Bjørkheim** | | 690 000 | -259 088 | -215 456 | | | *-474 544* | **215 456** |
| **KS 15/12 Førebyggande ungdomsarbeid** | 1 500 000 | -597 158 | -183 523 | -140 000 | -90 000 | -31 332 | *-444 855* | **457 987** |
| **KS 69/14 Motorcrossbane, omdisponert til Totræna kr 145 000** | | 0 | 0 | 0 | | | *0* | **0** |
| **KS 80/16 Tilskot til Totræna** | | 145 000 | 0 | -145 000 | | | *-145 000* | **0** |
| **KS 15/12 Kunstgrasbane** | 1 400 000 | 352 158 | 0 | | -1 752 158 | | *-1 752 158* | **0** |
| **KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).** | 2 000 000 | -589 000 | 0 | | -80 643 | -296 225 | *-376 868* | **1 034 132** |
| **KS 28/14 meirforbruk drift 2014** | | 589 000 | -589 000 | | | | *-589 000* | **0** |
| **KS 100/16 bibliotek** | | 100 000 | 0 | | -100 000 | | *-100 000* | **0** |
| **KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)*** | | | -1 300 000 | | | | *-1 300 000* | |
| **KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)** | | | -280 000 | | | | *-280 000* | |
| **KS 63/13 KLP EK-tilskot** | | | -1 076 000 | | | | *-1 076 000* | |
| **KS 100/16 tilbakeført til fond 2017** | | | 0 | | | | ***1 500 000*** | |
| **KS 58/17 tilbakeført til fond 2018** | | | | | | | ***1 156 000*** | |
| **Udisponert** | 13 509 | | 0 | | | | *0* | **13 509** |
| **Sum vedtak/ bruk** | **8 213 509** | **0** | **-6 081 988** | **-500 456** | **-2 052 256** | **-397 288** | **-6 375 988** | **1 837 521** |
| **Resterande sum** | | | | | | | **1 837 521** | |

## Næringsfond

Av næringsfondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. I 2018 kom det fire søknader frå private verksemder på til saman kr 233 550 som alle fekk positivt vedtak. Søknadane gjaldt tilskot til mellom anna off. toalett på Tysse, fabrikkpipe Safa og søknader om investering i nødvendig utstyr. Ingen av tilskota vart utbetalt i 2018. Tilskot som ikkje vert nytta i løpet av 2 år går tilbake til fondet.

| Bruk av næringsfondet | 2018 |
|---|---|
| Tilskot til private | 0 |
| Budsjett/ drift | 223 736 |
| Breiband | 50 295 |
| Opprydding Bjørkheim | 200 000 |
| Planarbeid | 100 000 |
| **Sum bruk/ utbetalt** | **574 031** |

Kommunen brukar òg fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd. Eksempel på bruk er arbeid med kommuneplan, revitalisering Tysse , marknadsføring og kontingent/ medlemsavgift i næringsretta organisasjonar. Kr 133 915 er ført tilbake til fondet fordi utgifta ikkje vart så høg som forventa.

Pr 31.12.18 er det kr 675 156 på kommunen sitt næringsfond som ikkje er disponert.
Kr 808 980 er disponert, men ikkje utbetalt. Den største summen er kr 199 705 som gjeld løyving til breiband, summen vert nytta i 2019. Det er netto budsjettert med å bruke av fondet med kr 185 605 i 2019. Totalt er det kr 489 551 som er udisponert pr 01.01.2019. Pr mars 2019 er det ytterlegare løyvd kr 116 000 av næringsfondet.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrka fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal setjast av og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. Det er selt 1 tomt i 2018 til kr 340 000 som er sett av til fondet. Konsesjonsavgifta var i 2018 kr 979 457 og vert indeksjustert kvart 5. år, sist i 2014. Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2018 på 1,3 mill kroner.

**Investeringsfond**
Kommunen har to ubunde investeringsfond, eit som er knytt til vatn/ avløp Hagamulen og eit som gjeld Samnangerheimen. Saldo pr 31.12.2018 er kr 7 765 741,72.

Informasjonen er henta frå note 7 i rekneskapen:

| **Ubunde kapitalfond** | | | |
|---|---|---|---|
| **Konto 253.20.001** | Ubunde investeringsfond | 2 352 551 | |
| **Konto 253.20.002** | Nytt ubunde investeringsfond | 977 985 | |
| **Konto 253.20.004** | Fond vatn/ avløp Hagamulen | 300 000 | |
| **Saldo pr 01.01.2018** | | | **3 630 536,07** |
| **Tilgang:** | | | |
| **KS 58/17** | Forskottering av Tyssetunellen betalt tilbake | 1 750 000 | |
| **KS 18/18** | Arv Samnangerheimen | 2 976 351 | |
| **KS 54/18** | Sal tomt prestebustad | 141 901 | |
| **KS 54/18** | Sal av tomt Rolvsvåg | 378 624 | |
| **KS 54/18** | Bibliotek tippemidlar | 250 000 | |
| **KS 54/18** | Kunstgrasbane, tippemidlar | 1 200 000 | |
| **art 548*** | **Sum avsett fond** | | **6 696 876,05** |
| **Avgang:** | | | |
| **KS 58/17 & 54/18** | Elev-pc | -279 480 | |
| **KS 58/17 & 18/18** | Frigjeringsutstyr brann | -187 000 | |
| **KS 18/18** | Rolvsvåg vatn, restarbeid | -102 294 | |
| **KS 54/18** | Skjervo, renovering | -163 000 | |
| **KS 44/17 & 54/18** | Rolvsvåg industriområde | -552 000 | |
| **KS 18/18** | Parkering Bjørkheim, grunn | -11 250 | |
| **KS 58/17 & 54/18** | Web-sak fokus | -327 000 | |
| **KS 58/17** | KLP eigarkapitaltilskot | -632 137 | |
| **KS 18/18** | Visma ressursstyring | -307 509 | |
| **art 948*** | **Sum bruk av fond** | | -2 561 670,40 |
| **Utgåande balanse pr 31.12.2018 konto 253.20** | | | **7 765 741,72** |

| **Ubunde kapitalfond** | | | |
|---|---|---|---|
| **Konto 253.20.001** | Ubunde investeringsfond | 2 618 915 | |
| **Konto 253.20.002** | Nytt ubunde investeringsfond | 2 177 985 | |
| **Konto 253.20.003** | Investeringsfond Samnangerheimen | 2 668 842 | |
| **Konto 253.20.004** | Fond vatn/ avløp Hagamulen | 300 000 | |
| **Saldo pr 01.01.2019** | | | **7 765 741,72** |

I budsjett 2019 er det lagt inn netto avsett til fond kr 953 357. 1,3 mill. kroner er knytt til refusjon frå tippemidlar og er noko usikkert. I 2019 er det pr mars vedtatt å bruke ytterlegare 1 mill. kroner av fond.

## Balanserekneskapen

| Tall i 1 kroner | Noter | Rekneskap 2018 | Rekneskap 2017 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **A. ANLEGGSMIDLER** | | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 10 | 375 310 377 | 381 731 789 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 10 | 6 384 963 | 6 473 908 |
| Pensjonsmidler | 4 | 244 077 888 | 222 183 958 |
| Utlån | | 3 377 158 | 3 174 463 |
| Aksjer og andeler | 6b | 6 524 905 | 5 892 768 |
| **Sum anleggsmidler** | | **635 675 291** | **619 456 886** |
| **B. OMLØPSMIDLER** | | | |
| Kortsiktige fordringer | | 15 081 740 | 14 452 545 |
| Aksjer og andeler | 6b | 0 | 0 |
| Sertifikater | | 0 | 0 |
| Obligasjoner | | 0 | 0 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | | 54 621 025 | 47 056 793 |
| Premieavvik | 4 | 13 592 318 | 11 700 987 |
| **Sum omløpsmidler** | | **83 295 083** | **73 210 325** |
| **Sum eiendeler** | | **718 970 374** | **692 667 212** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **C. EGENKAPITAL** | | | |
| Disposisjonsfond | 7 | -7 620 024 | -5 828 865 |
| Bundne driftsfond | 7 | -9 636 136 | -9 355 650 |
| Ubundne investeringsfond | 7 | -7 765 742 | -3 630 536 |
| Bundne investeringsfond | 7 | -151 129 | -151 129 |
| Endring i regnskapsprinsipp drift (AK) | | 1 790 902 | 1 790 902 |
| Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK) | | 0 | 0 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 2 | -1 260 328 | -8 922 |
| Regnskapsmessig merforbruk | | 0 | 0 |
| Udisponert i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Udekket i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Kapitalkonto | 9 | -141 074 371 | -132 750 023 |
| **Sum egenkapital** | | **-165 716 828** | **-149 934 222** |
| **D. GJELD** | | | |
| **LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Ihendehaverobligasjonslån | | 0 | 0 |
| Pensjonsforpliktelser | 4 | -281 846 114 | -272 615 016 |
| Sertifikatlån | | 0 | 0 |
| Andre lån | 13 | -228 865 605 | -227 011 204 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **-510 711 719** | **-499 626 220** |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Kassekredittlån | | 0 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | | -40 665 792 | -40 660 266 |
| Premieavvik | 4 | -1 876 035 | -2 446 503 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | 13 | **-42 541 827** | **-43 106 769** |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **-718 970 374** | **-692 667 212** |
| **MEMORIAKONTI:** | | | |
| Ubrukte lånemidler | | 16 110 795 | 12 919 354 |
| Andre memoriakonti | | 2 180 623 | 2 298 127 |
| Motkonto for memoriakontiene | | -18 291 418 | -15 217 480 |
| **Sum memoriakonti** | | **0** | **0** |

## Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen

| Tall i 1 kroner | Regnskap 2018 | Regulert budsjett 2018 | Opprinnelig budsjett 2018 | Regnskap 2017 |
|---|---|---|---|---|
| **FRIE DISPONIBLE INNTEKTER** | | | | |
| Skatt på inntekter og formue | -60 026 677 | -61 297 000 | -66 847 000 | -62 224 791 |
| Ordinert rammetilskot | -87 660 358 | -87 283 815 | -82 609 000 | -85 306 160 |
| Skatt på eigedom | -12 280 219 | -12 287 620 | -12 752 620 | -13 647 321 |
| Andre direkte eller indirekte skattar | -6 407 958 | -5 249 457 | -5 249 457 | -5 405 560 |
| Andre generelle statstilskot | -6 987 529 | -7 039 518 | -4 307 333 | -5 186 098 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **-173 362 740** | **-173 157 410** | **-171 765 410** | **-171 769 929** |
| | | | | |
| **FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -612 809 | -558 000 | -558 000 | -625 862 |
| Gevinst finansielle instrument | -3 369 | 0 | 0 | -37 429 |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 4 280 037 | 4 230 360 | 4 230 360 | 4 161 988 |
| Tap finansielle instrumenter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 8 394 909 | 8 215 500 | 8 215 500 | 8 594 033 |
| **Netto finansinntekter/-utgifter** | **12 058 768** | **11 887 860** | **11 887 860** | **12 092 731** |
| | | | | |
| **AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER** | | | | |
| Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til ubundne avsetningar | 2 541 160 | 2 541 160 | 1 472 238 | 7 301 891 |
| Til bundne avsetningar | 3 500 583 | 2 276 354 | 2 153 942 | 5 068 564 |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk | -8 922 | -8 922 | 0 | -2 260 501 |
| Bruk av ubundne avsetningar | -750 000 | -750 000 | -50 000 | -990 000 |
| Bruk av bundne avsetningar | -3 560 097 | -3 079 386 | -1 974 155 | -3 451 974 |
| **Netto avsetninger** | **1 722 724** | **979 206** | **1 602 025** | **5 667 980** |
| | | | | |
| **FORDELING** | | | | |
| Overført til investeringsbudsjettet | 157 960 | 157 960 | 0 | 332 000 |
| Til fordeling drift | -159 423 288 | -160 132 384 | -158 275 525 | -153 677 219 |
| Sum fordelt til drift (frå skjema 1b) | 158 162 960 | 160 132 384 | 158 275 525 | 153 668 297 |
| **Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk** | **-1 260 328** | **0** | **0** | **-8 922** |

## Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen

| Tall i 1 kroner | Rekneskap 2018 | Regulert budsjett 2018 | Opprinnelig Budsjett 2018 | Rekneskap 2017 |
|---|---|---|---|---|
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | |
| Investeringar i anleggsmidlar | 12 095 913 | 13 022 833 | 10 097 925 | 42 231 245 |
| Utlån og forskotering | 24 257 137 | 25 923 000 | 25 923 000 | 24 749 091 |
| Avdrag på lån | 210 690 | 274 000 | 274 000 | 1 350 471 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar | 7 036 876 | 7 562 341 | 2 250 000 | 4 024 120 |
| **Årets finansieringsbehov** | **43 600 616** | **46 782 174** | **38 544 925** | **72 354 927** |
| | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lånemidlar | -7 268 559 | -10 040 047 | -10 460 000 | -20 256 331 |
| Inntekter frå salg av anleggsmidlar | -4 207 078 | -4 707 454 | -500 000 | -2 520 000 |
| Tilskot til investeringar | -1 450 000 | -1 450 000 | 0 | -3 600 000 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -2 482 166 | -2 482 163 | -960 125 | -3 955 909 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | -25 473 183 | -25 274 000 | -25 274 000 | -26 942 271 |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 | -242 000 |
| **Sum ekstern finansiering** | **-40 880 986** | **-43 953 664** | **-37 194 125** | **-57 516 511** |
| | | | | |
| Overført frå driftsbudsjettet | -157 960 | -157 960 | 0 | -332 000 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av avsetningar | -2 561 670 | -2 670 550 | -1 350 800 | -14 506 415 |
| **Sum finansiering** | **-43 600 616** | **-46 782 174** | **-38 544 925** | **-72 354 927** |
| | | | | |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Økonomisk oversikt - Drift

| Tall i 1 kroner | Regnskap 2018 | Regulert budsjett 2018 | Opprinnelig budsjett 2018 | Regnskap 2017 |
|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | |
| Brukarbetaling | -7 722 627 | -7 528 471 | -7 067 640 | -7 335 445 |
| Andre salgs- og leigeinntekter | -19 755 454 | -19 521 421 | -17 863 966 | -18 947 196 |
| Overføringar med krav til motytelsar | -26 555 592 | -22 748 462 | -18 832 425 | -27 231 077 |
| Rammetilskot frå staten | -87 660 358 | -87 283 815 | -82 609 000 | -85 306 160 |
| Andre statlege overf. | -6 987 529 | -7 039 518 | -4 307 333 | -5 186 098 |
| Andre overføringar | -979 846 | -1 225 616 | -1 100 616 | -435 686 |
| Skatt på inntekt og formue | -60 026 677 | -61 297 000 | -66 847 000 | -62 224 791 |
| Eigedomsskatt | -12 280 219 | -12 287 620 | -12 752 620 | -13 647 321 |
| Andre direkte og indirekte skattar | -6 407 958 | -5 249 457 | -5 249 457 | -5 405 560 |
| **Sum driftsinntekter** | **-228 376 259** | **-224 181 380** | **-216 630 057** | **-225 719 333** |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | |
| Lønsutgifter | 116 568 044 | 116 397 380 | 111 578 413 | 111 232 318 |
| Sosialekostnader | 30 454 149 | 30 855 270 | 29 957 303 | 30 092 265 |
| Kjøp som inngår i kommunal prod. | 30 469 905 | 29 690 855 | 26 872 680 | 29 554 073 |
| Kjøp som erstattar eigen prod. | 24 105 782 | 23 845 151 | 23 559 287 | 24 698 930 |
| Overføringar | 12 281 602 | 11 097 457 | 11 832 900 | 12 749 048 |
| Avskrivingar | 13 293 138 | 13 089 164 | 12 721 082 | 10 796 192 |
| Fordelte utgifter | -730 553 | -729 759 | -660 411 | -708 933 |
| **Sum driftsutgifter** | **226 442 068** | **224 245 518** | **215 861 254** | **218 413 893** |
| **Brutto driftsresultat** | **-1 934 192** | **64 138** | **-768 803** | **-7 305 440** |
| **EKSTERNE FINANSINNTEKTER** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -612 809 | -558 000 | -558 000 | -625 862 |
| Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler) | -3 369 | 0 | 0 | -37 429 |
| Mottatte avdrag på lån | -19 350 | 0 | 0 | -18 000 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-635 529** | **-558 000** | **-558 000** | **-681 291** |
| **EKSTERNE FINANSUTGIFTER** | | | | |
| Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter | 4 280 037 | 4 230 360 | 4 230 360 | 4 161 988 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdragsutgifter | 8 394 909 | 8 215 500 | 8 215 500 | 8 594 033 |
| Utlån | 46 899 | 0 | 0 | 18 000 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **12 721 845** | **12 445 860** | **12 445 860** | **12 774 022** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **12 086 317** | **11 887 860** | **11 887 860** | **12 092 731** |
| Motpost avskrivingar | -13 293 138 | -13 089 164 | -12 721 082 | -10 796 192 |
| **Netto driftsresultat** | **-3 141 013** | **-1 137 166** | **-1 602 025** | **-6 008 902** |
| **BRUK AV AVSETNINGER** | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb | -8 922 | -8 922 | 0 | -2 260 501 |
| Bruk av disposisjonsfond | -750 000 | -750 000 | -50 000 | -990 000 |
| Bruk av bundne fond | -3 560 097 | -3 079 386 | -1 974 155 | -3 451 974 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **-4 319 018** | **-3 838 308** | **-2 024 155** | **-6 702 475** |
| **AVSETNINGER** | | | | |
| Overføring til investeringsrekneskap | 157 960 | 157 960 | 0 | 332 000 |
| Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetning disposisjonsfond | 2 541 160 | 2 541 160 | 1 472 238 | 7 301 891 |
| Avsetning til bundne driftsfond | 3 500 583 | 2 276 354 | 2 153 942 | 5 068 564 |
| **Sum avsetninger** | **6 199 703** | **4 975 474** | **3 626 180** | **12 702 455** |
| **Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk** | **-1 260 328** | **0** | **0** | **-8 922** |
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | 1,38 % | 0,51 % | 0,74 % | 2,66 % |

## Økonomisk oversikt - Investering

| Tall i 1 kroner | Regnskap 2018 | Regulert budsjett 2018 | Opprinnelig budsjett 2018 | Regnskap 2017 |
|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | | |
| Salg av driftsmidlar og fast eigedom | -4 207 078 | -4 707 454 | -500 000 | -2 520 000 |
| Andre salsinntekter | 0 | 0 | 0 | -242 000 |
| Overføringar med krav til motyting | -262 493 | 0 | 0 | -591 800 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -2 482 166 | -2 482 163 | -960 125 | -3 955 909 |
| Staltege overføringar | -1 200 000 | -1 200 000 | 0 | 0 |
| Andre overføringar | -250 000 | -250 000 | 0 | -3 600 000 |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-8 401 737** | **-8 639 617** | **-1 460 125** | **-10 909 709** |
| | | | | |
| **UTGIFTER** | | | | |
| Lønsutgifter | 338 518 | 319 417 | 50 000 | 152 845 |
| Sosiale utgifter | 96 411 | 96 230 | 17 300 | 46 435 |
| | | | | |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 8 870 882 | 9 817 087 | 9 070 500 | 37 328 305 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar | 2 790 102 | 2 790 099 | 960 125 | 4 645 909 |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 57 750 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | **12 095 913** | **13 022 833** | **10 097 925** | **42 231 245** |
| | | | | |
| **FINANSIERINGSTRANSAKSJONER** | | | | |
| Avdragsutgifter | 210 690 | 274 000 | 274 000 | 1 350 471 |
| Utlån | 23 625 000 | 25 250 000 | 25 250 000 | 24 150 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 632 137 | 673 000 | 673 000 | 599 091 |
| Dekking av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 6 696 876 | 7 222 341 | 2 250 000 | 4 024 120 |
| Avsetningar til bundne investeringsfond | 340 000 | 340 000 | 0 | 0 |
| **Sum finansieringstransaksjoner** | **31 504 703** | **33 759 341** | **28 447 000** | **30 123 682** |
| | | | | |
| **Finansieringsbehov** | **35 198 879** | **38 142 557** | **37 084 800** | **61 445 217** |
| | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lån | -7 268 559 | -10 040 047 | -10 460 000 | -20 256 331 |
| Mottekne avdrag på utlån | -25 210 690 | -25 274 000 | -25 274 000 | -26 350 471 |
| Salg av aksjar og andelar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar frå driftsrekneskap | -157 960 | -157 960 | 0 | -332 000 |
| Bruk av tidlegare års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | -690 000 |
| Bruk av bunde driftsfond | 0 | 0 | 0 | -2 521 801 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -2 561 670 | -2 670 550 | -1 350 800 | -11 294 615 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansiering** | **-35 198 879** | **-38 142 557** | **-37 084 800** | **-61 445 217** |
| | | | | |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** | **0** |

21% til samfunn og utv. av tot.utg




## FAKTA OM SEKTOREN

**Ass.rådmann/Sektorleiar:**
Hilde-Lill Våge

**Netto driftsutgifter:**
Kr. 28 619 000 (eks.sjølvkost)

**Sjølvkost (brutto):**
Kr. 6.135.169

**Avvik budsjett:**
Kr. 246 000 (meirforbruk)
0,87%

**Tal tilsette:**
39 (+ 17 brannkonst)

**Tal årsverk:**
27.07 (+ 0,17 brann)

**Tal brukarar:**
2.463 innbyggarar

**Einingar/avdelingar:**
Teknisk forvaltning
Teknisk drift
Kultur

**Adresse til nettside:**
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

# SAMFUNN OG UTVIKLING

Samfunn og utvikling er eit tenesteområde med sektorovergripande arbeidsoppgåver knytt til samfunnsutvikling, næringsutvikling, kultur, folkehelse, beredskap, landbruksteneste og tekniske tenester. Til tekniske tenester ligg forvaltningsoppgåver innan byggje- og delingssaker, oppmåling, plan og miljø. I tillegg kjem drifting av kommunale eigedomar, veg, vatn og avløp. Utbygging og investeringsprosjekt er òg lagt til sektoren. I 2018 vart forlenging av VVA i næringsområdet i Rolvsvåg gjennomført, vegparsell opp mot Totræna vart utbetra og sikra, samt ei rekke byggvedlikehald.

## Økonomi

Samfunn og utvikling forvalta i 2018 totalt 28,6 millionar kroner ekslusivt sjøvkostnadar. Sjølvkostområde som utgifter til vatn, avløp, slam og feiing vert haldne utanom dritsutgiftene til sektoren og kjem i tillegg. I 2018 utgjer VA-utgiftene 6 135 169 millionar kroner. Den største overskridinga skuldast ein snørik vinter og høge brøytekostnader. Om lag halvparten vart dekka inn med eit underforbruk i teknisk forvaltning. Totalt vart resultatet eit overforbruk på 0,87%.

| Samfunn og utvikling | 2017-Rekneskap | 2018-B revidert | 2018-Rekneskap | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Samf utv. adm | 837 | 860 | 916 | 57 |
| Teknisk FV | 6 850 | 7 565 | 7 358 | -207 |
| Teknisk Drift | 13 553 | 13 357 | 13 812 | 455 |
| Kultur | 6 248 | 6 592 | 6 533 | -59 |
| Totalt | 27 488 | 28 374 | 26 132 | -227 |

Minus er mindreforbruk



**Dette jobbar me med**

- Verdiane til kommunen: Kvalitet, Tillit og Framsynt. 3 fellessamlingar for heile sektoren.
- Frivilligsentralen – oppretting av utstyrsbank, gode møteplassar som språk kafe, strikkekafe, småbarnstreff mm.
- Oppstart ny planstrategi for dei neste fire åra og ferdigstilla overordna Ros-analyse.
- Søkje tilskot til TS-tiltak og parkeringsplan.
- Innsamling av data til samfunnsdelen til kommuneplan.
- Moglegheitsstudie – Idrettshall og veg Hagabotnane.
- Reiselivsutvikling ved Fossenbratte - moglegheitsstudie.
- Tilrettelegge universell utforming av badevika – Teigavika på Bjørkheim.
- Oppfølging og kartlegging av forureining og forsøpling.
- Systematisk tverrfagleg samarbeid (TFS) som er med å fremma folkehelsa hos innbyggjarane.
- Partnerskapsavtalar for stiar og arrangement.
- Tiltak for barn og unge - oppstart av bygdakino, sommarklubben, symjeopplæring og bruk av bassenget, psykisk helse og UKM.
- Samingaveko og ei rekkje debattar, forfattarsamtalar og underhaldning i «Høgspent'n».
- Beredskapsplan for reservevasskjelde for kommunalt vatn
- Digitalisering av reinhaldet i alle bygg og bruk av nettbrett til reinhaldsdokumentasjon.
- Opprusting og kontinuerleg vedlikehald av bygg, uteområde, VA og veg. Største prosjekt var rekkverk på Liavegen og utbetring og sikring av parsell til Totrævegen.
- Digitalisering av kommuneplan, reguleringsplanar og forvaltninga på teknisk med svar Ut/-Inn



**Status mål**

Statusmåla er henta ut frå kommunebarometeret. Pr. i dag er det ikkje tilgjengelege detaljar frå kostratal 2018 for fleire område i sektoren og særskilt kulturområdet. For VA, renovasjon og kultur skårer me nedst i barometeret.

Utbygging av vassverket gjev høge vassgebyr, men dette viser igjen god vasskvalitet og leveranse til innbyggarane. På avløpsektoren er står det derimot dårlegare til og det trengst ei fornying og utviding. Elles har me eit lågt energiforbruk på dei kommunale bygga, medan ressursar til vedlikehald er lågt.

På kulturområdet skårer me under gjennomsnittet på fleire indikatorer, med unnatak av tilsette i kulturavdelinga. Kulturavdelinga si melding gjev oversikt over eit aukande aktivitetsnivå, noko som vil gje utslag på den neste statistikken.



# Teknisk forvaltning

- **Ansvarsområde**: Bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, plan, miljø og naturforvaltning, feiing, brann og redningsvesen.

- **Utviklingstrekk for teknisk forvaltning**

Talet på byggesaker varierar år for år. Etter nokre år med større byggeaktivitet er det ein merkbar nedgang i 2018, noko me såg tendensen til i 2017. Dette har og resultert i ein moderat nedgang i tal oppmålingssaker i 2018. Dette gjev ein vesentleg lågare inntekt enn budsjettert for året. Eininga har fått kompensert for dette i revidert budsjett.

| | |
|---|---|
| Tal byggjesaker: | 31 |
| Tal oppmålingssaker: | 22 |
| Tal plansaker: | 12 |

Eininga har 5 stillingsheimlar og dei tilsette tek på seg oppgåver og prosjekt ved ledig kapasitet. Teknisk forvaltning har hatt byggeleiinga i utbygginga av vegen til Øvre Rolvsvåg Industriområde. Den var ferdigstilt i april 2018. Det vart selt ein tomt i Øvre Rolvsvåg i 2018, men det er svært låg interesse for kjøp av næringstomter i dette området. Eininga stod og for sal av prestebustaden og eigedomsgåve i Arna.

Det er få bustadtomter att i Lønnebakken bustadfelt, og mange av desse er lite attraktive og delvis vanskeleg å opparbeide. Rolvsvåg bustadfelt har nokre ledige bustadtomter, men interessa er låg sjølv om tomteprisane er svært låge. Arealplanen legg no til rette for utvikling av nye og aktraktive bustadområde dei næraste åra.

I 2018 har eininga brukt mykje tid til planlegging/prosjektering av nytt senter for funksjonshemma på Skottabakken. Kontrakt vart tildelt og arbeidet med bygging vart starta i slutten av 2018. Teknisk forvaltning har ansvar for koordinering og samarbeid med innleigt byggleiing frå Abo på prosjektet

Arbeidet med digitalisering av tekniske tenester vart starta i 2018, og held fram i 2019. Dette krev at alle planar i kommunen og føresegner skal ligge tilgjengeleg ute på Kommunekart.com. Neste fase er å kunne innføre digital søknad og svar på byggesøknader.
Ei ny fylkesinndeling til Vestland, fører til arbeidskrevjande omlegging og ny registrering i matrikkelen. Eininga har vore involvert i moglegheitsstudie for ny fleirbrukshall i Samnanger og moglege trasear for ny veg til Hagabotnane.




**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Kenth P. Opheim

**Netto driftsutgifter Inkl. brann/feiing:**
Kr. 7 358 000

**Avvik budsjett:**
Kr. 207 000
(underforbruk)

**Tal tilsette:**
5 (+17 brannkonstabler)

**Tal årsverk:**
5 (+0,17 brann)

**Sjukefråvær:**
4,78%

**Tal brukarar:**
2.465

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

Til liks med andre kommunar har eininga fleire kompliserte saker der me nyttar advokathjelp. Utgifter til juridisk hjelp auka i 2018, noko som er pårekneleg og typisk innanfor tenester som teknisk forvaltning. Dette gjeld oftast avklaring av tidlegare avtalar og eigartilhøve på eigedom og VVA. To av desse sakene ligg i rettssystemet, og eit gjeld erstatningskrav for innsynsrett som ligg til endeleg handsaming hos Fylkesmannen.

**Eininga sine hovudmål/ satsingsområde – måloppnåing**

I likheit med 2017 har det i 2018 vore arbeidd mykje med arealdelen til kommuneplanen. Eininga har og vore sterkt involvert i utviklinga på Bjørkheim og Rolvsvåg industriområde samt i ei rekke høyringar på vegprosjekta til E 16 og Tokagjelet.



*Fossen Bratteprosjektet –synfaring med SV og HFK*

Teknisk forvaltning hadde i 2018 ansvar for ei rekkje tilleggsprosjekt vedteke i budsjettet. I tillegg kjem andre prosjekt og planar i samarbeid med andre kommunar, vegvesenet og fylkeskommunen. Dette er arbeid som kjem i tillegg til dei daglege arbeidsoppgåvene. I tillegg har me hatt ein person i sommarjobb på adressering.

Prosjekt eininga arbeida med i 2018;

- Datalagringssenter i Børdalen
- Moglegheitsstudie – Veg Hagabotnane

- Moglegheitsstudie – Idrettshall
- Moglegheitsstudie – Fossenbratte
- Trafikksikringsplan – realisering av tiltaka: gang og sykkelveg/gangsti frå Ådland til Hagabotnane. Kryssing og avkøyring Ådland
- Parkeringplan – skilting og merking
- Overordna Ros-analyse
- Planstrategi – for komande kommunestyreperiode
- Adressering – Namn og adresser fritidsbustader - registering
- Skiltplan – skilting fritidsbustader og underskilting heile kommunen.
- Byggeleiing – Øvre Rolvsvåg Industriområde
- Koordinering – Senter for funksjonshemma på Skottabakken.
- Folkehelseprosjekt – Badevika på Bjørkheim, Teigavika.
- BIR –forsøplingsprosjekt:
- Digitalisering – plan i kommunekart og oppdatering i matrikkel

Samarbeidet med Bergen Brannvesen fungerer godt. Det vert halde befalsmøte kvar månad. Det har frå 2017 vore tilstreba å tilsetje brannmannskap som allereie jobbar i kommunen, slik at me får dekka brannberedskapen i kommunen på dagtid. Me fekk tilsett ein ny konstabel i 2018 og har starta opplæring. Brannstasjonen held ikkje dagens krav, med tanke på «rein og skitten» sone. Opprusting og framtidig brannstasjon vil verte vurdert i plan for bygningsmassen våren 2019.





**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Nils Jonny Skar

**Netto driftsutgifter:**
Kr 13.811.959

**Sjølvkost:**
Kr 6.135.169

**Avvik rev budsjett:**
kr – 455.030
(overforbruk)

**Tal tilsette:**
20

**Sjukefråvær:**
3,4%

**Tal årsverk:**
15,80

**Tal brukarar:**
2.465 innbyggarar

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Teknisk drift

## Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Ansvarsområde

- Vatn og avløp (sjølvkostområde)
- Eigedom
- Veg- og kaiområde
- Reinhald

Ny einingsleiar teknisk drift byrja i stillinga 1. april 2018. Stillinga hadde då hatt vakanse sidan førre einigsleiar slutta til jul 2017. Det gjekk med noko tid for å innarbeida rutinar og få kontroll over den daglege drifta. Teknisk drift kom ikkje i gang med prosjekta det var løyvd midlar til før etter sommarferien. Nokre prosjekt vart og vidareført til 2019.
Gamalt vass- og avlaupsnett gav ein del utfordringar med lekkasjar og i 2018. Det vart ikkje fornya vassleidningar anna enn det lekkasjane medførte behov for. Eininga drifta sjølvkostområdet for 6.135.169 kroner.

I forhold til bygningsmassen har TD hatt forkus på energiforbruk. Det vart oppdaga nokre feil ved varmepumpeanlegg på barneskulen som vart utbetra. TD vil fortsetja med arbeidet med optimalisering av spesielt varmeanlegg.
Prosjektet med å pusse opp toalett i bassengbygget på undomsskulen kom i gang hausten 2018, og sluttførast i 2019.
Ny taktekking på bassengbygget vart lagt hausten 2018.
Utleigeleiligheit på Skjervo nr 6 vart og pussa opp.
Vassloppa barnehage har hatt mykje overvatn og det danna seg nærast eit «basseng» på uteområdet. Tiltaket er å rekna som eit HMS-tiltak og vart retta opp med at uteområdet fekk ny drenering.

Parsell på Totrævegen vart utbetra på det verste partiet med masseutskifting, ved at vegen vart flytta lenger inn i terrenget. Det vart og lagt nytt toppdekke og sikra med rekkverk. Utbetring var eit HMS-krav frå TD, dersom dei skulle kunna oppretthalda vintervedlikehaldet. Parsellen er privat men det vart inngått avtale om utbetring sidan vegen er svært mykje nytta av både innbyggarar og tilreisande opp til skianlegget. Til dette tiltaket vart det løyvd ekstra midlar.

Liavegen vart utbetra med nye varamurar haust 2018, som eit av tiltaka i TS-planen.
Det vart og utført mindre asfalteringsarbeid på dei kommunale vegane.

Liavegen er og svært rasutsett og i september 2018 gjekk det fleire alvorlege ras på vegen. TD fekk ekstra løyving til opprydning og sikring etter rasa.




Venstre bilde viser ras 29.09.18. Vegen opna same dag etter opprydding. Geolog og naudetatar var på plass for kontroll av rasområde og gjennomsøk etter personar.
Høgre bilde viser ras 12.09.18. Vegen opna same dag etter klarsignal frå geolog. Fjellsikring vart utført i ettertid.

### Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø og gje lågare sjukefråvær

Eininga har fokus på, og forbetrar kontinuerleg arbeidsklede og verneutstyr. Utearbeidarane har hatt høgt fokus på HMS under snøbrøyting og anna risikoarbeid. Nye traktorar vart tatt i bruk vinter 2017-2018 og utstyret fungerer godt. Det vart i tillegg kjøpt ny saltspredar til ein traktor.
Reinhald har hatt fokus på hygiene og bruk av riktig vaskemiddel for helsa og miljøet .
Reinhaldarane har og hatt kurs i ergonomi og HMS i 2018. Famac reinhaldsmodul vart tatt i bruk i 2018, og det vert brukt nettbrett for digital registrering og dokumentasjon av reinhaldet og hygienekrav .



*Reinhaldar på Vassloppa registrerer reinhald i Famac*

Det har ikkje vore meldt inn ulykker eller skadar i 2018. Sjukefråværet i teknisk drift er lågt, 3,7% , og ligg innanfor målsettinga som er likt for kontorsektor (3,8%).

## Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Måla er knytt til;

- Drift og vedlikehald av kommunen sine bygningar, vassforsyning, avløpsanlegg, idrettsanlegg, uteområde og vegar.
- Byggeprosjekt innan ansvarområdet og byggeleiing

Nedanfor følgjer oversikt over utførte vedlikehaldsoppgåver utover det som er dagleg drift og vedlikehald.

| **Utførte oppgåver – utover dagleg drift** | | **Vedlikehald** | **Rehabilitering/Nybygg** |
|---|---|---|---|
| **Bygg** | | | |
| | Barneskulen | Utbetring av varmeanlegg.<br>Malt utvendig kledning. | Skifta golv klasserom 1. klasse. |
| | Vassloppa | Utbetra uteområde med drenering av overvatn. | Ny port inn til småbarnsavdeling. |
| | Samnangerheimen | | Nytt gjerde mellom sansehage og nabo. |
| | Skjervo | | Pussa opp leiligheit nr 6. |
| | Ungdomsskulen | El anlegg oppgradert. | Starta oppussing av toalett bassengbygget.<br>Ny taktekking bassengbygget. |
| | Dråpeslottet | | Nytt leikeapparat |
| **Uteområde** | | | |
| | Nedanfor Samnangerheimen | | |
| | SUS | | |
| | Park -Bjørkheim | | Straum innlagt i paviljong. Ny betongmur med gjerde fram mot sjø. |
| | Hagabotnane | Nye takrenner klubbhus. | Sluttført gapahuk. |
| **Avløp** | | | |
| | Reistad | Rep av lekkasje Reistadliane.<br>Nytt røropplegg i Reistad pumpestasjon.<br>Utbetra lekkasje ved Skottabakken. | |
| **Vatn** | | | |
| | Reistad | Utbetra lekkasje Teigabrekko. | |
| | Frøland | Utbetra lekkasje på Frøland. | |
| | Haga | Utbetra ledningsbrot ved Skjervo. | |
| | Tysseland | Lekkasje utbetra på privat ledning. | |
| **Vei** | | | |
| | Div. kommunale vegar | Asfalt reparasjon av dei verste partia. | |
| | Liavegen | | Nye varamurar |
| | Totræna | | Utbetra parti ny veg og rekkverk. |
| | Vågabygda | Oppretting, Reasfaltering | |
| **Hjelpe-middel** | Utlevering, henting, feilsøking, rep og montering | **Brukarar**<br>Ca 242 stk | Dette er oppdrag som ein ofte må være 2 personer for å utføre. |

- **Miljøtiltak og Energiøkonomisering**

Tilsette i eininga prøver å tenke miljøomsyn og energiøkonomisering i alt vi foretar oss i den daglege drifta. Det er skifta ut om lag 20 veglys til ledlys. Alle lampar i bygga som blir skifta blir erstatta med ledlys.
Teknisk drift har utført kantklipping langs kommunale vegar i 2018. Kommunen nyttar ikkje sprøytemiddel.

- **Spesielle hendingar:**

Det førelåg krav frå mattilsynet om å utarbeida plan for reservevassforsyning. Plan vart utarbeida av driftsleiar og var godkjent innan utgangen av 2018.






**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Leiar:**
Meline Heimdal Haugland

**Netto driftsutgifter:**
Kr 6 533 000

**Avvik budsjett:**
Kr. 59 000 (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
13

**Tal årsverk:**
5,57

**Sjukefråvær:**
0,41%

**Tal brukarar:**
6204 besøk på biblioteket
74 kulturskuleelevar
2.465 innbyggarar

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Kultur

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor kultur sine tenester i 2018**

Avdeling for kultur har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek, kulturskule, frivilligsentral og er i sektor for samfunn og utvikling.

I 2018 har kulturavdelinga sine ressursar og arbeidsområde auka. I frå mars har me hatt frivilligkoordinator i 50% stilling, og frivilligsentralen flytta inn i biblioteket sine lokaler. I frå april fekk me ny kulturmedarbeidar i 50 % stilling på plass. Stillinga hadde då stått vakant sidan august 2017.

I året som har gått har ein prioritert tilsetjingar og oppfølging, dagleg drift og planlagde hendingar. Men ein har óg jobba med interne rutinar, samarbeidsavtalar og oppdatert informasjon mot brukarar. Med ny kulturmedarbeidar vart det rom for å setja nye planar i verk, og jobba meir retta mot barn og ungdom. Blant anna gjennom tilbod om Sommarklubben og Bygdakino.

Ved utgangen av 2018 har frivilligsentralen eksistert i knapt 1 år. I løpet av denne tida er det mykje som er blitt gjort. Frivilligsentralen har vorte ein møteplass og brubyggjar mellom menneske i lokalmiljøet, ulike organisasjonar og det offentlege. Aktivitetane som vert danna skal vera styrt av dei som er med, deira behov og deira arrangement.

Talet på besøk, utlån av bøker, arrangement og lån av lokale i biblioteket har auka drastisk sidan biblioteket flytta inn i nye lokale. Utlån av rom til lag og organsiasjonar er stort. Nye lånarar registerer seg så godt som kvar dag. Besøket i bibliotekslokala er tredobla, frå 2.060 besøk i 2016 til 6.204 besøk i 2018. I same periode er tal arrangement eller bruk av lokalet gått frå 0 til 157.

Samnanger kulturskule har ingen born på venteliste i 2018. Kulturskulen har ei ramme på 30 undervisningstimar, kor 28 går til instrument-undervisning og 2 går til drama. I tillegg får Samnanger skulemusikklag 8,5 timar til dirigent og 4. trinn 1 time undervisning i skulen. Kulturskulen sel òg 14,2 timar internt og eksternt (Spaserstokken, barnehage og skule). I 2018 auka tal grupper i drama/teater frå 2 til 3. Frå skuleåret 18/19 har kulturskulen hatt tilbod om eige fordjupingsprogram (dobbel timeressurs).

Det skjer veldig mykje positivt i kulturavdelinga no, men me er kome til eit punkt kor det er viktig at me «får landa» planlagte prosjekt og følgja opp det som er sett i gong.

### Brukarar: Avdelinga sine hovudmål / satsingsområde i 2018 – måloppnåing

Kulturavdelinga jobbar ut frå måla om «*Kultur for alle*», «Kulturskule for alle» og at Samnanger skal ha aktivitetstilbod til alle innbyggjarar i alle livsfasar. I 2018 har me satsa særskild på oppretting av frivilligsentralen, auka tilbod til barn og unge, utvikling av biblioteket og tilbod om fordjupingsprogram i kulturskulen.

Tabellen viser noko av aktiviteten som kulturavdelinga har arrangert og har bidratt til i 2018:

| **Hending** | **Målgruppe** | **Tal hendingar i 2018** |
|---|---|---|
| Fritidsklubben | Menneske med utviklingshemming | kvar veke |
| Tutti-Frutti øving | Menneske med utviklingshemming | Kvar veke |
| «Syng med oss» | Dagsenter og sjukeheim | kvar veke |
| Bygdakinoen | Alle | 6 |
| Den kulturelle skulesekken | Barn og ungdom | 14 |
| UKM-lokalfestival | Ungdom | 1 |
| UKM-workshop | Ungdom | 2 |
| Konsert med Miss Tati | Barnehagebarn | 1 |
| LAN-party | Ungdom | 1 |
| Sommarklubben | Barn | 1 |
| Vinteraktivitetsdag | Barn | 1 |
| Møter i Ungdomsrådet | Ungdom | 6 |
| Den kulturelle spaserstokken | Eldre | 5 |
| Underhaldning i biblioteket | Vaksne | 7 |
| Underhaldning i biblioteket | Barn | 14 |
| Kunstutstillingar i biblioteket | Alle | 7 |
| Temautstillingar i biblioteket | Alle | 7 |
| Bokprat | Barneskule og ungdomsskule | 2 |
| Småbarnstreff | Foreldre og dei minste | 7 |
| Språkkafé | Alle (primært imigrantar) | 7 |
| Sy, strikk og skravl | Alle | 6 |
| Deledagane | Alle | 1 |
| Kurs i aktivitetsvenn | Vaksne | 2 |
| Hordablæsten | Kulturskuleelevar | 1 |
| Kulturskulen – sommarkonsert | Alle | 1 |
| Kulturskulen – julekonsert | Alle | 1 |
| Kulturskuleinnslag arrangement/møte | | Minimum 10 |

<u>Andre markeringar, arrangement og tilbod:</u> Kvart år markerer kulturavdelinga Kulturminneveka, Friluftslivsveka, Verdensdagen for psykisk helse og Samningaveko. Kulturskulen har hatt innslag ved fleire ulike arrangement i løpet av 2018. Musikkbingen på barneskulen er mykje i bruk til glede for kulturskulen og det uorganiserte musikklivet.

Kulturavdelinga er stadig i utvikling, men me er stolte av det me har fått til på kulturfeltet i dag. Dei ressursane me bruker på korps viser att på den flotte elev- og kvalitets-veksten me har. Me har satsa ressursar og lærarkrefter på å byggja opp noko me kan vera stolte av. Ei utfording har vore tilbod om fordjuping i kulturskulen. Det er vorte løyva midlar til fordjuping, men elevkontingenten viser seg å vera krevjande.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

I 2018 hadde kulturavdelinga eit sjukefråvær på 0,24%. Kulturavdelinga er ei lita avdeling kor me er avhengig av kvar enkelt person. Me har òg eit godt arbeidsmiljø. Denne kombinasjonen er truleg ein faktor til at sjukefråværet er lågt.

**Miljøtiltak og Energiøkonomisering**

I biblioteket og frivilligsentralen sorterar me plast. I 2018 arrangerte me Deledagane for fyrste gong, dette er eit gjenbrukstiltak.

**Spesielle hendingar i 2018;**

*Kulturskulen og skulekorpset* - I Hordablæsten fekk skulekorpset (hovudkorpset) 3.plass i 3.divisjon. Slagverkarane fekk 3.gruppepris. Juniorkorpset fekk 6.plass. Mange av musikantane utmerkar seg som svært flinke solistar. Aspirantane var med på aspirantseminar, og fekk spela på festkonserten for fullsett Grieg-sal. I NM i juni fekk hovudkorpset 1.plass i 4.divisjon!

*Samningaveko 2.-9. juni 2018* - Samningaveko vart arrangert for andre gong i år. Frivillige, private, næringslivet og kommunen sytte for at innbyggjarar og tilreisande kunne få seg ei kulturoppleving kvar dag. Samningaveko opna med Tyssedagane på Ytre-Tysse. Dei største konsertane med Tor Endresen og Sigrid Moldestad var i regi av Tysse og Nordbygda musikklag og Samnanger kyrkje. Miss Tati hadde konsert for barnehagebarn i parken på Bjørkeheim, og Gunnar Staalesen og Geir Kjell Andersland heldt forfattarsamtale i biblioteket.

*Oppstart av Frivilligsentralen* - Frivilligkoordinator opna dørene i frivilligsentralen 20. mars. Opninga har ikkje vorte markert offisielt, men i oktober vart alle innbyggjarar invitert på kake og kaffi for å heidra frivilligheita.



*Oppstart Bygdakino* - Bygdakinoen er starta opp att og hadde fyrste framsyning i april. Det har vore jamt med besøkande, men førestillingane retta mot barn er dei mest populære. Visninga av Flåklypa i oktober sette rekord med 97 besøkande. Bygdakinoen vart sett i gong etter ønskje frå tidligare Ungdomsråd.

*Sommarklubben* - Sommarklubben vart arrangert for fyrste gong i Samnanger, fyrste helga i juli. Sommarklubben er eit tilbod om ferieaktivitetar for dei som går i 4.-7. trinn (20 plassar). Dette var eit populært arrangement med tur til klatrepark, trampolinepark, biblioteksdag, friluftsliv og friidrettsdag.

*Ungdomsrådet* - Hausten 2018 vart det valt 5 nye medlemmer til Ungdomsrådet for perioden 2018-2022. Ungdomsrådet er ein engasjert gjeng som blant anna har tatt initiativ til å starta ungdomsklubb. Dei har óg bidratt til innkjøp av skjerm, playstation og VR-briller til fri bruk i biblioteket.

*Laurdagsope bibliotek* - Med ønskje om å gjera biblioteket meir tilgjengeleg starta me opp med laurdagsope bibliotek éin gong i månaden. Biblioteket har vore godt besøkt desse laurdagane og tilbodet vil halda fram så lenge det vert brukt.



*«Stinn brakke» i Høgspenten under forstillinga til Sirkus Agora*

37 % til Helse og omsorg av tot.utg.




## FAKTA OM SEKTOREN

**Sektorleiar:**
Grete Lill Hjartnes *til 31.12.2018*

**Netto utgifter:**
kr 65 813 472,-

**Avvik budsjett:**
Kr 9 000,- (meirforbruk)
0,01%

**Tal årsverk:**
68,63

**Tal tilsette:**
113

**Tal brukarar:**
Innbyggarar 2.465

**Einingar:**
Sjukeheim
Heimetenesta
Funksjonshemma
NAV
Helse

**Adresse til nettside:**
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

## HELSE OG OMSORG

Tenester knytt til helse og omsorg som jordmor, helsestasjon, fysioterapi, lege, psykiatri, heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsenter, funksjonshemma, sjukeheimen, sosialkontor og flyktningar ligg innanfor dette tenesteområdet.

### Økonomi

Helse og omsorg hadde eit totalt forbruk på 65, 8 millionar kroner, og heldt budsjettet med omlag ikkje avvik (0,01% overforbruk).

| Einingane – 1000 kroner | 2017-R | 2018-B revidert | 2018-R | Avvik Rev. busj |
|---|---|---|---|---|
| Samnangerheimen | 21 156 | 21 628 | 21 658 | + 30 |
| Heimetenesta | 13 626 | 14 577 | 14 569 | - 8 |
| Funksjonshemma | 10 167 | 10 234 | 10 330 | + 96 |
| NAV m/flyktningar | 6 816 | 7 044 | 6 863 | - 181 |
| Helse | 10 932 | 11 807 | 11 908 | + 101 |
| Helse og omsorg adm.sj | 437 | 514 | 486 | - 29 |
| Samla | 63 135 | 65 804 | 65 813 | + 9 |

**Dette jobbar me med**

- Implementering i einingane av verdiane våre; *Kvalitet, Tillit, Framsynt*.
- Sektoren jobbar med kompetanseutvikling og rett utdanning til oppgåvene. Me har mål om at talet på tilsette med fagutdanning vert auka og flest mogleg i store stillingar.
- Rekruttera sjukepleiarar.
- Redusere sjukefråværet og auke nærværet.
- Ernæring og trivsel med og rundt måltid
- Gjennomgang av tenestene med fokus på tidsbruk, oppgåvehandsaming, rutinar og ansiktstid.
- Implementering av nye retningsliner for helsestasjon og skulehelseteneste, samt helsestasjon for ungdom i biblioteket.
- Rusførebygging og oppfølging av gravide.
- Aktivitetar for funksjonshemma
- Digitalisering, bruk av nettbrett og velferdsteknologi.
- Tverrfagleg samarbeid og samarbeid med frivilligsentralen
- Legemiddeladministrasjon
- Raskare avklaring og raskare ut i arbeid for arbeidsledige.

- Låginnteksfamiliar
- Flyktningar og samarbeid med frivilligsentralen.
- Planlegge og lage rutinar for innflytting og oppstart av nytt senter for funksjonshemma.

**Status mål**
Statusmåla er henta ut frå kommunebarometeret. Pleie- og omsorgstenesta vert rangert på 35. plass av alle kommunar, medan helsetenesta på 267. plass og sosialtenesta på 232. plass. Karakter går frå 1 til 6, der 6 er høgaste skår. Samnanger skårer høgt innan fleire område og særskilt innanfor pleie- og omsorgstenestene. Der me skårer lågast bør me framover ha særskilt auka fokus, og særskilt innanfor helsetilbodet for barn unge og lengda på sosialhjelp. Det vert jobba med å få fleire med fagutdanning og me må vurdere ei eventuell auke av kommunelegetenesta.



*Skuleeelvar på arbeid på sjukeheimen*


Kommunebarometeret Helse og Omsorg - karakterar
100% søknader om kommunal bustad som vert innvilga
15,7% med sosialhjelp som hovudinntekt
Sosialhjelp – 11,8% med stønad over 10 måneder
Sosialhjelp – 41,2% med stønad over 6 måneder
Sosialhjelpsnitt - 5, mnd på mottakar mellom 25-66 år
Sosialhjelpsnitt – 3,9 mnd på mottakar mellom 18-24 år
97,8% 9-åringer som er vaksinert mot meslinger
100% barn fullført undersøking skulehelsetenesta innan utg. av 1.trinn
63,2 årsverk helsesjukepleiar per. 10.000 innbyggare under 5 år
0 av fastlegelistene som manglar lege
75% av fastlegelistene som er opne
11,0 legeårsverk pr 10.000 innbyggar
63,1% med funk.h får bistand til å delta i org.arbeid, kultur eller fritidsaktivitetar
76,5% med funk.h som får bistan til å delta i arbeid og studier
44,2 døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar pr. 10.000 innb.
50,4% vedtak om dagaktivitet, av andel over 80 år som ikkje bur i institusjon
100% vedtak om heimetenesta som vert iverksett innan 15 dagar
Gjennomsnittleg 5,4 tildelte timar i veka, heimesjukepleie
31,8% korttidsplassar av alle totalt antall plassarmed heldøgns omsorg
11,8% Plassar avsatt til rehab i institusjon pr 1000 innb. over 67 år
50% plassar til demente, mot antall over 80 år på sjukeheim
100% med einerom på sjukeheim med bad/wc
84,5% av bebuarar i institusjon totalt med omfattande bistadsbehov
12,8 årsverk ergoterapeut pr. 1000 innb over 80 år
0,5 timar med fysioterapeut på sjukeheim
4,4 timar med lege på sjukeheim
73,3% med fagutdanning
0
1
2
3
4
5
6



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Janne Drevsjø

**Netto utgifter:**
Kr 21 6781,75

**Inntekt sal til Os kommune:**
1 522900

**Tal tilsette:**
50
Tal vikara:
14

**Sjukefråvær:**
5,45%

**Tal årsverk:**
27,5

**Tal brukarar:**
Korttidsopphald:
100 vedtak er fatta
Langtidsopphald: 8
Avlasting: 0

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Samnangerheimen

Samnangerheimen har 25 institusjonsplassar, gjesterom for pårørande, resepsjon, eige produksjonskjøkken, vaskeri, Storstova og treningssal for rehabilitering.

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**

Nærleik til sjukehus og samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune. Pasientar vert tidleg ferdigmelde frå sjukehus og mange må få vidare behandling på Samnangerheimen. Samnangerheimen har mange komplekse oppgåver og fleire av pasientane som kjem på kortidsopphald er relativt dårlege og krev mange ressursar. Alvorleg, kompleks demenssjukdom er aukande blant eldre og det er mange utfordingar knytt til denne pasientgruppa. Tross utleige til Os og fortsatt lukking av post 1, har me stort sett greidd å gje tilbod til eigne pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus og som oppfyller krav til sjukeheimsplass.

Det at Samnangerheimen har eige produksjonskjøkken er veldig positivt og i eit samarbeid kan me enkelt ta tak i pasientane sine utfordingar innan ernæring. Me ser frankeus mykje positiv respons, og god helse- og ernæringsgevinst hos pasientane på Samnangerheimen.

Hausten 2018 gjennomførte Samnanger kommune organisasjonsgjennomgang. På Samnangerheimen vart alle oppgåver og rutinar gjennomgått og ut frå desse har det blitt laga forslag til endring. Utfordringa var kutt i budsjett, før gjennomgangen var ferdig. Slik situasjonen er på Samnangerheimen pr. i dag og komplekse oppgåver og behandling knytt til pasientar, er det vanskeleg å spare. Organisasjonsgjennomgangen er ennå ikkje ferdig på Samnangerheimen.

**Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområder.**

I medarbeidarkartlegginga 2017 kom det fram at tilsette ønska kompetanseheving og me har derfor i 2018 satsa på dette. Me kalla inn tilsette og fekk ei kartlegging over kompetanse. Me har auka kompetansen med utgangspunkt i dei tilsette sine interesser og ønskje om utfordringar.

Etter kartlegginga kunne tilsette søkja på interne utlysingar på kompetanseheving innanfor områda; rehabilitering og habilitering, ernæring og tannhelse, hjarte/kar og sår og førebygging av fall. Ein sjukepleiar og ein hjelpepleiar vart tilsett på kvart område.
Tilsette har fått kurs, hospitering, og undervisning og dei har arbeida målretta saman i grupper. Dei har deretter hatt felles undervisning for alle andre tilsette.
Å byggja kompetanse er for oss viktig, og ei gruppe tilsette har i tillegg vore med i læringsnettverk gjennom USHT (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester) og pasientsikkerhetsprogram, tavleprosjekt. Her er me og godt i gang og pasientane blir dagleg screena og tiltak blir oppretta etter behov.
Me ønskjer å gje inspirasjon og karrieremogelegheit som er målretta og som ser den enkelte tilsette. Mykje godt arbeid er alt gjort, men me ønskjer enda meir fokus, meir kompetanse, system, prosedyrar og målretta arbeid.

Samnanger kommune har ressursjukepleiar knytt til palliasjon og lindrande behandling, demens, mage-tarm og avansert gerontologi. I tillegg har kommunen samarbeid med Os, og Fusa om kols - og diabetesteam.

8, 9. og 10. klasse har i 2018 hatt valfaget «innsats for andre». Me har hatt 6 elevar som har kome 3 måndagar i mnd. og vore med pasientane. Dei har blant anna bakt, lest og gått tur med dei. Dette er veldig positivt og me ønskjer eit større samarbeid med skule og barnehage

- **Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Medarbeidarkartlegging:
Me har gjennomført faktor 10 medarbeidarkartlegging med svarprosent på 99. I løpet av den neste mnd, vil me ilag med tilsette finna eit område me vil jobba vidare med .

Årsturnus:
Kvar enkelt tilsett får vera med å planlegge sin eigen turnus. Einingsleiar prøver å tilrettelegga til det beste for kvar enkelt, men sjølvsagt innanfor forsvarleg drift. Alle har fått mange ønskje oppfylt og har gode turnusar som er tilpassa den enkelte. Alle fast tilsette har pr. i dag den stillingsprosenten dei ønskjer seg. Dette er eit gode med årsturnus, då dei som ønskjer det kan få stillingsauke gjennom året.




Kompetanseheving:
8 tilsette frå Samnangerheimen er med i Demensomsorgens ABC. Antal demente er stigande, så det er viktig med fokus og kompetanseheving på dette området.

Arbeidsmiljø:
Jamlege personal- og postmøter. Tilsette får ta del i planlegging av oppgåver. Fredagslunsj.
Fokus på samarbeid
Tilrettelegging
Fredagsmøte

Felles opplæringsdagar:
Veldig positivt der alle tilsette får gå på undervisning. I 2018 hadde tilsette som har gått på kompetanseheving undervisning for resten av tilsette. Veldig kjekke og inspirerande dagar, der alle høyrer det same.

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 11,41 | 11,41 | 7,38 | 9,0 | 5,45 |

Oppnådde mål på 9 %
Har jamlege samtalar med dei sjukemeldte. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.
Har i 2018 hatt mange tilretteleggingstilskot frå NAV, som gjer arbeidsdagen for den enkelte sjukemelde betre. Dette er og med på å førebygge sjukemelding.

Medarbeidarar og fokus på sjukefråvær:
Samnangerheimen er ei IA-bedrift og me nyttar verkemiddel som tilretteleggingstilskot, har tett dialog med den sjukemelde og melder tidleg til NAV.
Har kvar månad personalmøte, postmøte.
Har kvar andre månad samarbeidsmøter med tillitsvalde og verneombod.
Kvar fredag har alle tilsette på Samnangerheimen og heimetenesta felles lunsj, der me spleiser på å handle inn og et lunsj i lag. Kjekt tiltak.
Felles opplæring for alle tilsette i haust.
Medarbeidersamtale 1 gong pr. år

Fokusområde for 2018.

| Fokusområde | Mål | Tiltak |
|---|---|---|
| Kompetanseheving/ meistringsklima | Framsnakka kvarandre<br>Gjera kvarandre gode<br>Samarbeide og utveksle idear | Intern undervisning<br>Deling av verdifull kompetanse |

### Miljøtiltak og Energiøkonomisering

Har ny sjukeheim
Samarbeid med Lions og Hagelaget om sansehagen.

### Spesielle hendingar.

- Tilsett fagsjukepleiar
- Storstova på Samnangerheimen er mykje brukt og har blitt den samlingsstaden me håpa på. Det er mange tilstellinga og festar for pasientane.
- Flott samarbeid med barneskulen og Ådland gards- og friluftsbarnehage

- Har samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, men håper på å kunna styrka dette
- Samnangerheimen har eiga side på Facebook der me deler mykje av alt det positive som skjer på sjukeheimen (avklart med pasientar og pårørande/verje)

**Utfordringar.**

- Ha nok tilsette og kompetanse i samsvar med oppgåver me skal løysa
- Rekruttering av sjukepleiarar
-

**Mål 2019**

- Halde fram med fokus på «det gode måltid»
- Tilsetje fleire sjukepleiarar
- Få tilsette til å ta desentralisert sjukepleieutdanning
- Arbeide vidare med prosedyrar og rutinar
- Skaffe inntekter ved sal av institusjonsplass
- Fokus på og førebygge sjukemeldingar
- Betre tverfagleg samarbeid om sjukemeldingar





**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Reidun Abotnes

**Netto utgifter:**
Kr 14 568 926,-

**Avvik budsjett:**
Kr 7908,- (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
27 fast tilsette
8 vikarar

**Sjukefråvær:**
10,79%

**Tal årsverk:**
17,43

**Tal brukarar:**
96 i heimetenesta
27 på dagsenteret

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

## Eining Heimetenester (heimesjukepleie, praktisk bistand til reinhald, dagsenter, kols- og diabetesteam og utleigebustadar Tysse)

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**
Brukarar som treng hjelp frå heimetenesta har økt i antal i året 2018. Me har brukarar som treng hjelp fleire gonger i døgnet, mens nokre treng ein gong i veka. Det er ein høg gjennomsnittsalder på brukarane. Dei fleste ynskjer å bu heime så lenge det går, mens nokre ynskjer sjukeheimsplass pga einsamheit og det å kunne kjenne seg trygg. Det at ein ikkje har aldersheim lenger, skapar utfordringar for nokre av innbyggjarane våre, då ein ikkje får sjukeheimsplass når ein ynskjer det, men får plass etter eigne kriterier, som er nedfelt og vedtatt i forskrift om sjukeheim.
Det er og større etterspørsel etter omsorgsbustader, og då er det ofte sterkt ynskje om å få bustad i nærleiken av sjukeheimen. Omsorgsboligar med bemanning er kanskje ein ting kommunen bør vurdere i framtida.
Det er framleis vanskeleg å leige ut omsorgsbustadar på Tyssekaien.

Heimetenesta treng å ha god kompetanse tilgjengeleg, både for å gje god behandling og pleie, men og for å kunne vere med og førebygge. Eininga ynskjer å kunne hjelpe brukarar med å få døy heime, dersom det er eit ynskje, og då må kompetansen vere tilgjengeleg, for å skape tryggleik og støtte i den siste tida, både for den døyande og for dei pårørande. Ressursperson innan palliasjon er viktig å ha i eininga.

Tverrfagleg samarbeid med ulike profesjonar i kommunen er viktig, for at me skal kunne gje eit godt tilbod til brukarane.

Fleire får i dag diagnose demens/Alzheimers. Utfordringa her kan vere å få lov til å hjelpe. Det krev ressursar for å tilrettelegge, prøve på nytt, vere tålmodig og løysingsorientert. Veiledning, samtale og støtte til pårørande er og ei viktig oppgåve rundt desse brukarane.
Pårørandemøte / pårørandeskule kan vere til god hjelp, her bør Samnanger kommune moglegvis samarbeide med andre kommunar for å få det til.

- Heimetenesta syns det er positivt å samarbeide med frivilligsentralen. Aktivitetsvenn for demente, er eit prosjekt som me har ein del samarbeid rundt no.
  I tillegg håpar både heimetenesta og mange av dei eldre innbyggjarane / brukarane våre, at det skal vere mogleg å kunne ringe og få hjelp til div småting som f.eks. snømåking, plenklipp, skifte lyspærer ol. gjennom frivilligsentralen.

Samnanger kommune har interkommunalt samarbeid med Os og Fusa, om Kols- og Diabetesteam. Dette fungerer godt og tal brukarar aukar. Dei har kontortid i Samnanger annakvar fredag, kolssjukepleiar i lik veke og diabetessjukepleiar i ulik veke.

Tabellen nedanfor viser tal brukarar av heimetenester:

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Samla | 76 | 78 | 81 | 86 | 96 |
| Reinhald | 12 | 14 | 13 | 11 | 15 |
| Heimesjukepleie | 52 | 42 | 44 | 56 | 58 |
| Begge delar | 11 | 22 | 24 | 19 | 23 |
| Matombringing | | | 24 | 26 | 24 |
| Tryggleiksalarm | | | 32 | 40 | 40 |
| Dagsenter | 16 | 22 | 32 | 33 | 27 |

- **Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing**

Heimetenesta fekk nettbrett i mars. Alle gleda seg til å ta dei i bruk, og meinte at dette ville vere positivt og til dels tidsbesparande, då tilsette vil ha informasjon tilgjengeleg ute i felten. Nettbretta har dessverre vorte lite brukte, pga utfordringar med oppkobling som tar lang tid, og i tillegg er appen annleis enn den journalen me er vant til å bruke. Det er heller ikkje alt me kan skrive inn i appen på nettbrettet, så då må ein likevel logge seg inn på kontoret. Framtida krev at heimetenesta har enten nettbrett eller mobil med journaltilknytning, pga f.eks. innføring av digihelse, så her må det takast grep.

Heimetenesta fullførte læringsnettverk om pasienttryggleik gjennom USHT (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester). Fokus på ernæring og tannhelse. Målet er å førebyggje i staden for å behandla. Me har fått forbetringstavle på kontoret, og har fortsett arbeidet etter at prosjektet var ferdig. Me ser at det er nyttig, men det krev ressursar til å lage gode planar for brukarane, som f.eks. ernæringsplanar. Eininga har delteke i tilsvarande prosjekt tidlegare, då med fokus på samstemming og legemiddeladministrasjon, dette er implementert i eininga, og fungerer fortsatt fint.

Hausten 2018 vart og prega av organisasjonsgjennomgang. Det har vore ein spanande prosess, men utfordringa er kutt i budsjett før gjennomgangen er ferdig. Ved lav bemanning, kan ein gjerne klare å gjere akkurat det ein må i forhold til brukarane, men då er det positive tiltak som ernæringsplanar, legemiddelgjennomgangar og andre førebyggande tiltak, som ofte kan bli lidande.

Testing av arbeidslister fortset i 2019, så det blir spanande å sjå kor eininga landar, når testinga er ferdig og konsekvensane er vurdert.

I oktober starta fagsjukepleiar i 50 % stilling i eininga. Fagsjukepleiar skal blant anna lage prosedyrar, ha undervisning og veiledning slik at alle tilsette kan det dei skal, og bidra med å lage arbeidslister.

Dagsenteret er eit flott tilbod, og dei heldt til i fine lokale i Storstova på Samnangerheimen, og brukarane melder attende om stor trivnad. Mange eldre er einsame i dag, og aktivitetstilbod er viktige. Dagsenteret er ope 3 dagar i veka og stengt 4 veker om sommaren. Songstund kvar måndag er svært populært, i tillegg er det trim med fysioterapeut alle opningsdagane. Og til jul arrangerer dagsenteret julebord, der alle brukarane blir invitert med, og får ei fin førjulsstund i lag. I fjor kom Samningane og spelte, så då vart det både allsong og dans.
Frivillige hjelparar deltek på dagsenteret og er med å gjere dette til eit godt tilbod.
I vår hadde me ein liten samankomst for dei frivillige hjelparane, for å vise kor stor pris me set på dei. Det vart positivt motteke.

- **Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Eininga har medarbeidarsamtale og faste personalmøte.
Torsdagsmøte. Halv time kvar torsdag, med fokus på forbetringstavla, brukarar og elles rom for dei tilsette til å ta opp ting.
Felles lunsj kvar fredag i lag med dei tilsette på Samnangerheimen.
Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annakvar månad.
Nytt digitalt avvikssystem, som gjer det lettare for tilsette å skrive avvik, og der dei får svar fortare. I tillegg til at det er eit godt verktøy for leiar, som kan ta ut statistikkar og bruke det i forbetringsarbeid.
Har årsturnus som gjer at dei tilsette kan planleggje lenger fram, samt at dei i større grad kan få ein tilpassa turnus.
Felles opplæringsdagar på hausten – i 2018 var det eigne tilsette som underviste etter deltaking i prosjekt om ernæring og tannstell, rehabilitering og habilitering og hjarte – kar og sår. I tillegg fekk alle undervisning om det siste læringsnettverket me deltar i : Tidlig oppdagelse av forverret tilstand.
Felles opplæringsdagar er veldig positivt, då får alle tilsette høyre det same, og me håpar å kunne fortsette med dette i åra som kjem.
5 av 13 deltakarar på Demensomsorgens ABC er frå heimetenesta. Alle fullførte perm 1 våren 2018, og starta på perm 2 om hausten.

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 11,13 | 11.13 | 14,43 | 10,89 | 10,79 |

(mål 9,0%)

Eininga har framleis eit høgt sjukefråvær. Leiar har jamlege samtalar med dei sjukemelde. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka. Har hatt ein del tilrettelegging i 2018, for å prøve å minske sjukemelding. Tilrettelegging krev innsats, både frå leiar og den tilsette, og det fører ofte med seg nokre ekstra kostnader.

Faktor 10 – medarbeiderkartlegging vart utført på seinhausten. Svarprosenten til heimetenesta vart 78 %. Me vil i året som kjem velje ut ein av faktorane til å jobbe vidare med i eininga.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering**

I mai / juni 2017 fekk heimetenesta 3 el-bilar. I mai 2018 kom den fjerde el-bilen. Bilane er gode og fungerer greitt. Det er heldigvis få dagar med snø og is i løpet av året, som fører til problem med å komme seg fram utan firehjulstrekk. Men på slike dagar må det planleggast litt meir enn før, i forhold til kva rute som må ha kva bil, men driftsutgiftene er blitt lågare. Utfordringa med bilane er ladestasjonane, som ikkje har tak, og ladeleidningar tåler tydeligvis ikkje mykje vatn. Parkeringsplassen treng å få skilt, slik at andre ikkje parkerer der. Dette kan vere store tidstjuvar i ein travel kvardag.
Generelt har det vore mindre skade på arbeidsbilane i 2018 og – så å holde stort fokus på dette, må prioriterast vidare.

**Utfordringar:**

- Høgt sjukefråvær
- Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og delta i prosjekt.
- Liten kontorplass
- Treng skilt / merking på parkeringsplassen til heimesjukepleiebilane
- Carport til bilane, for å spare tid på måking om vinteren og for å ivareta ladeleidningane til el-bilane.
- Ha nok tilsette med rett kompetanse
- Ha stor nok vikartilgang

**Mål 2019:**

- Sjukefråvær under 9%
- El-lås – slik at eininga slepp å ha husnøklar til brukarane, men kan låsa opp via journalen pr telefon/nettbrett
- Minst mogleg skadar på bilane
- Oppstart førebyggjande heimebesøk til eldre
- Laga plan for bruk av velferdsteknologi
- Innføring av digihelse




Læringsnettverk med fokus på ernæring og tannhelse. Ingrid Haukanes Røen og Oddveig Haugen med plakaten dei vant posterprisen for.



Dr. Kristian Jansen underviser deltakarar på Demensens ABC på storstova på Samnangerheimen. Deltakarar frå Samnanger og Fusa.



Pynta bord til julebordet på dagsenteret.



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Birthe Skar-Moum
Reidun Abotnes Frå Juni 2018:
Fagleiar: Beate Holmefjord

**Netto utgifter:**
kr 10 329 837,-

**Avvik budsjett :**
kr 95 727,- (meirforbruk grunna låg refusjon)

**Tal tilsette:**
20 fast tilsette
6 vikarar
17 oppdragstakarar

**Sjukefråvær:**
1,59%

**Tal årsverk:**
14
**Tal brukarar:**
28

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Eining Funksjonshemma (bufellesskap, arbeid, dagtilbod, aktivisering, avlasting, besøksheim og støttekontakt m.m.)

Bufellesskapet har 7 bebuarar og fleire heimebuande med tenester serva frå bufellesskapet. Eininga har i tillegg oppfølging med rundt 20 andre brukarar. Brukargruppa spenner frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike sosiale, fysiske og psykiske funksjonshemmingar. Tenestene spenner frå omfattande til mindre tiltak.

I løpet av 2018 har det vært nokre forandringar på leiarnivå.
Birthe Skar-Moum slutta i si stilling som einingsleiar for funksjonshemma i juni 2018.
Ein har brukt litt tid på å finne ut korleis ein kan drifte eininga for funksjonshemma. Ein har landa på ein fordeling av oppgåvene.
Reidun Abotnes er einingsleiar for heimetenesta, og har blant anna personalansvaret for tilsette som er tilknytt eining for funksjonshemma.
Beate Holmefjord er fagansvarleg for funksjonshemma. Ho deler opp stillinga si der ho er ein del i bufellesskapet og jobbar opp mot brukarar og ein del av stillinga som er knytt til administrative oppgåver.

**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**
Brukarar kan og ha rett til koordinator og individuell plan – samt oppfølging i ansvarsgrupper. Dette aukar moglegheitene for å ivareta tverrfagleg samarbeid på ein god måte.
Det har i aukande grad, nasjonalt og internasjonalt, vorte satt større fokus på psykiske lidingar blant utviklingshemma dei siste åra, dette er også noko ein ser lokalt og medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad er eit tverrfagleg tema. Eininga samarbeider tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte.

**Eininga sine hovudmål / satsingsområde / måloppnåing**
Eininga har i utgangspunktet halde seg innanfor budsjett. Det kan vere noko utfordrande å kalkulere rett på refusjon særleg på ressurskrevjande brukarar, mellom anna ved at innslagspunktet vert auka frå år til år.
I desember 2018 vart det endeleg vedtatt at det skal byggast nytt senter for funksjonshemma. Oppstarten kom i gang seint i 2018. Rivinga og grunnarbeidet starta for alvor opp januar i 2019. Målet om å starte bygging av nytt senter vart nådd i den grad at prosjektet er vedtatt og har starta opp.

Mål om ha gode prosessar i samband med planlegging av nytt senter der tilsette, brukarar og pårørande skulle vere involvert, er oppnådd. I 2018 har ein fortsatt å jobba med god planlegging av nytt senter.
Ein har saman funne gode rutinar for å drifte bufellesskapet på ein god og forsvarleg måte som er til det beste for kvar enkelt brukar.
Ein har gjennom 2018 klart å halde det låge sjukefråværet nede.

Organisasjonsgjennomgang 2018
Kommunen leigde inn eit firma som såg på alle einingane i kommunen. Eining for funksjonshemma vart også sett på. Ein har i prosessen sett på korleis eininga løyser oppgåvene sine, knytt opp mot ulike vakter og brukarar. Ein har på denne måten sett på om ein kan gjere arbeidet meir effektivt utan at me mister kvaliteten på det arbeidet me gjer. Me har sett på kvar me har moglegheit til å spare. Dette er ein prosess som ikkje er avslutta og resultatet av kva eininga evt kan spare, er foreløpig uvisst.

**Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Eininga har årsturnus og fleirtalet av dei tilsette ved Skottabakken bufellesskap har i fleire år arbeidd langvakter (med oppfølging frå Bedriftshelsetenesta). Dette har hatt eit positivt utfall på nærværstatistikken og trivselen til dei tilsette, og det har vore eit stort gode for bebuarane i bufellesskapet. Sjukefråværet har vore lågt trass mellombelse arbeidsforhold.

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 6,52 | 9,12 | 7,04 | 3,34 | 1,59 |

(mål 9,0%)

Det er eit mål for eininga med flest mogleg tilsette i store stillingar, og det er fokus på å ha god kompetanse tilgjengeleg til ei kvar tid. Det har blitt tilsett ein ny vernepleiar i 100 % stilling i år.
Ein har klart å gjennomføre jamlege personalmøter etter ein kom i midlertidig drift på Haga. Grunnen til det er god tilgjengelegheit på møterom.
Ein har hatt moglegheit til å gjennomføre gode måltid med brukarar og tilsette, med moglegheit til å invitere pårørande. Dette har vore positivt for eit godt miljø. I desember arrangerte eininga god middag, der ein inviterte brukarar med sine pårørande i storstova på Samnangerheimen. Dette var ei positiv oppleving.
Det er låg del menn tilsett i einginga, det er fokus på dette i tilsetjingar både ut frå eit likestillingsperspektiv, men mest med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering**

Ein stor del av køyring i einginga føregår med el-kraft, bufellesskapet leasar hybridbil. Grunna behov for bil med romsleg sitjeplass har ikkje el-bil vore aktuelt innanfor økonomiske rammer. Det er fokus på miljøtiltak og energiøkonomisering ved planlegging av nytt senter.

## Spesielle hendingar i 2018

Skottabakken bufellesskap flytta hausten 2017 frå Reistad til ei avdeling på sjukeheimen. Flyttinga var godt planlagt og vart gjennomført på ein smidig og god måte. Vidare tilrettelegging i 2018 var å få på plass rutinar til det beste for brukar, og å ivareta personalet på ein god måte. Dette har ein klart å få til med litt utprøving. Det har vore ein stor fordel at personalet er så stabilt og kjenner brukarane så godt, at måten dette er blitt løyst på har vore god.

Sommar
Denne sommaren har det vore veldig fint vær. Ein har vore mykje ute på tur. Ein har reist på bilturar, og ein har gått turar i nærområdet. Ein har fått vore i Rolsvågen og nytta seg av bademoglegheitane der ved to ulike anledningar.
Ein har også fått til to badeturar til bassenget i Eikelandsosen. Dette er bra tilrettelagt for vår gruppe og eit flott tilbod. Dette er noko ein ynskjer å kunne fortsette med i 2019.

## Utfordringar

Mellombels drift. Bebuarar bur på rom i ei sjukeheimsavdeling inntil nytt senter står ferdig. Dette gjer at det kan vera mykje folk i fellesarealet, og ein del lyd til tider. Noko som er utfordrande for nokon av brukarane.
Dårlege fasilitetar for tilsette. Tilsette har begrensa tilgang til garderobar. Det er ikkje kontor eller «frie» område der dei kan overlappe. Det er stort fokus på å overhalde teieplikta i bufellesskapet då alt av rapportering, både skriftleg og munnleg, føregår i fellesareal.
Det er ei utfordring å finne støttekontakt til dei som søkjer om det, men ein har i løpet av 2018 lagt ned ein innsats for å få rekruttere støttekontaktar, og har lykkast til dels med det.

**Mål 2019:**

- Oppretthalde god planlegging av innflytting til nytt senter
- Gi pårørande og tilsette god informasjon i forhold til framdrifta av nytt senter.
- Halde sjukefråværet nede
- Ha fokus på å heve fagkompetansen i eininga.
- Gjennomføre samarbeidsmøte tilknytt brukarar som bur i bufellesskap.
- Innføre digital IP
- Behalde og rekruttere fagpersonale
- Rekruttere støttekontaktar




**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Magne Djuvik

**Netto utgifter:**
Kr 6.862.838

**Tal tilsette:**
4

**Tal årsverk:**
2,4

**Sjukefråvær:**
1,13%

**Tal brukarar:**
108

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

## NAV - NAV kommune og flyktningkontor

Samnanger kommune har følgjande ordningar lagt til NAV kontoret: økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram, bustadar til vanskelegstilte, Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringstilskott). Søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma, transportordning og Flyktningetenesta ligg og til NAV kontoret.

### Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Nye reglar og ein streng praksis har ført til at fleire har mist Arbeidsavklaringspengane sine. For dei fleste sitt vedkomande er då Økonomisk sosialhjelp inntektskjelda. Nettoforbruket til eininga er fordelt med 3,4 mill på sosiale tenester og 3,4 på Flyktningkontoret. Totalt har eininga eit mindreforbruk på 180.000,-

NAV Samnanger fekk i 2018 tildelt midlar til eit prosjekt som kan vara inntil 3 år. Formålet med prosjektet er tettare oppfølging og raskare avklaring av den enkelte brukar. Prosjektet starta opp 1. januar 2019. Dette er eit viktig arbeid både for at den enkelte skal få ei raskare avklaring og raskare koma ut i arbeidslivet. I tillegg å redusera samfunnet sine utgifter til økonomisk sosialhjelp og andre trygdeytingar.

Barn som veks opp i familiar med låg inntekt har hatt fokus i 2018. I 2018 laga Kulturkontoret til sommarleir for mellom anna denne gruppa. I samarbeid med NAV vart det tildelt plassar på arrangementet. Samnanger kommune er ein av få kommunar som ikkje tek omsyn til barnetrygd når økonomisk sosialhjelp vert tildelt. Det er eit godt tiltak i arbeidet med å gje litt betre økonomi for denne gruppa. På kommunestyret sitt møte i desember 2018 vart det bestemt at møtegodtgjersla skal gå som ekstra utbetaling før jul til barn som har foreldre som lever av økonomisk sosialhjelp. NAV fekk mange gode tilbakemeldingar frå dei det gjeld og det vart uttrykt stor takksemd.

Ved inngangen til 2018 var det 15 flyktningar i introduksjonsprogrammet. Ved utgangen av året var det 5 i introduksjonsprogrammet. 7 har starta på vidaregåande skule og 1 i arbeid. I samarbeid med Røde Kors si besøksteneste og Frivilligsentralen har NAV delteke i arbeidet med språkkafé. Det har i 2018 vore arrangert 8 Språkkafear alle på Biblioteket på Bjørkheim. Det har vore mellom 15 og 30 personar på desse arrangementa og det er talt opp til 12 nasjonalitetar.

| | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Tal mottakarar av sosialhjelp | 48 | 50 | 52 |
| i alderen 18 – 24 år | 16 | 18 | 11 |
| Snitt stønadslengd mnd | 4,4 | 4,0 | 5,1 |
| i alderen 18 – 24 år | 4,8 | 3,1 | 5,5 |
| Mottakarar med stønad meir enn 6 mnd | 14 | 9 | 18 |
| Mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde | 28 | 24 | 29 |

Talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp har synt ein liten auke også i 2018. Det mest urovekkjande er at stønadslengd, dvs kor lenge ein har stønad har auka for alle grupper. Ein ser mellom anna at talet på dei som tek mot øk sosialhjelp i meir enn 6 mnd har dobla seg på 1 år. Det er og urovekkjande at det er fleire som har øk sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Det er ikkje berre i Samnanger me ser ei slik utvikling. Årsaka ligg nok i hovudsak i at staten har stramma til vilkåra for å få Arbeidsavklaringspengar. Det positive er at talet på dei mellom 18 og 24 år er redusert. Det heng nok saman med aktivitetsplikta som er innført.

Satsane for sosialhjelp er rådgjevande statlege satsar.

| Søknad om økonomisk sosialhjelp | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Søknad økonomisk sos.hjelp | 245 | 290 | 363 |
| Søknad om startlån | 6 | 4 | 7 |
| Søknad om bustøtte | 38 | 30 | 17 |
| Søknad om utbetringstilskot | 2 | 2 | 1 |
| Søknad om parkeringsløyve | 11 | 11 | 12 |
| Søknad om transportordning for funksjonshemma | 15 | 13 | 4 |
| Søknad red foreldrebet i barnehage | | | 15 |

1

- **Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområder – måloppnåing**

  **Måla for eininga i 2018 var:**

  *Meir integrerte flyktningar.*

  Både gjennom introduksjonsprogrammet og gjennom språkkaféane som har vore gjennomført så er nok dei fleste betre integrert i Samnanger-samfunnet no enn for 1 år sidan.

  *Det 2 årige introduksjonsprogrammet er avslutta.*

  Det er nokre som har fått innvilga år 3 men for dei aller fleste er programmet no avslutta.

  *Eit godt system for aktivitetsplikt.*

  Det at talet på mottakarar av øk sosialhjelp er redusert i ungdomsgruppa tyder på at det er gjort bra arbeid på dette området.

*Politisk vurdering på om aktivitetsplikta skal utvidast til å omfatta fleire.*
Det er ikkje gjort og årsaka ligg i at ein no gjennomfører eit prosjekt som vil fanga opp noko av dette.

- **Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Eininga har eit svært lågt sjukefråvær på 1,22%. Ein er svært godt nøgd med dette resultatet. Det er viktig å halda fokus på eit godt arbeidsmiljø, det bidreg til eit lågt sjukefråvær. I ei lita eining som NAV kan ei sjukemelding gje store utslag på sjukemeldingsprosenten.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i % | 5,7% | 3,8% | 8,3% | 1,22% |

**Mål 2019:**

- Gjennomføra prosjektet på ein god måte og synleggjera resultata.
- Redusera stønadslengda
- Halde fram med å gje god hjelp/bistand til dei som treng det.



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Harald Ramm Salbu

**Netto utgifter:**
Kr 11 908 000

**Avvik budsjett:**
Kr 100 800
(meirforbruk)

**Tal tilsette:**
12
(eksl sjukehjemslege)

**Sjukefråvær:**
4,35%

**Tal årsverk:**
7,3
(ekls sjukeheimslege og priv. legepraksis)

**Tal brukarar:**
2.465 innbyggarar

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

**Helse** (psykiatri, kommunepsykolog, fysioterapi, jordmor, helsesøster, lege, kommunale ØH senger, legevakt og first responder).

## Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Samhandlingsreforma frå 2012 pregar arbeidet innanfor eining for helse. Stadig fleire oppgåver og ansvar vert ført over på primærhelsetenesta frå andrelinetenesta. Bærekraftige helsetenester der pasienten bur, med tidlegast mogleg innsats og med vekt på førebygging, er bærande element i reforma. Også i 2018 har helseeininga fylgt opp dette arbeidet.

Nasjonale føringar med auka fokus på den gravide sine psykososiale forhold, vald og overgrep, overvekt, røyking og rus har også i 2018 vorte vektlagde i arbeidet til jordmor og helsesøster.

I 2017 vedtok Stortinget at alle kommunar skal tilby psykologkompetanse innan 2020. I 2018 realiserte Samnanger etableringa av denne kompetansen.

Nye nasjonale faglege retningsliner for helsestasjons- og skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom kom i 2017. 2018 har vore det første heile året vi har jobba med å implementere dette i tenesta vår.

## Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområder/måloppnåing

I hht lovkrav om psykologteneste i kommunane frå 2020, var det viktig for eininga å realisere ei tilsetting allereie i 2018. Vi lukkast å tilsette ein kommunepsykolog i 100 % stilling i mars. Han er lokalisert på Helsetunet, og har i sin stillingsinstruks eit spesielt fokus på førebyggjande arbeid inn mot barn og unge. Han skal også bruke mykje av si tid på rådgjeving og systemarbeid.

Kommunefysioterapeuten har halde fram med fellestrim på Samnangerheimen x 3 pr veke, treningsgruppe for pasientar med KOLS og bassengtrening for personar med ulike lidingar.
Jordmor har hatt som mål å få til tidlegast mogleg heimebesøk etter fødsel, så langt stillingsressursen tillèt.

I 2016 blei avtalen om kommunal akutt døgnplass ved Diakonissehjemmets Sykehus Haraldsplass sett i verk. Erfaringa med desse har vore gode. Men også i 2018 har det vore ein

utfordring å få etablert hyppigare bruk av denne tenesta. Vi hadde berre 9 innleggingar i 2018.

Etablering av skriftlege prosedyrar ved legekontoret er ein pågåande prosess, og vart vidareført i 2018.

Etter innføring av nytt naudnett i 2015 har ein også i 2018 hatt utfordring med noko forseinka varsling av First responder. Dette skuldast nye sentrale føringar for varsling. Også i 2018 har ein arbeidd aktivt opp mot aktuelle aktørar for å oppnå raskare varsling.

- **Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Eininga sine halvårlege samlingar for sosialt samvær/tur/julelunsj samt ad hoc samlingar på Helsetunet er viktig for å trygge relasjonar og gje oppleving av å være ein viktig arbeidstakar. Vi arbeider for halvårlege halv- eller heildagssamlingar for fagleg påfyll/teambuilding. Det har av kapasitetsgrunnar ikkje vore mogleg å avhalde slike samlingar i 2018.

Det er regelmessige samtalar mellom einingsleiar og den enkelte tilsette, inkl medarbeidarsamtalar.

Det vert gjennomført månadlege møte i allmennlegeutvalet i Samnanger. Personalmøte for legekontoret vore gjennomført 8-10 gonger pr år.

Det er regelmessige samlingar for befal på First Responder, samt for heile First Respondermannskapet. Det er fleire årlege kurs og øvingar for å oppretthalde kompetansen. Ein del av dette fell inn under Brann.

- **Spesielle hendingar i 2018;**

Forum for tverrfagleg samarbeid for barn og unge var eit viktig forum også i 2018. Begge helsesøstrene er med her. Vi var med å arrangerte Verdsdag for psykisk helse i oktober 2018.

Pga pensjonering og dødsfall av ein tilsett, blei antal tilsette i psykiatritenesta redusert frå 3 til 1 i 2018. Frå 13. august 2018 tilsette vi Linn Agate Mælte som miljøterapeut/psykiatrisk sjukepleiar i 90 % stilling.

Helsesøster Vivi Lill J. Bech søkte og fekk innvilga permisjon frå 1.1.2019. Det har ikkje lukkast å skaffe vikar med helsesøsterkompetanse. Vi har frå desember 2018 tilsett ei av våre psykiatriske sjukepleiarar, Linn Agate Mæle, som mellombels vikar i 40 % stilling. Ho fortset som psykiatrisk sjukepleiar i sin resterande stillingsprosent.

Helsestasjon for ungdom blei etablert på biblioteket i mai. Pga Vivi Lill J. Bech sin permisjon frå 1.1.2019 måtte tiltaket leggjast på is, og det vart aldri tid til å etablere tiltaket godt.

Nokre viktige faglege fora
Psykiatritenesta deltek i månadlege samarbeids- og fagmøte på Solli DPS.
Jordmor deltek i samarbeidsmøte med spesialisthelsetenesta og diverse regionale fagmøte.
Leiande helsesøster deltek i regionale fagforum.
Kommuneoverlegen deltek på smitteverndagane ved Folkehelseinstituttet,
på Fylkesmannen si årlege samling for kommuneoverlegar, i underutval for akuttmedisinske tenester i Bergensregionen, samt i regionalt forum for kommuneoverlegar i regionen.

Utfordringar i 2018
- Få etablert kommunepsykolog godt i sin stilling, der ein finn god balanse mellom kurativt arbeid, rådgjeving og arbeid på systemnivå.
- Sjå at psykiatritenesta med sine nye tilsette finn sin plass og utviklar tenesta
- Nytta ØH-sengene på Diakonissehjemmets sjukehus Haraldsplass optimalt
- Arbeida vidare med å få på plass prosedyrar på legekontoret
- Være proaktiv innanfor førebyggjande tiltak knytt til barn og unge.
- Stabilisere helsesøstertenesta, og reetablere helsestasjon for ungdom i tilpassa form.



29% til Oppvekst av tot.brutto utg.




## FAKTA OM SEKTOREN

**Sektorleiar:**
Rita Ludvigsen til juli 2018
Heidi Fossdal frå aug. 2018

**Netto driftsutgifter:**
Kr 53 819 000

**Avvik revidert budsjett:**
Kr – 362 000
-0,67% (mindreforbruk)

**Tal tilsette:**
101

**Tal årsverk:**
71,58

**Tal brukarar:**
283 elevar
99 barnehagebarn
2 465 innbyggarar

**Einingar:**
Barnehagane
– Vassloppa og Dråpeslottet
Samnanger barneskule
Samnanger ungdomsskule

**Adresse til nettside:**
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

# OPPVEKST

Til oppvekstsektoren ligg barnehagane – Vassloppa og Dråpeslottet, Samnanger barneskule og Samnanger ungdomsskule. I tillegg dekker den fellesadministrasjon av grunnskulane, barnehageforvaltninga og PPT-kontoret, samt vaksenopplæring.
Barnevern ligg til rådmann, men fakta vert lagt inn under oppvekst.

## Økonomi

Barnehage- og skuleår følgjer ikkje budsjettåret. Dei tilsetjingane som vert gjort i august, bind ofte einingane opp 7/12- delar inn i nytt budsjettår. Sektoren hadde eit underforbruk på 362 000 kroner.

| Einingane – 1000 kroner | 2017-R | 2018-B revidert | 2018-R | Avvik Rev. budsj |
|---|---|---|---|---|
| **Helse/Omsorg adm.utg** | 7 800 | 7 278 | 7 172 | -106 |
| **Barnehage** | 14 309 | 15 291 | 15 296 | + 5 |
| **Barneskule** | 18 878 | 20 825 | 20 876 | + 51 |
| **Ungdomsskule** | 10 570 | 10 787 | 10 475 | - 312 |
| **Samla** | 51 556 | 11 807 | 11 908 | - 362 |

**Dette jobbar me med**

- Implementering i einingane av verdiane våre; *Kvalitet, Tillit, Framsynt*
- Oppretta eige PPT-kontor i kommunen
- Tverrfagleg samarbeid – med hovudmål *«Å gjera kvarandre gode, og villa kvarandre vel»*
- Implementerer og system som sikrar ny pedagognorm og bemanningsnorm i barnehagane.
- Implementerer og system som sikrar ny pedagognorm i skulen
- Implementering av ny rammeplan i barnehagane
- Reduksjon i sjukefråvær og nærvær i barnehagane gjennom prosjektet; *Nøkkelen – eg og du.*
- Overgang barnehage –skule og tverrfagleg samarbeid (TFS)
- Auka fagkompetanse i barnehage og skule
- Vurdering for læring
- Ungdomsskulen er pilotskule i valfaget «programmering»
- Kompetanseheving gjennom videreutdanning i mat og helse, matematikk, skuleleiing og skulemiljø.
- Utemiljøet i barnehage og skule
- Tidleg innsats

**Visjon**
**Ein god stad å vera, ein god stad å læra**

**Status mål**

Statusmåla er henta ut frå kommunebarometeret. Grunnskulane våre vert rangert svært høgt og ligg på 24. plass, medan barnehagane ligg på 230. plass. Karakter går frå 1 til 6, der 6 er høgaste skår. Samnanger skårer høgt innan fleire område og særskilt på elevresultat for avgangselevar og sosial trivsel.

På barnetrinnet har me svært god kompetanse til å undervise i basisfaga norsk, engelsk og matematikk, medan me må ved rekruttering og videreutdanning sikre fleire med denne kompetansen på ungdomstrinnet.

Samnanger gjev i svært liten grad leksehjelp i frå 5-10 trinn, noko som bør bli vurdert i neste økonomiplanperiode. Barnehagane har god pedagogisk kompetanse i leiinga og blant tilsette. Med berre 1 mann tilsett i barnehagane bør me satsa på å få rekruttert fleire dei neste åra. I tillegg bør me ha særskilt fokus på å få auka opp talet på minoritetsbarn som går i barnehage.



# FAKTA OM BARNEVERNET

**Barnevernsleiar:**
Anita Eide
(Bergen kommune, avd. Arna)

**Netto driftsutgifter:**
Kr 5 425 000,-

**Avvik revidert budsjett:**
Kr -18 000

## Årsmelding 2018 Barnevern

Bergen bystyre vedtok i april 2016 ein avtale om vertskommunesamarbeid (jmf kommunelova §28) om oppgåver etter barnevernlova. Samnanger kommunestyre vedtok avtalen 12. mai 2016. I dette vedtaket ligg det at barnevernsjefen for avd. Arna, Anita Eide, også har ansvaret for Samnanger. Det vart samstundes inngått avtale om barnevernsvakt. Dette ansvaret låg tidlegare på barnevernssjefen som i realiteten var i beredskap heile døgeret.

Barnevernet får framleis få meldingar, men dei meldingane som kjem vert handtert innan fastsette fristar. Sakshandsaming når det gjeld oppfølging/undersøkingar m.m. vert gjort godt innan lovpålagte fristar.

| Statistikk 2018 | |
|---|---|
| Meldingar i alt | 9 |
| Melding som gjekk til US | 7 |
| Melding med behandlingstid innan 7 dagar | 9 |
| Barne med US eller tiltak | 7 (alle var nye US) |
| US som førte til tiltak | 2 |
| Barn med tiltak i løpet av året | 4+1 (over 18 år) |
| Barn med tiltak i fosterheim | 9 |
| Barn med tiltak for å forbetra foreldreferdigheiter | 3 |
| Barn med tiltak for å styrka barnets utvikling | 1 |

Barnevernsleiar melder om godt samarbeid med Samnanger kommune og dei ulike einingane.

### Barnevernsmyndigheit

Det er viktig å presisera at sjølv om kommunen har sett ut oppgåvene om barnvern til Bergen
kommune, så er det Samnanger kommunestyre som er barnevernsmyndigheita i kommunen og har
ansvar for å føra tilsyn og internkontroll med arbeidet som vert gjort.

# Barnehage




**Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2018.**

2018 var året for fleire nye sentrale føringar i barnehagesektoren.

- Ny pedagognorm gjeld frå 01.08 2018.
- Ny bemanningsnorm vart lansert, men kommunane har fått inneverande barnehageår til å setje den ut i livet.

Me har vore heldige og fått tilsett 2 nye barnehagelærarar og held oss innafor bemanningsnormen.

Begge barnehagane jobbar framleis med implementering av ny rammeplan og har produsert nye årsplanar.
Me har full barnehagedekning i Samnanger kommune. Alle barn som har fyllt eit år før 1. desember har fått plass, og me har i tillegg teke imot nye barn pr. 01.01.2019. Gjennomgang av barnehageeininga viser til at det er eit innsparingspotensial på leiarstruktur og bemanning. Dette vil verte arbeidd med i neste års budsjett.

**Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområder i 2018**

Me jobbar innan kommunen sine verdiar - *KVALITET – TILLIT – FRAMSYNT* - og held fram med arbeidet i 2019.

*Barnehagane skal vera framsynte med høg kvalitet*

- Me skal vidareføra implementering av ny rammeplan
- Me skal vere ein lærande organisasjon med kontinuerleg refleksjon over eigen praksis.
- Me skal lage ein handlingsplan for godt psykososialt barnehagemiljø

*Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass.*

- Me skal tilby kompetanseheving, og læring på arbeidsplassen
- Me skal delta aktivt i prosjekt for nærværsarbeid : NØKKELEN-EG OG DU.
- Me skal jobba aktivt med kommunikasjon på alle nivå i organisasjonen

*Barnehagane skal levere tenester med god kvalitet med fokus på tillit*

- God rutinar for samarbeid med føresette
- God informasjon og kommunikasjon med brukarane .Nytta Vigilo



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Anne J Fredriksen

**Netto utgifter i 2018:**
15 296 000

**Avvik budsjett i 2018:**
kr 5 000 (overforbruk)

**Tal tilsette i 2018:**
35

**Tal årsverk i 2018:**
27,4

**Sjukefråvær:**
11,20%

**Tal barn i 2018:**
99

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

- Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule og fokus på tverrfagleg samarbeid



Ein god stad å vera
Ein god stad å leike og læra

*Barnehagane og skulen i Samnanger har felles visjon, men i barnehagen er leik og læring nært knytta saman.*

- Vår tilnærming til læring er gjennom leik og dette er eit fokusområde i den nye rammeplanen. Hausten 2018 var me på eit kurs om inkluderande leikemiljø. I 2019 skal begge barnehagane ha dette som eit utviklingsområde.
- Forbetringsområde etter foreldreundersøkinga i 2017 var informasjon. I 2018 investerte me i eit digitalt kommunikasjonsverktøy. Vigilo. Føresette og tilsette kan gi meldingar t.d. få  bilde frå barnehagekvardagen, sende små påminningar, melde fråvær og ferie og legge ut ymse planar. Me håper at dette vil gje eit oppsving  i informasjonsflyten mellom heim og barnehage.

### Investering / nye tiltak

Etter 10 års drift fekk Dråpeslottet oppgradert delar av leikeplassen. Me fekk  mellom anna eit nytt leikeapparat + at det vart utført ein del grunnarbeid rundt skliene. Det gjenstår framleis litt før dei er ferdige med heile leikeplassen.



*Spanande byggeaktivitet på Dråpeslottet  - nytt leikestativ*

### Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø

Barnehagane hadde i 2018 eit sjukefråvær på 11,20%, og fekk midlar til å sette i gang nærværsprosjektet:  *Nøkkelen eg og du.*
Fokus er på nærværsarbeid der me valgte å jobbe med desse 4 målområda:

- Kompetanseheving
- Trivsel og arbeidsglede
- Kommunikajon og tilbakemeldingskultur
- Ergonomi / fysisk miljø

Innan ergonomi og fysisk miljø har me kjøpt inn stolar, utebenker og sitteputer. Målet er og å auke medvitet om bruk av tilgjengeleg utstyr. Innanfor kompetanseheving har barnehagen fleire som no tek utdanning. 2 fast tilsette assistentar  på Vassloppa og 1 vikar på Dråpeslottet tek no teoridelen for barne og ungdomsarbeidar og vil melde seg opp til fagprøven. Ein assistent har teoridelen og skal melde seg opp til fagprøven .
I tillegg tek 3 pedagogiske leiarar  på Dråpeslottet vidareutdanning  i  Læringsmiljø og pedagogisk leiing.
Me jobbar aktivt for å få ned sjukefråværet, og me ser ein nedgang, men det er litt tidleg å sjå effekten av prosjektarbeidet.

## Spesielle hendingar 2018

- Vår/ sommar 2018 oppstart KLP nærværsprosjektet - *Nøkkelen eg og du*
- Juni: Ekstremsportveka i Vassloppa barnehage
- August: Felles planleggingsdag for skule og barnehage
- Oktober: Verdensdagen for psykisk helse der me arrangerte ei temaveke med spesiell fokus på psykisk helse: *Om å vera raus*
  Begge barnehagane har hatt fokus på vennskap og inkludering/ gjennom heile året/ spesiell innsats når det kjem nye barn
- Oktober/november - kunstutstilling på biblioteket med Dråpeslottet barnehage i samband med Forutprosjekt. Foreldre og besteforeldre vart invitert til Forutaksjon. Me samla inn kr. 6000 til barn i Sri Lanka
- Hausten 2018. Medarbeidarundersøking faktor 10 og spørreundersøking KLP
- Desember. 10 årsjubileum i Dråpeslottet barnehage
- Begge barnehagane har faste tradisjonar som karneval, haustfest og ulike arrangement rundt jul og sommar.
- Kvar påske inviterer me føresette på frukost ein av dagane i veka før palmesøndag



*Vassloppa barnehage Ekstremsportveka . Elvevandring*

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**
Vigdis Vikne

**Netto utgifter i 2018:**
kr. 20 876 000

**Avvik budsjett i 2018:**
Kr. 51 000 (meirforbruk)

**Tal tilsette i 2018:**
43

**Sjukefråvær:**
7,26%

**Tal årsverk i 2018:**
33,47

**Tal elevar i 2018:**
212

**Tal elevar sfo i 2018:**
40

Adresse til nettside:
www.sambs.no

*Søk på aktuell eining*

Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

# Samnanger barneskule

**Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2018**

**Kort oppsummering av resultata frå nasjonale kvalitetsindikatorar**
Eininga har hatt eit krevjande år med fleire langtidssjukemeldingar. Det er til tider vanskeleg å finna vikarar, særleg i administrasjonen.
Ein liten tilbakegang på fleire av områda. Det kan vera ulike årsaker til dette. Samanlikna med fylket og nasjonalt, ligg barneskulen svært likt. Resultata viser m.a. god trivsel, god tillit til lærarane.
Resultata av *nasjonale prøvar* viser at dei samla resultata for begge klassane, ligg like under snittet nasjonalt.

SFO*: Sfo har gode rutinar og flinke tilsette. Det er viktig å kunna halda fram med 2 vaksne om morgonen. Det vert satsa på fysisk aktivitet. Bading kvar torsdag er svært positivt. Tilbod om mat kvar onsdag er også positivt.*

**Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær**
Skulen har ein høgare sjukefråværsprosent enn normalt. Dette skuldast i stor grad fleire langtidssjukemeldingar som ikkje er relatert til arbeidsplassen, men også sjukemeldingar som har med arbeidsplassen å gjera. Sjukefråværet for 2018 er på 7,26%. Det vert arbeidd med løysingar der dette er mogeleg.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering**
Me har innarbeidde rutinar kva gjeld handhygiene, inne- og utesko, samt handtering av avfall.

**Spesielle hendingar i 2018**
Planleggingsdagen 9. nov. 2018 var ein merkedag for skulen. Då hadde me besøk av Thomas Nordahl. Besøkjande frå nabokommunar, og mange frå eigen kommune, fekk oppleva ein engasjert professor som m.a. snakka om tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Andre hendingar har vore gjennomgangen av drifta alle einingane har hatt. Dette har også ført til endringar ved barneskulen. Gjennomgangen vart leia av konsulent E. Fjornes.
Elles vart 7B best av alle 7.klassane i landet i Norli sin lesekonkurranse. Dei vart nummer 3 av totalt 2200 klassar som deltok!

Skulen kunne hausten 2018 markera 20 års jubileum sidan opninga av barneskulen på Gjerde. Mykje har skjedd på desse åra fram til slik skulen er i dag.  Me har ein flott og god skule!


Her frå arbeidet i 1997


Etter byggjesteg nr.2

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar/rektor:**
Bodil Helliesen Øpstebø

**Netto utgifter i 2018:**
10 475 000

**Avvik budsjett i 2018:**
kr 312 000 (mindreforbruk)

**Tal tilsette i 2018:**
20

**Tal årsverk i 2018:**
Vår 13,81/Haust 12,81

**Sjukefråvær:**
6,27%

**Tal elevar i 2018:**
Vår 77/ Haust 71

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

*Søk på aktuell eining*

# Samnanger ungdomsskule

**Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2018**
*Ein god stad å vera – ein god stad å læra*, slik opplever dei tilsette læringsmiljøet i kvardagen saman med elevane. Elevane er arbeidsame og høflege, men er som ungdomar flest med litt brytning for å finna ut av livet.

Samnanger ungdomsskule driv etter gjeldande lovverk med undervisning, tilpassa- og spesialundervisning der ein legg vekt på inkludering, noko som også er i tråd med strategiplanen for oppvekst og kultur. Samarbeidet heim - skule er svært godt. Elevane gjev uttrykk for at dei stort sett trivst. I samarbeid med PPT og heimane har skulen ein kritisk gjennomgang i bruk av spesialundervisningstimar kontra tilpassa opplæring inne i klassen. Dette har ført til nokre endringar der ein mellom anna varierer mellom å ha to lærarar i klasserommet eller å dela i mindre grupper etter behov.

Pedagogane starta hausten 2017 opp med «*Vurdering for læring*» (VFL) med rettleiing frå Høgskulen Innlandet på Lillehammer. Det er i tråd med gjeldande strategiplan. Dette vart vidareført i 2018. Det er lærerikt å få meir kunnskap om vurdering og kva forsking seier fører til anvendt kunnskap. Eininga er oppteken av skuleutvikling og i samband med dette nyttar ein metoden «lærande møte».

Skulen skårar framleis jamt over høgt på dei ulike sentrale indikatorane som elev-undersøkinga, SSB-undersøkinga og i grunnskulepoeng, men har nedgang på nasjonale prøvar. Dette gjer at me har drøfta og styrkar lesetrening på 8. trinnet.

Elevrådet har aktive og dyktige medlemmar som tek ansvar i skulekvardagen, samt ved ulike arrangement t.d. sumarfest og juleball.

Å ha aldersblanda gruppe i valfag har vore vellukka. FAU og elevrådet har også uttalt seg positivt til dette. Me er no inne i tredje året som pilotskule i «Programmering», og elevane er svært nøgde med dette valfaget. Som pilotskule får me kr 75 000 pr skuleår til utstyr og kurs for lærar. Andre valfag er «Innsats for andre» som er rundt i bygda med tilbod om ei ekstra hand, til dømes i barnehage, skule, og på sjukeheimen. Alt dette gjev elevane verdifulle erfaringar. «Produksjon av varer og tenester» lagar god mat til kantina, «Fysisk aktivitet og helse» skaper aktivitet på ein god måte i ein stillesitjande kvardag. «Medier og informasjon» er ei ny gruppe som skriv litt og jobbar med skuleavis og samansette tekstar.

**Eininga sine hovudmål og satsingsområde i 2018 – måloppnåing**
Strategiplanen ligg til grunn for vektlegging av satsingsområde og for rapportering om måloppnåing. Skulen legg vekt på å ha dyktige

pedagogar og assistentar som er engasjerte og skapar gode læringsarenaer, noko som medverkar til gode resultat. Samt å gjera ungdommane til robuste samfunnsborgarar i samarbeid med heimen.

**Grunnskulepoeng Samnanger ungdomsskule (SAUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N)**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittlege grunnskulepoeng | 42,9 SUS<br>40,9 H<br>40,4 N | 41,2 SUS<br>41,4 H<br>40,8 N | 43,9 SUS<br>41,6 H<br>41,2 N | 45,6 SUS<br>41,8 H<br>41,4 N | 43 SUS<br>42,3 H<br>41, 8 N |

**Nasjonale prøver Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N)**

| 2016-2018 | SUS-16 | H-16 | N-16 | SUS-17 | H-17 | N-17 | SUS-18 | H-18 | N-18 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lesing 8 tr | 53 | 49 | 50 | 50 | 49 | 50 | 47 | 49 | 50 |
| Lesing 9 tr | 57 | 54 | 54 | 57 | 53 | 54 | 45 | 53 | 53 |
| Engelsk 8 tr | 54 | 50 | 50 | 51 | 50 | 50 | 48 | 50 | 50 |
| Rekning 8 tr | 52 | 50 | 50 | 51 | 50 | 50 | 48 | 49 | 50 |
| Rekning 9 tr | 54 | 54 | 54 | 54 | 54 | 54 | 55 | 54 | 54 |

Resultata syner at ein nådde målet om å vera over snittet i Hordaland i rekning på 9. trinnet. På 9. trinn i norsk skjedde det ein feil slik at dei oppgåvene som hadde manuell scoring ikkje vart retta. Dette medførte at elevane vart oppført med lav skår. Alle elevar deltok i gjennomføringa på begge trinn.

**Eksamen:** I 2018 kom elevane opp i skriftleg eksamen i matematikk og munnleg norsk, matematikk og engelsk. Resultata samsvarte bra med standpunktkarakterane.

**Kompetanseheving:** I tillegg til VFL avslutta ein pedagog si vidareutdanning i mat og helse våren 2018. Hausten 2018 fekk ein pedagog delta på utdanning som lærarspesialist i matematikk ved NTNU (går over 2 år). Rektor deltek på etterutdanning i skuleleiing og skulemiljø ved NLA høgskule.

**Psykososiale skulemiljø:** Skulen har nokre utfordringar i det psykososiale skulemiljøet. Undersøkingar syner at det førekjem mellom anna mobbing på nett. I tillegg ser me at fleire elevar slit med ulike typar utfordringar innan psykisk helse. Skulen tek dette på alvor, og samarbeidet mellom kontaktlærar, sosiallærar, leiing, skulehelsetenesta, PPT, BUP og andre fagmiljø er svært viktig og fungerer godt. Me ser ein aukande trong for tilgang på meir kompetanse innan det helseførebyggjande.

**Nettverk/samarbeid med barneskulen:** Skuleåret starta med felles planleggingsdag for dei tilsette i barnehage og skule. Temaet var incest og seksuelle overgrep og SMISO hadde ansvar for dagen. Personalet opplever dette som trygging på korleis møte ulike utfordringar i samfunnet. I november hadde me ein dag med professor Thomas Nordahl saman med skulane i Vaksdal kommune.

**Økonomien**: Skulen har halde seg innanfor gjeldande budsjett, og ein har vore nøktern med investeringar og bruk av personell. Ein rettar seg etter rådmannen si melding om «å ha bremsen på». Samstundes klarte me å fornya med 4 digitale tavler, men ser at fornying av pultar, kantina, stolar, fleire digitale tavler mm vert naudsynt. Me har og kanskje brukt for lite vikarar slik at det går ut over dei som er igjen.

**Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Det har vore gjennomført Faktor 10 undersøking i personalet dette året. Me vil ha fokus på kompetanseheving og fleksibilitet komande år. Gjennom medarbeidarsamtalane har rektor fått tilbakemelding på høg trivsel og høvelege utfordringar gjennom kollektiv kompetanseheving for heile lærarkollegiet gjennom VFL og det 13. årige samarbeidet (m/ Fusa og Tysnes).

Ungdomsskulen har eit sjukefråvær på 4,06% og ligg for høgt i forhold til målsettinga for eininga når det gjeld sjukefråvær. Det er kjent i kollegiet at kommunen er IA-bedrift. Einingsleiar opplever eit godt samarbeid med bedriftsheletenesta, helsetenesta i kommunen og andre instansar når det er naudsynt. I 2018 har me hatt lengre sjukemeldingar og me har tilpassa for inkluderande arbeidsmiljø.

Samnanger ungdomsskule har mange tilsette i høve til årsverk (13,81). Dette skuldast at fleire har redusert stilling, og at det ikkje er mogleg for assistentar å ha full stilling innanfor skuledagen.

**Miljøtiltak og energiøkonomisering:**

Handtering av papir og søppel fungerer godt, og no også med retur for plast. Skulen er ein arena for opplæring og målet er å få gode rutinar for sorteringar slik at liv og lære er same sak.

**I elevundersøkinga hausten 2018 vart det ikkje fokus på det fysiske læringsmiljø:**

Det fysiske læringsmiljøet kjem ikkje med i alle undersøkingane kvart år. Om vinteren merkar ein meir ustabil varme i klasseromma og difor bør ein truleg vurdera tiltak som er energisparande. I budsjettet for 2019 er det løyvd pengar til opprusting av det fysiske utemiljøet.

**Spesielle hendingar i 2018:**

Skulen får mange gode opplegg/framsyningar gjennom «Den kulturelle skulesekken» som er til inspirasjon og læring. Alle klassane fekk reise til Bergen på portrett-teikning der kreative evner fekk utfolda seg.

Me har hatt vitjing av politiet i høve til førebyggjande arbeid når det gjeld misbruk som t.d. digitale media og konsekvensen av dette. God kommunikasjon og viktige spørsmål vart sett på dagsorden og drøfta. Entreprenørskap med kafeen til 9. klasse har vorte ein tradisjon. Kunnskap om ulike ledd i ei bedrift vert synleggjort og sett ut i praksis. Det er motiverande og engasjerande for elevane og flott resultat med godt overskot til 10. klasseturen.

Basegruppa i «Tverrfagleg samarbeid» i kommunen planla og gjennomførte psykisk helsedag. På ungdomsskulen vart dagen markert med fellesmåltid og føredrag ved Trond Haukedal. Han engasjerte elevane med temaet «Noko å glede seg over».

**Utfordringar i året som gjekk:**

- At me ikkje har fått gjort meir med det fysiske ute-miljøet
- At me blir betre på digital kompetanse, t.d. utvikle heimesida, geogebra-kurs mm.
- At me har for få timar og personar til å arbeida med det psykososiale skulemiljøet Målet er å ha ein skule med god balanse mellom drift og utvikling der trivsel og læringsutbytte er sentralt, men også førebyggjande helse er viktig.

# Investeringar

For 2018 var det budsjettert med 20 små og større investeringsprosjekt. 10 prosjekt var med i opphavleg budsjett.

Det er fleire investeringsprosjekt som ikkje er ferdigstilt i 2018 og som vil fortsette i 2019. Dette gjeld mellom anna siste del av arbeidet med Liavegen, renovering av toalett og tak på ungdomsskulen. I tillegg er det fleire prosjekt som ikkje har starta opp eller berre så vidt er starta opp. Dette gjeld mellom anna planlagt investering i VA Tysse og renovering av bruer. Arbeidet med Skottabakken er starta opp og er forventa ferdig i årsskiftet 2019/2020.

Det vert laga byggjerekneskap på alle større investeringsprosjekt.

Totalt er det brukt kr 11,79 mill kroner i 2018. Dette er 0,9 mill lågare enn i rev. budsjett.

| | Kostnadsramme | | | Rekneskap | | | Avvik | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Opphavleg | Justert | rev. budsjett 2018 | Sum 2011-2016 | 2017 | **2018** | Mot kostnads-ramme | Mot budsjett 2018 |
| **Testamentert bustad** | 3 000 | 3 270 | 270 | 0 | 3 007 | 294 | 30 | 24 |
| **Bu og aktivitetssenter bygging** | 48 900 | 48 900 | 922 | 0 | 0 | 925 | -47 975 | 2 |
| **Skjervo, renovering** | 0 | 194 | 194 | | | 215 | 21 | 21 |
| **Samnanger ungdomsskule** | 538 | 472 | 472 | | | 212 | -261 | -261 |
| **Fleirbrukshall, planlegging** | | 38 | 38 | | | 191 | 153 | 153 |
| **Prestebustad, selt 2019** | 3 000 | 3 025 | 25 | 0 | 7 | 27 | -2 991 | 1 |
| **Barnehage, uteområde** | | 124 | 124 | | | 121 | -3 | -3 |
| **Bibliotek** | 14 146 | 14 764 | 0 | 0 | 14 763 | 0 | -1 | 0 |
| **Vassverk** | 995 | 1 049 | 102 | 0 | 1 555 | 102 | 608 | 0 |
| **Vassforsyning Tysse** | | 50 | 50 | | | 60 | 10 | 10 |
| **Avløp Tysse** | | 50 | 50 | | | 60 | 10 | 10 |
| **Industriområde Rolvsvåg, veg** | 6 173 | 6 300 | 5 675 | 0 | 625 | 5 675 | 0 | 0 |
| **Veg, sikring Liavegen** | | 2 307 | 2 307 | | | 1 366 | -941 | -941 |
| **Veg til Totræna** | 2 642 | 3 471 | 829 | 0 | 2 621 | 845 | -5 | 16 |
| **Parkeringsplass Bjørkheim** | | 39 | 39 | | | 149 | 110 | 110 |
| **Brann, frigjeringsutstyr** | | 234 | 234 | | | 234 | 0 | 0 |
| **Elevmaskiner skule** | | 350 | 350 | | | 349 | -1 | -1 |
| **Datatutstyr ung.skule** | | 197 | 197 | | | 197 | 0 | 0 |
| **Ressursstyringssystem** | | 452 | 452 | | | 384 | -67 | -67 |
| **Web-sak fokus** | | 383 | 383 | | | 383 | 0 | 0 |
| **Sum oversikt** | **79 393** | **85 669** | **12 715** | | | **11 788** | **-51 303** | **-927** |

*(Tall i 1000, minusteikn betyr innsparing jfr budsjett)*

For mindre tiltak og investeringar vert det vist til teknisk drift si årsmelding.
Nedanfor er ei kort omtale av dei største investeringprosjekta.

**Liavegen**
Liavegen er 4 km og den lengste kommunale vegen i Samnanger. Den er svært rasutsett, og i 2018 gjekk det fleire større ras. Det var og få strekningar som hadde rekkverk eller var sikra. Spesielt vinterstid vart vegen opplevd som svært utrygg for både innbyggarane og kommunen sitt brøytemannskap. Tiltaket var høgt prioritret i TS-planen og som HMS-tiltak. Liavegen er no utbetra

med totalt litt over 1 km med betongrekkverk. I samband med rasa står det att noko sikring mot utrasing, som vil verte lagt ut på anbod våren 2019.

**Totræna – utbetring av parsell**
Parsell i privat eige på vegen til Totræna skianlegg var svært dårleg og utan rekkverk. Teknisk drift har tatt på seg ansvaret for å brøyte heilt opp til skianlegget frå den kommunale delen. Det vart meldt inn fleire avvik og krav om utbetring dersom brøytinga skulle halde fram. Idrettslaget har bygt ny veg ovanfor den dårlige delen. Ein kan dermed køyra heilt opp i anlegget, noko som har ført til ei vesentleg auke i brukarar, både frå kommunen og tilreisande. Kommunen såg det som eit samfunnsansvar å få vegen utbetra og trafikksikra og inngjekk avtale med grunneigarane til parsellen. Tiltaket er utbetra med masseutskifting, ny asfalt, rekkverk og vart ferdigstilt i oktober før brøytinga starta.

**VVA – Næringsområdet i Rolvsvåg**
Samnanger kommune vedtok i reguleringsplanen at vegen i industriområdet skal vera offentleg og det skal verte bygt veg og VA fram til områda i øvre del av området. Tiltaket gjeld og vatn og avlaup og vart ferdistilt våren 2018.

**Bu og aktivitetssenter – «Skottabakken»**
Nytt bu og aktivitetssenterer på Skottabakken er under bygging og vert klart for innflytting i løpet av hausten 2019. Tiltaket er medfinansiert med tilskot frå Husbanken til bebuarleilegheitene. Tiltaket dekker i tillegg både bebuarar og heimebuande funskjonshemma sitt behov for fellesareal, samt har kontor og personalfasiliteter for dei tilsette. Tiltaket vil verte finansiert med husleigeinntekter, tilskot frå Husbanken og lånemidlar.



*Skisse – bufelleskap Skottabakken*

Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Samnanger kommune
Att.: Rådmann Charlotte Hageberg
Tyssevegen 217

5650 TYSSE

**Revisjonsrapport nr. 9**
(journalføres)

8. april 2019

# REVISJONSRAPPORT 2018

## 1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2018. Vi vil nytta høve til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og tilhøve vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og organisasjonen sine rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskaps-rapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

## 2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

## 3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2018, samt at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. Inkludert i vår revisjon har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot, avdrag og avskrivingar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjonsmeldinga vår.

## 4 Andre tilhøve

### *4.1 Rutinar løn mot rekneskap*

Arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk vert avstemt kvar månad. Andre opplysningar frå lønssystemet vert kun avstemt årleg mot rekneskapssystemet. Vi tilrår at slik avstemming vert utført oftare, til dømes kvar månad. Vi viser og til rapport nr. 8 der same forhold vart omtala.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

### *4.2 Manglande kontroll ved lønsutbetaling*

Før lønsutbetaling skal lønsavdelinga sende lønsfil til einingsleiaren som skal godkjenne lønsutbetalinga. Rutinen har ikkje fungert tilfredsstillande, ettersom lønsavdelinga ikkje mottar tilbakemelding frå alle einingsleiarane, og nokon gonger er tilbakemeldinga munnleg. Kommunen har etablert ein rutine der alle einingsleiarane skal gje skriftleg tilbakemelding til lønsavdelinga før utbetaling av løn frå og med februar 2019.

### *4.3 Reiserekningar*

Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka ei reiserekning med manglande informasjon om passasjer i tilfelle kor det var kravd kilometergodtgjersle. Vidare er det avdekka ei reiserekning utan signatur av reisande. Dette er ikkje tilfredstillande med omsyn til krava i skattebetalingsforskrifta § 5-6-12. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som vert bokført oppfyller krava i skattebetalingsforskrifta.

### *4.4 Fullmakter bank*

Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einefullmakter for betaling i bank. Vi er klar over at dobbel signering i bank vil vere ei utfordring i praksis, men vi tilrår kommunen å implementere slik rutine for å auke arbeidsdelinga. Vi viser og til rapport nr. 8 der same forhold vart omtala.

### *4.5 Sjølvkostrekneskap*

Kommunen har fleire positive sjølvkostfond. Sjølvkostfond skal nyttast 3-5 år etter at dei oppstod. Det er utarbeidd budsjett med planlagt bruk for fleire av fonda. Vi tilrår at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda vert nytta innan 5 år. Vi viser til rapport nr. 8 der sjølvkostrekneskap vart omtala, og vi ser at det har vore ei betring i budsjetteringa for når fonda skal bli brukt.

### *4.6 Rutinar oppfølging av uteståande kundefordringar*

I kundereskontro ligg det fleire gamle fordringar. Kundefordringar utgjer MNOK 3,4 pr. 31.12.2018, av desse er MNOK 0,4 forfalne i 2017 eller tidlegare. Manglande oppfølging av kundefordringar kan medføre tapt inntekt. Vi tilrår kommunen å arbeide med jamleg oppfølging og purring av uteståande kundefordringar. Vi ser at dette ikkje har blitt prioritert i 2018 på grunn av andre arbeidsoppgåver.

## 5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi takkar for godt samarbeid.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
**Unni-Renate Moe**
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til kommunestyret i Samnanger kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

**Uttale om årsrekneskapen**

*Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Samnanger kommune som viser kr 159.423.288 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1.260.328. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Ytterlegare informasjon*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

*Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggs-opplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

**Utsegn om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om budsjett*
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 *«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 8. april 2019
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
**Unni-Renate Moe**
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmann

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000

Arkivnr: 2018/7-9

Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 16/19 | 13.05.2019 |

# Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

**Bakgrunn**

I kontrollutvalet sitt møte 12.02.18 vart sak vedr. «Ny personvernlov frå 2018 – konsekvensar for kommunane» handsama. I møteprotokoll etter møtet står følgjande:

*«Vedtak:*

1. *Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.»*

Dei 7 spørsmålsstillingane som var reist i saka, og som det er bede om at rådmann svarar skriftleg på er:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

**Rådmann orienterte kontrollutvalet i møte den 14.05.2018 (sak PS 19/18) om arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Dette vart mellom anna protokollført:**

*«Arbeidet har vore svært omfattande og det er ennå ein del som må koma på plass for å tilpassa seg det nye lovverket. Samarbeidet med andre kommunar og regionar har vore vurdert, men sjølv om ein kjem til å velja slike løysingar, ser ein at det likevel er mykje arbeid som må utførast innad i kommunen. Ein er ikkje i mål, men er kome godt i gang».*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Rådmann ga ein ny orientering i kontrollutvalsmøte den 03.09.2018 (sak PS 30/18). Dette vart mellom anna protokollført:**

*«Rådmannen orienterte kort om status for tilpassing til ny personvernforordning*

- *Kjøper personvernombod frå Nordhordland IKT.*
- *Vidare framdriftsplan skal utarbeidast i oktober.*

*Kontrollutvalet vart einige om å be rådmannen om ei ny orientering i desembermøte»*

## Drøfting

Kontrollutvalet hadde saka til handsaming i møte 03.12.2018, men ein kort diskusjon vart kontrollutvalet einige om å utsetje saka til første møte i 2019. Rådmannen kunne heller ikkje møta i februarmøtet, og saka vart difor utsett til dette møtet.

Ut i frå at ein kanskje ikkje reknar med at kommunen er i mål med arbeidet med tilpassing til ny personvernlov, vil sekretariatet tilrå at rådmannen kjem og gjev ei ny orientering til møte i desember 2019.

## Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i desember 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-25
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 17/19 | 13.05.2019 |

## Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen

### Bakgrunn

I møte 14.05.18 vart det under sak «PS 23/18 Referatsaker, RS 9/18», mellom anna vedteke:

*«Tildeling av opphald/sjukeheimsplassar i kommunen (Informasjonen bør omfatta korleis tildeling av opphald skjer, handsaming av søknad om plass, både fast opphald og avlastningsopphald, samt salg av plassar til andre kommunar. Kva kriterier ligg til grunn for tildeling av plass).»*

Under sak om «utvalet sitt kvarter» i møte 03.12.2018 , vart saka igjen diskutert. Dette vart mellom anna protokollert:

*«Kontrollutvalet vil ha ei ny orientering frå rådmannen gjeldande avlastningsplasser ved sjukeheimen. Rådmannen har tidlegare meddelt utvalet om at dette må ho undersøke nærmare. Kva er status her ?*

*Vedtaket var samrøystes.*

*Vedtak:*

*Kontrollutvalet ber om ein ny orientering gjeldande avlastningsplasser på sjukeheimen.»*

### Drøfting

Saka vart lagt fram for kontrollutvalet i februarmøte, men rådmannen kunne ikkje koma og orientere om saka. Saka vart difor utsett til dette møte. Orienteringssaka vert med dette lagt fram for kontrollutvalet.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219

Arkivnr: 2014/240-26

Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 18/19 | 13.05.2019 |

# Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen

## Bakgrunn

Kontrollutvalet hadde orienteringssak om oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i møte 12.02.2018, der dette vart protokollert;

*«Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om saka. Informasjonsnotat datert 12.02.18 vart delt ut og gjennomgått. Informasjonen var om dei digitale rapporteringssystema «Kvalitetsstyring» og «Bedre styring». Desse er nå teke i bruk og noko opplæring er gjennomført. Utfordringa er å få nok tid til å få systema godt implementert i arbeidsdagen og å få lagt inn grunnlagsdata som prosedyrar og rutinar. Politisk delegringssystem er ennå ikkje ferdig. Målsetjing er å ta dette opp i juni-møte i kommunestyret.*

*Kontrollutvalet seier seg i hovedsak nøgd med informasjonen om oppfølgingsarbeid som er gjort. Utvalet ønskjer å få seg førelagt delegeringsreglementet når dette er godkjent av kommunestyret, fortrinnsvis i første møte til hausten. Kontrollutvalet vil då og ta stilling til om ein skal seie seg ferdig med oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen. Vidare ønskjer utvalet at det kan leggast opp til ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og vert brukt i det daglege arbeidet.*

*Vedtak som vart fatta var samrøystes.*

*Vedtak*

1. *Kontrollutvalet seier seg i hovesak nøgd med arbeidet som er utført med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll.*
2. *Utvalet ber om å få seg førelagt delegasjonsreglementet når dette er godkjent*
3. *Utvalet ber om ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og er i bruk»*

## Drøfting
Saka vart utsatt frå februarmøtet til dette møtet, grunna at rådmannen ikkje kunne møte. Kontrollutvalet må ut i frå den informasjonen som vert lagt fram, vurdere om ein ønskjer å lukke saka eller om ein framleis ønskjer ei årleg rapportering på dette. Det er forventa at rådmannen vil leggje fram delegasjonsreglementet for kommunen.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Konklusjon**

Dersom kontrollutvalet er nøgd med informasjonen, må ein vurdera om det er tilstrekkeleg å be om ei ny orientering om eit års tid (alternativt lukke saka), eller om ein ønskjer ei ny orientering til neste møte.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om ein ny orientering om internkontrollsystemet til første møte i 2020

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-27
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 19/19 | 13.05.2019 |

# Psykisk utviklingshemma i kommunen - orientering frå rådmannen

## Bakgrunn

I sak PS 11/19 i møte 04.02.2019 vart dette protokollført:

*«Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå rådmannen om dette:*

1. *Kor mange er registrert som psykisk utviklingshemma i kommunen og mottek kommunen tilskott for dei ?*
2. *Er dei det gjeld informert om at dei er registrert og at kommunen mottek tilskott for dei, og får dei tilstrekkeleg hjelp og tilrettelegging ?*
3. *Er det oppretta verge for dei ?*

*Vedtaket var samrøystes*

*Vedtak***:**
*Kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmannen når det gjelt dei psykisk utviklingshemma i kommunen, slik det kjem fram av dei tre spørsmåla ovanfor»*

## Drøfting

Kontrollutvalet må ut i frå den informasjonen som vert lagt fram i møte, diskutera seg fram til kva ein skal gjera vidare med saka.

## Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 232
Arkivnr: 2016/79-15
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Samnanger kommune | 20/19 | 13.05.2019 |

# Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Samnanger kommune

**Bakgrunn**
Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:
*"Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.*

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

*Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret / kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlige redegjørelse til kommunestyret / kontrollutvalget."*

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytta til skatteoppkrevjarfunksjonen:

*"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."*

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

*"Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist."*

**Drøfting**

Samnanger kommune kjøper tenester frå Kvam herad når det gjeld skatteoppkrevjarfunksjonen. Frå 01.09.2014 er det oppretta avtale om skatteinnkrevjing. I følgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av instruksen for skatteoppkrevjaren.

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen har vore slik dei siste åra: 0,2 årsverk i 2014, 0,4 årsverk i 2015, 1 årsverk i 2016 og 1,7 årsverk i 2017 og 2018.

Skattekontoret har i 2018 gjennomført sine kontrollhandlingar, og det er gjeve pålegg gjeldande at skatteoppkrevjaren må oppdatere rutinar. I svarbrevet til skatteetaten kjem det fram at *«arbeidet med oppdatering av rutinar vil byrja snarast mogleg og ny rutineskildring vil verta levert innan fristen som er gjeven»*. I kontrollrapport 2018 frå skatteetaten kjem det fram at *«Skatteoppkrevjar har etterkome pålegget og sendt inn nye rutinar innan frist som vart sett.»*

Kvam herad har samarbeidsavtale med Kemneren i Bergen v/Hordaland Kommunale Regnskapskontroll om kontrollarbeid vedr. arbeidsgjevarkontroll. Frå 2018 utfører dei og alt kontrollarbeid som gjeld Samnanger.

For Samnanger kommune er det i 2018 gjennomført 1 arbeidsgjevarkontroll, som utgjer 1,8 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen. Det er krav om 5 % kontroll, og det manglar 2 kontrollar for at krav på 5 % vart oppnådd.

Kontrollutvalet bør, med bakgrunn i framlagt årsrapport for 2018 frå skatteoppkrevjaren, og kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, brev etter stadleg kontroll og svarbrev frå skatteoppkrevjaren gje sin uttale til arbeid som er utført ved skattoppkrevjarfunksjonen.

**Konklusjon**

Kontrollrapporten frå Skatt Vest konkluderer med at Samnanger kommune totalt sett for 2018, og i det alt vesentlege, er i samsvar med gjeldande krav og regelverk. Kontrollutvalet merker seg at det er gjeve eit pålegg etter gjennomført stadleg kontroll hjå skatteoppkrevjaren, og att skatteoppkrevjaren harr etterkome pålegget innan fristen og sendt inn nye rutinar til skatteetaten. Det har elles vore gjennomført lite arbeidsgjevarkontrollar.

**Forslag til uttale:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at det er er gjeve eit pålegg etter den stadlege kontrollen hjå skatteoppkrevjaren men at dette pålegget er etterkome. Det har elles vore gjennomført lite arbeidsgjevarkontrollar.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018, og rapport frå stadleg kontroll 2018 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg
1 Årsrapport 2018 frå Skatteoppkrevjaren - Samnanger kommune
2 Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten - Samnanger kommune
3 Rapport frå stadleg kontroll hjå skatteoppkrevjaren i 2018 - Samnanger kommune
4 Svarbrev etter stadleg kontroll i 2018 - Samnanger kommune

Skatteoppkrever
Arbeidsgiverkontroll
Innfordring
Skatteregnskap

# Årsrapport

## Årsrapport for 2018

## Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune

**1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd** ..... 3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse ..... 3
1.2 Internkontroll ..... 4
1.3 Skatteutval ..... 4
1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen ..... 4

**2. Skatterekneskapen** ..... 4
2.1 Avlevering av skatterekneskapen ..... 4
2.2 Vurdering av skatteinngangen ..... 4
2.3 Margin ..... 5

**3. Innkrevjing av krav** ..... 6
3.1 Restanseutviklinga ..... 6
3.2 Innkrevjinga si effektivitet ..... 8
3.3 Særnamnskompetanse ..... 9

**4. Arbeidsgivarkontroll** ..... 9
4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen ..... 9
4.2 Planlagde og gjennomførde kontrollar ..... 9
4.3 Resultat frå kontrollane ..... 9
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten ..... 9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar ..... 10
4.6 Gjennomførte informasjons- og rettleiingstiltak ..... 10

# 1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

Skatteoppkrevjaren skal i samsvar med skatteoppkrevjarinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeida ein årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I samsvar med § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkrevjaren også utarbeide eit årsrekneskap som skal leggast ved årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle korleis oppgåvene skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgivarkontroll er tekne hand om ved skatteoppkrevjarkontoret.

## *1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse*

### Organisering

Samnanger kommune har retta førespurnad til Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger pga. manglande kapasitet.

Frå 01.09.2014 vart det oppretta avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad om skatteinnkrevjing i Samnanger.
I fylgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av instruksen for skatteoppkrevjaren.

Skatteavdelinga er administrativt underlagt økonomisjefen. Fagleg er avdelinga underlagt Skatt Vest avdeling innkrevjing.

### Ressursar

For 2018 er det 1,7 årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som blir nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen.

*Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område*

| | **Årsverk** | **%-andel fordelt** |
|---|---|---|
| Skatterekneskap | 0,2 | 11,77% |
| Innkrevjing | 0,8 | 47,06% |
| Arbeidsgivarkontroll | 0,5 | 29,41% |
| Administrative oppgåver | 0,2 | 11,76% |
| **SUM** | **1,7** | **100 %** |

### Vurdering av ressurssituasjon og kompetanse

Skatterekneskap: Kompetansen er tilfredstillande, men nye medarbeidarar må få tid og høve til opplæring Når det gjeld ressursar og kompetanse er det sårbart i samband med ferie og andre fråvær. I 2018 var det samarbeid med skatteoppkrevjaren i Voss kommune i samband med ferie.

Innkrevjing: Kompetansen er tilfredstillande, men nye medarbeidarar må få tid og høve til opplæring. Ressursar er pressa i samband med tyngre innkrevjing og utleggsforretningar for skattekrav som frå hausten 2010 vert haldne av skatteoppkrevjaren som særnamsmann. I skatteoppkrevjaren sitt fråvære vert det utført svært lite innkrevjingsarbeid.

Arbeidsgjevarkontroll: Det er skatteoppkrevjaren i Samnanger som avgjer kva og kven som skal kontrollerast, Kontrollar vert utført av Kemneren i Bergen v/Hordaland Kommunale Rekneskapskontroll. Kompetansen er god.

### 1.2 Internkontroll

Alle bilag i samband med endre/registrere krav vert attestert av to personar. I samband med godskriving av annen aktør vert ekstern dokumentasjon lagt med når dette føreligg, utskrift av skjermbilde og underteikna av to personar. Utbetalingar vert godkjent av to personar i SOFIE og vedlagt dokumentasjon. Godkjenning i bank vert utført av tilsette ved økonomikontoret. Det er fortida tre personar på økonomikontoret som har denne tilgangen.
Oppgåvene på kontoret vert utført forsvarleg og fylgjer lover og reglar. Resultatet for kontoret oppfyller dei krava som er sett. Rekneskapen er til kvar tid àjour på dei punkt som kontoret har styring på.

Det er oppretta eigne rutinebeskrivingar innanfor det enkelte arbeidsområde.

Det er oppretta rutine for månadlege og halvårlege rapportar som skal kontrollerast og signerast av den som utfører kontrollen

### 1.3 Skatteutval

Ikkje saker til skatteutvalet i 2018

### 1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen, jf. Rapport datert 19.03.2018.

Skatteoppkrevjarkontoret er gitt fylgjande pålegg:

4.1.1. Oppdatering av rutinar.

Tiltak: Rutinar er oppdatert og innsendt til skattekontoret innan fristen.

## 2. Skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren sitt arbeid med skatterekneskapen består av rekneskapsføring, rekneskapsavlevering, behandling av inn- og utbetalingar, krav, periodisk oppgjer og fordeling til skattekreditorane.

### 2.1 Avlevering av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren bekreftar at skatterekneskapen for 2018 er ført, avstemt og avlevert i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjar av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

### 2.2 Vurdering av skatteinngangen

Vedlagd årsrekneskap viser skatteinngangen for rekneskapsåret 2018.

### Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til førre rekneskapsår

| | | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| | Arbeidsgiveravgift | -27 309 736 | -25 330 904 |
| | Finansskatt lønn | -0 | -170 |
| | Kildeskatt mv – 100%stat | -36 051 | 0 |
| | Naturressursskatt | -5 428 501 | |
| | Personlige skatteytere | -197 972 004 | -199 921 458 |
| | Tvangsmulkt | -79 544 | -35 726 |
| | Upersonlege skattytarar | 65 495 | -11 967 991 |
| | Renter | -38 046 | -5 712 |
| | Innfordring | 80 686 | 6 117 |
| **Sum** | | **-230 717 701** | **-237 255 844** |

2018 syner skatterekneskapen at det er innbetalt totalt kr 230 717 701,- i skatt og avgift. Dette er ein nedgong i forhold til 2017 på kr 6 538 143,- som utgjer 2,76%

### Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Fordeling til skattekreditorar

| År | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Samnanger kommune | 65 455 178 | 66 650 894 |
| Hordaland fylke | 13 794 479 | 14 071 106 |
| Staten | 68 441 314 | 72 233 627 |
| Folketrygd – arbeidsgjevaravgift | 27 309 736 | 25 330 905 |
| Folketrygd - medlemsavgift | 61 149 419 | 58 972 798 |

For 2018 syner skatterekneskapen at det er fordelt skatt til Samnanger kommune med kr 65 455 178,- som er ein nedgong i høve til 2017 på kr 1 195 716,- som utgjer 1,79%.

Fordelingstal som vart nytta:

2017 Forskotspliktige 30,84 % Etterskotspliktige 38,60 %
2018 Forskotspliktige 30,96 % Etterskotspliktige 0,00 %

Frå 2018 er fordeling av naturressursskatten endra og av den grunn er det ikkje fordeling av etterskotspliktige.

## *2.3 Margin*

Ved kvart periodiske oppgjer i inntektsåret og dei seks fyrste månadane i året etter inntektsåret skal skatteoppkrevjar halde tilbake ein bestemt prosent av innbetalt forskotstrekk og forskotsskatt som margin. Marginen skal brukast til oppgjer med skattytarane som får til gode skatt ved avrekninga.

Tabellen under viser marginavsetjinga for inntektsåra 2017 og 2018.

| | per 31.10.2018 (inntektsåret 2017) | per 31.12.2018 (inntektsåret 2018) |
|---|---|---|
| Innestående margin | 3 186 920 | 17 866 608 |
| For mykje avsett margin | 3 186 918 | |
| For lite avsett margin | | |

| Prosentsats | 10% | 10% |
|---|---|---|

**Kommentar til marginavsetjinga**

Det er avsett kr 3 186 918,- for mykje i margin for inntektsåret 2017. Det var totalt avsett kr 20 625 677,- til margin i 2017. Avviket er ikkje så stort at ein anbefaler å endra marginprosenten.

# 3. Innkrevjing av krav

I samsvar med skatteoppkrevjarinstruksen § 4-3 skal innkrevjing setjast i gang utan unødig opphald etter forfall, og gjennomførast etter ein heilskapleg vurdering. Ved vurdering av innkrevjingstiltak skal skatteoppkrevjaren legge avgjerande vekt på tiltak som enkeltvis eller samla bidrar til at oppgjer kan skje hurtig og effektivt, samtidig som det overfor skyldnar blir vist det omsyn og den varsemd som forholda tillet.

## *3.1 Restanseutvikling*

**Totale restansar og berostilte krav**
Tabellen viser totale restansar og berostilte krav for 2018 og 2017, samt endring frå i fjor for restanse og berostilte krav.

| Skatteart | Restanse 31.12.2018 | Av dette berostilt restanse 31.12.2018 | Restanse 31.12.2017 | Av dette berostilt restanse 31.12.2017 | Endring i restanse<br>Reduksjon (-) Økning (+) | Endring i berostilt restanse<br>Reduksjon (-) Økning (+) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum restanse pr. skatteart** | 2 887 177 | 0 | 3 809 961 | 0 | -922 784 | 0 |
| Arbeidsgivaravgift | 94 305 | 0 | 250 671 | 0 | -156 366 | 0 |
| Artistskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Forseinkingsrenter | 191 173 | 0 | 108 037 | 0 | +83 136 | 0 |
| Forskotsskatt | 0 | 0 | 94 577 | 0 | -94 577 | 0 |
| Forskotssskatt person | 1 050 422 | 0 | 1 260 980 | 0 | -210 558 | 0 |
| Forskotstrekk | 342 774 | 0 | 493 874 | 0 | -151 100 | 0 |
| Gebyr | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Innkrevjingsinntekter | 47 292 | 0 | 46 985 | 0 | +307 | 0 |
| Inntekt av summarisk fellesoppgjer | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjeldeskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Restskatt | 35 293 | 0 | 200 579 | 0 | -165 286 | 0 |
| Restskatt person | 996 585 | 0 | 1 256 686 | 0 | -260 101 | 0 |
| Tvangsmulkt | 129 333 | 0 | 97 572 | 0 | +31 761 | 0 |
| **Sum restanse diverse krav** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Diverse krav | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav** | 2 887 177 | 0 | 3 809 961 | 0 | -922 784 | 0 |

**Kommentar til restansesituasjonen og utvikling i restansane**

Samla restanse har ein nedgong på kr 922 784,- frå 31.12.2017 til 31.12.2018 som utgjer 24,22%

Berostilte krav er uendra frå 31.12.2017 til 31.12.2018.

Avskreve i 2018 kr 539 893,- for 2 skattytarar som vedkjem konkurs.

Ettergjeve i 2018 kr 0,00

Person:
Utlikna skatt for 2016 kr 198 705 094 ,-
Utlikna skatt for 2017 kr 195 368 973
Nedgong i utlikna skatt utgjer 1,68 %

Upersonleg:
Utlikna skatt for 2016 kr 11 471 646,-
Utlikna skatt for 2017 kr 5 864 691,-
Nedgong i utlikna skatt utgjer 48,88%

Det er 31 personlege skattytarar som skulda til saman kr 2 309 105,- og 3 upersonlege skattytarar som skuldar kr 578 073,-. Totalt for 34 skattytarar kr 2 887 177,-. Av dette er kr 536 505,- krav i konkursbu, kr 207 697,- under gjeldsordning og skattytar med opphald i utland kr 211 879,- som det er sendt bistandsbegjæring for innkrevjing i utland.

**Restansar eldre år**

Tabellen viser totale restansar eldre år og restansane på restskatt person for dei same åra.

| Inntektsår | Sum restanse (debet) | Av dette skatteart "Restskatt – person" |
|---|---|---|
| 2016 | 676 089 | 267 097 |
| 2015 | 31 133 | 22 726 |
| 2014 | 112 403 | 842 |
| 2013 – 1999 | 759 571 | --------------------------------- |

**Kommentarar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år**

Tal på krav som var forelda pr. 31.12.2018: 4
Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2018: kr 50 095,-

Krava er ikkje forelda då dei er med i ikkje avslutta konkurs, Dei vert forelda etter at konkurs er avslutta.

Skatteoppkrevjar har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2018.

2016: Krav i ikkje avslutta konkurs kr 197 302 ,- og stadfesta GOL kr 1 742,-. Gjennomført utleggsforretning for kr 602 689,- der nokre av skatteytatane vert vurdert for konkurs.

2015: Restanse består av ein del krav som kan vera vanskelege å få dekka. Krav i gjeldsording kr 10 487,-

2014: Krav i konkurs kr 54 885,- Forresten av krava er det for tida ikkje grunnlag for innkrevjing på grunn av krav til andre med bedre prioritet med meir..

Eldre år:
Gjeldsordning kr 188 383 ,-
Utvandra skattytarar kr 211 879,-. Som er til innkrevjing i utland.
Konkurs kr 138 085,-
Krav med bedre prioritet kr 107 968,-

### *3.2 Innkrevjinga si effektivitet*

**Vurdering av resultat pr. 31.12.2018**

| Skatteart | Resultat pr 31.12.2018 | Krav |
|---|---|---|
| **Restskatt personlege skattytarar 2016** | **96,7 %** | **95,6 %** |
| **Forskotstrekk 2017** | **99,6 %** | **99,9 %** |
| **Utskreven forskotsskatt for personlege skattytarar 2017** | **96,1 %** | **99,0 %** |
| **Utskreven forskotsskatt for upersonlege skattytarar 2017** | **100 %** | **99,8 %** |
| **Restskatt for upersonlege skattytarar 2016** | **100 %** | **99,0 %** |
| **Arbeidsgjevaravgift 2017** | **99,7 %** | **99,8 %** |

Forskotstrekk 2017: Heile restansen gjeld eit firma som er konkurs. Det er sendt anmeldelse til politiet med ansvarskrav.

Forskotsskatt 2017: Restanse gjeld 2 skattytarar der innkrevjing pågår.

**Vurdering av samanhengen mellom aktivitet og resultat**

Det er utført 772 aktivitetar mot 201 debitorar i 2018

Dette førte til at det var gjenomfør :
Anmelding - 1
Betalingsordning – 1
Bistand utland – 1
Erklæring om motrekning – 3
Nekta godskriving av forskotstrekk – 1
Utleggsforretning – Utførte utleggsforretningar – 8 Ikkje noko til utlegg 3, med utlegg 5
Utleggstrekk – varsel 18 – pålegg om trekk 7

Skatteoppkrevjar **sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innfordringa er å starta innkrevjinga tidlegast mogeleg.**

DTI strategi vert utført snarast råd når det gjeld utlegg og vurdering

**Omtale av spesielle forhold**

Ein stor del av restansen pr 31.12.18 består av krav i konkursar, gjeldsordning og skattytarar som er reist frå landet.

### 3.3 Særnamnskompetanse

Frå hausten 2010 har skatteoppkrevjaren i Kvam nytta særnamskompetanse. Dette har ført til snarare gjennomføring av utlegg og betre oppfylging av DTI strategiar.

For Samnanger er det i 2018 utsendt 11 varsel etter § 7-10. Det vart gjennomført 8 utleggsforretningar som førte til 5 tinglyste utlegg og 3 forretningar med ikkje noko teneleg til utlegg.

Det vart sendt 18 varsel om utleggstrekk som førte til 7 pålegg om trekk.

## 4. Arbeidsgivarkontroll

### 4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen

Kvam herad har avtale med Kemneren i Bergen v/Hordaland Kommunale Rekneskapskontroll om kontrollarbeid. Det er skatteoppkrevjarkontoret som avgjer kva arbeidsgjevarar som skal kontrollerast

### 4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal på planlagde kontroller for 2018 var 3. Dette utgjer 5,45% av totalt tal på opplysningspliktige i kommunen.

Tal på gjennomførte kontrollar i 2018 var 1. Dette utgjer 1,8 % av totalt tal opplysningspliktige i kommunen.

Tal på gjennomførte kontrollar i 2017 var 4

### 4.3 Resultat frå kontrollene

I samband med kontrollar i 2018 er det oppdaga feil hjå 1 arbeidsgjevarar som er sendt over til Skatt Vest for fastsetjing av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlag på kr 689 106,- og trekkansvar kr 231 106.
Det er sendt anmeldelse til politiet på grunnlag av rapporten.

### 4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Det var planlagt 3 kontrollar i 2018.

Kravet om at 5% av arbeidsgjevarane skal kontollerast kvart år er ikkje nådd i 2018.
Kravet om 50% avdekking er ikkje oppnådd.
Grunnen til av kravet for antall kontrollar i 2018 ikkje vart nådd er at ette at skatteoppkrevjar hadde beslutta gjennomføring av 3 kontrollar i Samnanger kom det melding frå sentralt hald om at det skulle gjennomførast kunnskapskontrollar. Kontrollobjekta vart fast sett sentralt, men arbeidsgjevarar i Samnanger var ikkje med i grunnlaget for kunnskapskontrollar. Skatteoppkrevjaren velde å få gjennomført dei kontrollane som var starta for Samnanger og Kvam og deretter gjennomføra kunnskapskontrollar.

Dette førte til at det samla for Samnanger og Kvam vart utført 20 kontrollar som utgjer 5,21%

Om kravet på 50% avdekking skal nåast må det til eit samarbeid mellom skatteoppkrevjar, skattekontoet og kemneren i Bergen. Dette kan føra til meir arbeid med kvar kontroll og det kan verta vanskeleg å nå målet om at 5% av arbeidsgjevarane skal kontrollerast.

Kemneren i Bergen v/Hordaland kommunale Rekneskapskontroll utfører alle kontrollar frå 01.01.2016.

### 4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Kontoret har ikkje delteke i felles aksjonar med skattekontoret.

### 4.6 Gjennomførte informasjons- og rettleiingstiltak

Det er ikkje gjennomført organisert informasjon til nye arbeidsgjevarar i 2018

**Stad/dato: Norheimsund 17.01.2019**

**Skatteoppkrevjaren sin signatur**

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2018
Vedlegg til årsrekneskapen

# Årsregnskap - Samnanger kommune

## 2018

***Utvalgskriterier:***

| Kommunenr | År | Hovedbokstype |
|---|---|---|
| 1242 | 2018 | K |

| Nivå 1 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Likvider | 18 268 939 | 18 107 477 |
| Skyldig skattekreditorene | -401 539 | -606 824 |
| Skyldig andre | -789 | -400 |
| Innestående margin | -17 866 608 | -17 500 250 |
| Udisponert resultat | -3 | -3 |
| Sum | 0 | 0 |
| Arbeidsgiveravgift | -27 309 736 | -25 330 904 |
| Finansskatt lønn | 0 | -170 |
| Kildeskatt mv - 100% stat | -36 051 | 0 |
| Naturressursskatt | -5 428 501 | 0 |
| Personlige skatteytere | -197 972 004 | -199 921 458 |
| Tvangsmulkt | -79 544 | -35 726 |
| Upersonlige skatteytere | 65 495 | -11 967 991 |
| Renter | -38 046 | -5 712 |
| Innfordring | 80 686 | 6 117 |
| Sum | -230 717 701 | -237 255 844 |
| Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift | 27 309 736 | 25 330 905 |
| Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift | 61 149 420 | 58 972 798 |
| Fordelt til Fylkeskommunen | 13 794 478 | 14 071 106 |
| Fordelt til Staten | 68 441 334 | 72 233 627 |
| Fordelt til kommunen | 65 455 178 | 66 650 894 |
| Krav som er ufordelt | 0 | -1 |
| Videresending plassering mellom kommuner | -5 432 446 | -3 485 |
| Sum | 230 717 700 | 237 255 844 |
| Sum totalt | -1 | |

Årsregnskap -kommune - sammendrag — **Side** 1 av 1

Norheimsund 31.12.2018/17.01.2019

Steinar Vik
skatteoppkrevjar

# Vedlegg til årsregnskapet for 2018

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

## Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene pga mangelfull informasjon fra den som innbetaler.

- **Innestående margin**

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal det holdes tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal nyttes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, finansskatt, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, tvangmulkt samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene i henhold til gjeldende fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Videresending plassering mellom kommuner**

Dette gjelder innbetalinger i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap.

Skatteetaten


| Datoen vår | Datoen din/dykkar | Sakshandsamar |
|---|---|---|
| 05.02.2019 | | Oddmund Midtbø |
| 800 80 000 | Referansen din/dykkar | Telefon |
| Skatteetaten.no | | 99166232 |
| Org.nr | Referansen vår | Postadresse |
| 974761076 | 2019/5253155 | Postboks 9200 Grønland<br>0134 OSLO |


Kommunestyret i Samnanger kommune
Tyssevegen 2017
5650 TYSSE

# Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune

## 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2018.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfylgjing av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

## 2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarkontoret omfattar kommunane Kvam herad og Samnanger kommune.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

| Tal årsverk 2018 | Tal årsverk 2017 | Tal årsverk 2016 |
|---|---|---|
| 1,7* | 1,7* | 1,0 |

* Sum årsverk 2017 og 2018 gjeld felles for begge kommunane i samarbeidet.

## 3. Måloppnåing

**Skatte- og avgiftsinngang**

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2018 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang[1] til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidaresending plassering mellom kommunar på kr 230 717 701 og uteståande restansar[2] på kr 2 887 177.

**Innkrevjingsresultat**
Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Samnanger kommune.

| | Resultatkrav 2018 (i %) | Innbetalt av sum krav 2018 (i %) | Innbetalt av sum krav 2017 (i %) | Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %) |
|---|---|---|---|---|
| Restskatt personlege skattytarar 2016 | 95,6 | 96,7 | 94,8 | 96,7 |
| Forskotstrekk 2017 | 99,9 | 99,6 | 99,4 | 100,0 |
| Forskottsskatt personlege skattytarar 2017 | 99,0 | 96,1 | 94,9 | 99,6 |
| Forskottsskatt upersonlege skattytarar 2017 | 99,8 | 100,0 | 99,2 | 99,2 |
| Restskatt upersonlege skattytarar 2016 | 99,0 | 100,0 | 94,0 | 97,3 |
| Arbeidsgjevaravgift 2017 | 99,8 | 99,7 | 99,5 | 99,9 |

**Resultat for arbeidsgjevarkontrollen**
Skatteoppkrevjaren kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Hordaland kommunale rekneskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

| Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga | Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane) | Tal utførte kontrollar i 2018 | Utførte kontrollar 2018 (i %) | Utførte kontrollar 2017 (i %) | Utført kontroll 2018 region (i %) |
|---|---|---|---|---|---|
| 55 | 3 | 1 | 1,8 % | 7,3 % | 4,6 % |

## 4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skattoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skattekontoret har i 2018 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing den 14 og 15.03.18. Rapport er send skatteoppkrevjaren 19.03.18. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 17.04.18.

[1] Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

[2] Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

**Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**
Som eit resultat av kontrollane som skattekontoret har gjennomført, har vi gitt følgjande pålegg:

Oppdatere kontoret sine interne rutinar. Skatteoppkrevjar har etterkome pålegget og sendt inn nye rutinar innan frist som vart sett.

Utover gjevne pålegg ser vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

**Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen**
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

**Skatte- og avgiftsinnkrevjing**
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

**Arbeidsgjevarkontroll**
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
Skatteetaten

Oddmund Midtbø

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølgjing av skatteopppkrevjarene rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skattereknskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune
Kontrollutvalet for Samnanger kommune
Rådmann/administrasjonssjef i Samnanger kommune
Riksrevisjonen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.*

Skatteetaten

| Datoen vår | Datoen din | Sakshandsamar |
|---|---|---|
| 19.03.2018 | | Oddmund Midtbø |
| 800 80 000 | Referansen din | Telefon |
| Skatteetaten.no | | 99166232 |
| Org.nr | Referansen vår | Postadresse |
| 991733108 | 2018/83750 | Njøsavegen 2<br>6863 Leikanger |

SKATTEOPPKREVEREN I KVAM KOMMUNE
RÅDHUSET
5600 NORHEIMSUND

# Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen for Kvam Herad og Samnanger kommune 2018

Vi viser til vårt kontrollbesøk 14 og 15. mars 2018 utført av Oddmund Midtbø frå Skatt vest. Til stades frå skatteoppkrevjarkontoret var skatteoppkrevjar Steinar Vik. Kontoret var varsla om kontrollbesøket i telefonsamtale med Steinar Vik 12. mars 2018.

Vår kontroll byggjer på *Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverkontorene*, fastsett av Skattedirektoratet 1. februar 2011. Instruksen gjeld skattekontora sin kontroll av skatteoppkrevjarkontora sine oppgåver knytt til føring av skatterekneskapen, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll etter lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (Skattebetalingsloven).

Føremålet med instruksen er å sikre at det vert gjennomført kontrollaktivitet som avklarar om den faglege utføringa av oppgåvene ved skatteoppkrevjarkontoret følgjer lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Instruksen skal og sikre at skatteoppkrevjarane vert gjevne pålegg der den faglege utføringa ikkje er tilfredsstillande, og at pålegg og tilrådingar vert følgde opp.

## 1 Omfang og føremål med kontrollen

Kontrollen har omfatta følgjande hovudområder:

- internkontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret
- skatterekneskapen
- innkrevjingsarbeidet

Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalde områder innanfor det einskilde hovudområdet.

## 2 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå kontorkontrollar

Det er tidlegare avklart at pålegg og tilrådingar som er gjevne ved gjennomførte kontorkontrollar er gjeve tilfredsstillande tilbakemelding på frå skatteoppkrevjar. Det har ikkje vore mogeleg å få verifisert tilbakemeldinga då det ikkje er nye saker på dei områda er pålegga gjaldt å kontrollere.

## 3 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå tidlegare kontrollar
Det vart ikkje gjeve pålegg til oppfølging ved siste stadlege kontroll i 2016.

## 4 Pålegg og tilrådingar som følgje av denne stadlege kontrollen

### 4.1 Pålegg
